

**PLANOMTALE MED  
KUNNSKAPSGRUNNLAG**  
KOMMUNEPLAN FOR HÅ 2024-2036  
JUNI 2024

# Innhold

Innhold.....	2
1 Innleiing.....	4
2 Samla verknader av arealendringane .....	4
2.1 Nasjonale og regionale mål og føringar.....	5
2.2 Kommunale mål og strategiar (arealstrategi).....	7
2.3 Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov .....	8
2.4 Mobilitet og transport.....	8
2.5 Teknisk infrastruktur .....	9
2.6 Kriminalitetsforebygging .....	9
2.7 Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse .....	9
2.8 Naturmangfald .....	10
2.9 Landskap.....	10
2.10 Kulturmiljø .....	11
2.11 Bygde- og friluftsliv .....	11
2.12 Forureining .....	11
2.13 Jord- og mineralressursar (jordvern) .....	12
3 Omtale av områda som vert endra og deira verknad .....	13
3.1 Endringar på Nærbø.....	14
3.2 Endringar på Varhaug .....	92
3.3 Endringar på Vigrestad.....	127
3.4 Endringar i Stokkalandsmarka.....	147
3.5 Endringar på Brusand.....	159
3.6 Endringar på Oгна .....	186
3.7 Endringar på Sirevåg.....	200
3.8 Endringar på hovudkartet .....	232
3.9 Andre endringar.....	341
4 Korleis er verknader vurdert i planarbeidet? .....	343
4.1 Kva tema er vurderte og korleis dei er grupperte.....	344
4.2 Kort om framgangsmåte for konsekvensutgreiing for samfunns- og miljøtema	349
4.3 Kort om framgangsmåte for risiko- og sårbarheitsanalyse av	
samfunnstryggleiktemaa .....	352
5 Planprosessen .....	353
5.1 Politiske avklaringssaker og forarbeid .....	353

5.2	Medverknad.....	354
6	Langsiktig arealstrategi .....	355
6.1	Vern av jord og natur (jordvernmål).....	355
6.2	Evaluering av ubygde område.....	360
6.3	Næringsbehov .....	361
7	Arealtabellar.....	362
7.1	Arealstatus per november 2020 av areala frå førre kommuneplan som vart vedteken i 2014 .....	362

# 1 Innleiing

I dette dokumentet er endringar i arealdelen med konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse omtalt. Først er samla verknader av alle endringane i kommuneplanens arealdel omtalt. Deretter kjem omtale om kvart område og deira verknad. Kva metodar me har nytta og kva konsekvens- og risikograder me har nytta, er omtalt på seinare i dokumentet.

Arbeidet med denne kommuneplanen byrja i 2020. Eit første utkast til kommuneplan for perioden 2024 - 2036 var ute på høyring og offentleg ettersyn med høyringsfrist tidleg i 2023. Justerte utkast til ny kommuneplan var sidan ute på to avgrensa høyringar hausten 2023 og våren 2024. Kommuneplanen vart eigengodkjent av kommunestyret den 20. juni 2024 i sak 65/24.

## 2 Samla verknader av arealendringane

Dei fleste arealendringane i denne kommuneplanen har ubetydelege konsekvensar for samfunnsverdiar, samfunnstryggleik og miljøverdiar. Fleire av endringane vil ha positive konsekvensar for fleire konsekvensutgreiingstema. I fleire av endringane er dei eventuelle negative verknadane som regel relativt små og det finst avbøtande tiltak for å handtera desse. Noko som er sikra gjennom føresegnene i denne kommuneplanen og anna lovverk.

Hovudsakleg er det nye nærings- og råstoffutvinningsområde som gjev større negative verknadar for samfunnsverdiar, samfunnstryggleik og miljøverdiar. Sjølv om konsekvensane frå desse er negative, vil avbøtande tiltak bidra til at dei negative konsekvensane vert reduserte. Då desse områda har stort omfang har konsekvensane frå desse områda vorte vektlagde i den samla vurderinga av verknadane. Likevel må det nemnast at desse områda òg har positive verknadar då dei bidreg til meir næringsutvikling i kommunen i tråd med arealstrategien og lokalt tilgjengelege byggeråstoff.

Hå kommune sitt jordvernmål omfattar både jord og natur og er knytt til LNFR-formålet. Jordvernmålet fungerer slik som eit styringssignal til arealdelen og sikrar minst mogleg nedbygging av både natur- og landbruksareal. Sjølv om arealdelen då kjem noko i strid med lokalt jordvernmål, er likevel andelen omdisponert landbruksjord i tråd med nasjonalt jordvernmål, som kun er basert på nedbygging av landbruksjord.

## 2.1 NASJONALE OG REGIONALE MÅL OG FØRINGAR

### Nokre av dei viktigaste overordna føringane er:

Dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 legg vekt på fire store utfordringar:

1. å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
2. å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom blant anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
3. å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
4. å skapa eit trygt samfunn for alle

For å ta tak i desse utfordringane er det bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vera det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid.

Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke desse delmåla:

- Enklare kvardag, handler om å leggga til rette for effektive miljøvennlege reiser og fremja kvardagsaktivitet
- Konkurranseskraft, handler om rett verksemd på rett stad
- Livskraftige nabolag, handler om gode nærmiljø og nabolag med kort avstand til daglege gjeremål
- Levande sentrumsområde, handlar om å leggga til rette for attraktive sentrumsområde
- Varige naturressursar, handler om å bekjempe klimaendringane, styrka naturmangfoldet og redusera nedbygging av jord
- Regionalt samarbeid, handler om nettverksbygging og samabeid for å styrka gjennomføringsevna og handlingskrafta i regionen.

Nasjonalt jordvernmål er at «årlig omdisponering av dyrka jord skal være redusert til 3 000 dekar innen 2025.» Hensikta med å fastsetja jordvernmålet er å begrensa nedbygginga av jordbruksareal. I regionalplanen for Jæren og Søre Ryfylke er det fleire jordvernmål og det er forventa at kommunane sett eigne jordvernmål i kommuneplanane sine.

Forslaget i arealdelen støtter på mange måtar opp om dei nasjonale forventningane (vedtekne i 2019) og om måla i regionalplan Jæren og Søre Ryfylke (vedteken i 2020) om enklare kvardag, konkurranseskraft, livskraftige nabolag, levande sentrumsområde og varige naturressursar. Innanfor tettstadane støttar fleire av endringane opp om kompakt areal- og transportplanlegging.

Bustadbygging vert lagt på område som tidlegare er brukt til tenesteyting og næring som gir fortetting og er med på å styrke sentrum i stasjonsbyane. Fleire av andre endringar skjer òg innanfor allereie bygde område.

Nye krav til uteopphaldsareal bidreg til heilskapleg planlegging av tettstaden, å dekkja enkeltprosjekta sine eigne behov og å skapa gode sentrums- og bustadmiljø. Krava baserer seg på ny kunnskap om barn og unge sine behov henta frå ulike

medverknadsprosjekt. På denne måten vert nasjonale mål for barn og unge sine oppvekstmiljø oppfulgte.

Forslaget legg opp til redusert nedbygging av landbruksområde samanlikna med førre kommuneplan. Likevel vert det gjort endringar som strir med nasjonalt jordvernmål då tettstadane vert utvida i landbruksområde med hovudsakleg nye næringsområde. Eit estimat visar at alle arealendringane vil føra til om lag 29 dekar årleg gjennomsnittleg omdisponering av landbruksjord ut planperioden (område sendt til meking er ikkje inkludert). Estimata visar at kommuneplanforslaget dermed kjem innafor nasjonalt jordvernmål.

Utanfor tettstadane kjem føreslegne utvidingar av nærings- og råstoffutvinningsområde òg i konflikt med nasjonalt jordvernmål. Men utvidinga av Kviamarka vil og gje positive verknader då det er eit regionalt viktig næringsområde for næringsmiddelindustri. Kviamarka vil kunna få fleire synergieffektar med Grødalaland når biogassanlegget vert etablert.

Samferdselstiltak som utviding av gang- og sykkelvegnettverket gir òg noko negative verknader, men kjem ikkje i vesentleg konflikt med miljøverdiar.

Råstoffutvinningsområde har positive verknader for samfunnet då lokale uttak bidreg til kort transportavstand for byggeråstoff og dermed mindre klimautslepp. Mineraluttak har lang tidshorisont, og det er behov for forutsigbarhet knyta til investeringar, uttak og opprydding. Det vil difor vera positivt å satsa på nokre langsiktige masseuttak der langtidsverknad på miljøverdiar er minst mogleg. Njølstad har minst negative verknader på miljøverdiar som natur, landskap, friluftsliv og landbruk. Råstoffutvinningsområda på Friestad og Kinnarvåg har noko meir negative miljømessige konsekvensar. Kinnarvåg er regulert og masseuttaket er planlagt saman med bygging av ny fylkesveg 44.

Innanfor tettstadane er konsekvensane av endringane ubetydelege – noko negativ verknad.

Utanfor tettstadane er samla verknad stor – svært stor negativ konsekvens. Dette skyldast i stor grad omfanget av råstoffutvinningsområda og at desse ligg svært spreidd. Omfanget av Kviamarka og Grødalaland næringsområde har òg negative verknader, men desse områda har stor samfunnsnytte då dei bidreg til fleire arbeidsplassar, auka landbruksproduksjon, matsikkerheit, og vil kunna bidra til utfordringar med spreieareal for gjødsel. Slik at sjølv om desse næringsområda bygg ned matjord, vil dei i det store bilete kunna auka landbruksproduksjonen for Hå og regionen.

## 2.2 KOMMUNALE MÅL OG STRATEGIAR (AREALSTRATEGI)

<p><b>Kommunale målsettingar:</b></p> <p>Satsingsområda for Hå kommune er baserte på FN sine berekraftsmål:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Berekraftig matproduksjon</li> <li>• God helse</li> <li>• God utdanning</li> <li>• Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling</li> <li>• Berekraftige stasjonsbyar og tettstader</li> <li>• Handling mot klimaendring</li> <li>• Me løfter i lag</li> </ul> <p>Til kvart av desse er det vedteke hovudmål, delmål og strategiar.</p> <p>Kommuneplanen sin arealstrategi har sju fokusområde:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Vern av jord og natur</li> <li>• Sentrum</li> <li>• Miljøvennleg transport</li> <li>• Næring</li> <li>• Friluftsliv og grøntstruktur</li> <li>• Turisme og reiseliv</li> <li>• Råstoffutvinning</li> </ul> <p>Arealstrategien bygger på tidlegare strategi, dei nye satsingsområda og forventningar frå overordna myndigheiter.</p>
---

Innanfor tettstadane vert det gjort endringar i arealdelen som støttar opp om fleire av strategiane i satsingsområda og den langsiktige arealstrategien.

Det har vore naudsynt å vekta ulike interesser som til dømes matproduksjon og vern av jord opp mot kvarandre. Utvidingane av Kviamarka og Grødaland næringsområde bidreg til å støtta landbruksnæringa og auka matproduksjonen. Samstundes krev dette nedbygging av landbruksjord. På same måten har behovet for råstoff til byggeindustrien vorte prioritert til fordel for naturverdiar, for å lokal tilgang og unngå transport og større klimagassutslepp.

Arealdelen støttar opp om bygging av bustader og tenestetilbod innanfor tettstadane og nær sentrum. Det er satt krav til bustad- og sentrumsområde slik at desse vert gode bumiljø, levande og attraktive.

Arealdelen bygger på lokalt jordvernmål som skal styra kor mykje LNFR-areal som skal omdisponerast framover. Kommunalt jordvernmål legg ei føring for maksimal omdisponering på under 30 dekar årleg i gjennomsnitt for perioden. Det vil seie at kommuneplankartet ikkje skal visa meir enn 480 dekar omdisponerte LNFR-areal. Forslaget viser om lag 430 dekar omdisponerte LNFR-areal til utbyggingsformål (areal sendt til mekling er ikkje med i talet). Dvs. at planen er i tråd med lokalt

jordvernmål.

Både arealdelen sine føresegner og endringar i kartet med blant anna omsynsoner for grønne akser bidreg til samanhengande grøntstrukturar som bind saman viktige målpunkt.

Det er lagt inn noko fritidsbustader og liknande. Eksisterande fritidsbustadareal og liknande kan vidareutviklast. Dei fleste finst sør i kommunen. Endringar i Oгна og Sirevåg vil òg støtta opp om slik verksemd.

Samla vurdering er at dei fleste arealformålsendringane i kartet er i tråd med langsiktig arealstrategi, spesielt innanfor tettstadane. Men då fleire av nye utbyggingsområde, spesielt utanfor tettstadane, kjem på tidlegare LNFR-formål, strir desse med langsiktig arealstrategi. Likevel opnar arealstrategien for at opptil 480 dekar LNFR-føremål skal kunna omdisponerast til utbyggingsføremål i perioden fram til 2036. Då forslaget visar 430 dekar omdisponerte LNFR-område er konsekvensen noko negativ. Råstoffutvinningsområda vil òg ha konsekvensar, men desse vert rekna som mellombels i arealstrategien.

## 2.3 BEFOLKNINGSUTVIKLING, HELSE OG TENESTEBEHOV

Områda som vert endra til bustad, vil ikkje utgjere noko utfordring for kapasiteten til tenesteyting og offentlege tenester kvar for seg. Men samla sett vil det kunne vera det. Det vil avhenge av storleiken på bustadprosjekta og alderssamansetninga til dei som bur der. Viss fortettinga gjev meir attraktive bustadområde, vil det òg gjera stasjonsbyane meir attraktive.

Samla vurdering er at kommunen har god kapasitet på sosial infrastruktur og framtidige område til dette, for å kunna handtera dei samla verknadane av endringane. Samla verknader er derfor vurdert som ingen – noko positiv konsekvens. Sosial infrastruktur vart fortløpande vurdert i eigne planar, som barnehagebruksplan, skulebruksplan, eldreplan, mv.

## 2.4 MOBILITET OG TRANSPORT

Fortetting og meir kompakte stasjonsbyar vil gi mindre behov for biltransport for dei som bur der. Vedtekne sentrumsplanar for Nærbø og Varhaug legg opp til dette. Dei fleste formålsendringane passer med forventta tilgang på kollektivtilbod og har kort avstand til kollektivtransport. I tillegg er det sett av areal til fleire nye gang- og sykkelveggar. Det er i dei seinare åra blitt lagt til rette for bysykkelordning i heile kommunen. Dette gjer det lettare for dei som ikkje brukar bil å ta seg fram på ein trygg måte.

Fleire av endringane av føremål vil krevje regulering av trafikktilhøve. Det gjeld brannstasjonstomta og ved fleire av endringane til arealformålet bustad.

Ut frå ei heilskapleg vurdering er vil endringane i arealdelen gje ein positiv konsekvens for mobilitet og transport.

## 2.5 TEKNISK INFRASTRUKTUR

Der endringa av formålet ikkje inneber noko endring av bruken av området, vil det ikkje vera noko spesielt behov for investeringar i ny infrastruktur. I alle formålsendringane der bruken av området òg er endra, kan det vera snakk om betydelege investeringar. Spesielt ved dei nye næringsareala, ny skule på Vigrestad og ved nye bustadområde.

Samla investeringskostnader gir middels negativ konsekvens.

## 2.6 KRIMINALITETSFOREBYGGING

Det er mange ulike faktorar som ligg bak kriminaliteten i samfunnet. Men det kan vera nærliggande å tru at gode og trygge oppvekst- og bustadmiljø er med på å forebygga kriminalitet. Endringar til arealføremål som er med på å gi eit opnare og tryggare sentrum der innbyggerane vil opphalde seg, vil kunne vera forebyggjande. På same måte kan gang- og sykkelveggar opplevast meir trygge viss dei er synlege av andre trafikanter og frå omgjevnadane rundt.

God næringsutvikling gir fleire arbeidsplassar noko som vil bidra til stabilitet. Utbygging av offentlege tenester som i Klokkartunet, vil òg bidra positivt.

## 2.7 SAMFUNNSTRYGGLEIK, RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE

Samfunnstryggleiken og vurderinga av kva risiko ei uønska hending har heng saman med kva området skal nyttast til.

Dei fleste arealendringane har låg risiko for uønska hendingar og påfølgjande konsekvenser for liv og helse, stabilitet (samfunnskritiske tenester), og materielle verdiar som kan skje som følgja av naturfare eller store ulykker, eller som kan råka kritiske samfunnsfunksjonar eller forekomma hjå eller på grunn av ei verksemd (verksemdsrisiko).

Det er arealendringar på område er utsette for flaum eller ligg i middels fare for marin leire. Desse vert vurdert å ha middels risiko. I slike høve vil krav i føresegnene sikra at naudsynte undersøkingar, utgreiingar og tiltak vert gjennomførte for å ta omsyn til samfunnstryggleiken.

Brusand, Oгна og indre vågen i Sirevåg ligg sterkt utsette for flaum, overvatn, stormflo og/eller marin leire med vidare. Delar av utvidinga av næringsområdet i Stokkalandsmarka ligg òg i aktsemdssone for flaum og er svært utsett. Det er derfor høg risiko med å bygga ut i desse områda. Her er vil òg krav i føresegnene handdtera samfunnstryggleiken. Men tiltaka vil vera vesentleg meir omfattande enn område med middels risiko.

Arealendringar som omhandlar næringsområde eller kritiske samfunnsfunksjonar som til dømes helseinstitusjonar kan vera utsette for store ulykker og andre verksemdsulykker (brann/eksplosjon/mv.), eller bortgang av kommunikasjons- og infrastruktur. Slike verksemdar forutset me har eigne beredskapsplanar og interne tiltak for å handtera og motverka slike hendingar. Elles vil risiko for trafikkulykke kunna følgast opp i reguleringsplan med tiltak som bidreg til auka trafikktryggleik. Det er òg fleire andre regelverk som krev tiltak ved til uønska hendingar som til dømes forureining.

I faresoner for ras, skred, flaum og stormflo er det hovudsakleg krav om fagleg utgreiing i plan eller seinast ved byggesøknad. Tiltak innanfor tryggleiksklasse F1 i faresone for stormflo (H320\_stormflo) er unnateke. Dette unnataket skuldast at slike bygg har lite personopphald og små økonomiske eller andre samfunnsmessige konsekvensar.

Samla vurdering er at samfunnstryggleiken vert tilstrekkeleg handtert gjennom kommuneplanen, anna gjeldande lovverk, eigne beredskapsplaner og interne system, samt kommunens heilskaplege ROS-analyse.

## 2.8 NATURMANGFALD

Dei fleste endringane innanfor tettstadane vil ikkje råka naturmangfaldet då dette er allereie bygde område. Det er òg nokre endringar utanfor tettstadane som allereie er tekne i bruk, som òg har ubetydeleg konsekvens.

I Sirevåg vil endringane i indre vågen og utvidingane på Skoga næringsområde råka naturmangfaldverdiar negativt.

Føreslegne nye næringsområde vil råka naturmangfaldet noko negativt. Men det er spesielt fleire av dei føreslegne nye råstoffutvinningsområda som har negativ verknader på naturmangfaldet.. Medan utvdinga på Njølstad har minst verknader for naturverdiar.

Samla verknader er stor negativ konsekvens, spesielt som følgja av det store omfanget til spreidde råstoffutvinningsområde. Føreslegne utvidingar av næringsområda Kviamarka og Grødaland bidreg òg til denne konsekvensgraden, men vil likevel ikkje ha så omfattande verknad som råstoffutvinningsområda og energianlegget.

## 2.9 LANDSKAP

Fleire av endringane skjer innanfor tettstadane. Der formålsendringane inneber transformasjon vil føresegnene sikra at nye bygg vert tilpassa omgjevnadane og at arkitekturen kan verta god.

Utanfor tettstadane og der nye nærings- og utbyggingsområde kjem i ytterkant av tettstadane, vil desse kunna råka landbrukskarakteren fleire stader og koma nær

viktige landskapsområde. Likevel vil spesielt utvidinga på Grødaland næringsområde råka direkte eller koma nær viktige og/eller verna landskapsområde.

Samla førar desse direkte inngrepa til noko negativ – middels negativ konsekvens på landskapsverdiar i Hå.

## 2.10 KULTURMILJØ

I planen er det lagt inn fleire kulturmiljøsone (omsynssone H570) for bygde anlegg, krigsminner, ferdselsrelaterte anlegg med vidare. Dei nye føresegnene bidreg òg til å styrka forvaltning av kulturmiljø og kulturminner i kommunen. Føresegnene opnar òg for vidare bruk og utviding av desse verdiane.

Fleire nye utbyggingsområde skjer truleg der det er lågt potensiale for funn av automatisk freda kulturminne. Likevel må ein rekna med at det er noko potensiale for funn av kulturminne i jordbruksområde i Hå. I hovudsak vert ikkje kulturmiljøverdiar spesielt råka av planendringane. Dessutan må avklaring av verneinteresser i stor grad gjerast på eit lågare plannivå enn kommuneplanen. Samla vil kommuneplanen ha ubetydeleg konsekvens.

## 2.11 BYGDE- OG FRILUFTSLIV

Føresegnene set krav om betre samanhengande grønne strukturar, byrom, leike og uteopphaldsareal, som vil ha positiv konsekvens både innanfor og utanfor tettstadane. Det er òg lagt inn omsynssoner for grøntdrag og gang- og sykkelveggar fleire stader som òg bidreg positivt og gjer det lettare for mange innbyggjarar å koma seg rundt. Nye sentrumsområde bidreg og til meir attraktive sentrumsområde som vil vera positivt for bygdelivet.

Elles vil dei fleste arealendringane innanfor og utanfor tettstadane ha liten verknad på bygde- og friluftslivverdiar. Unnataket for dette er føreslege nytt næringsområde på Skoga i Sirevåg som råkar direkte avsette friluftslivområde. Endringane på Grødaland, Kviamarka og Njølstad vil òg koma nær friluftslivområde og råka noko av opplevinga av desse.

Kommuneplanen sine arealendringar med føresegner vil ha noko positiv konsekvens for bygdelivet i tettstadane, men kan ha noko negativ konsekvens for friluftslivverdiane.

## 2.12 FORUREINING

Fleire arealendringar vert råka av trafikkstøy/verksemdstøy eller vil kunna råka omgjevnadane slik at desse vert utsette for støy generert av verksemda, som til dømes av auka transport eller industristøy. Det er spesielt nye nærings- og råstoffutvinningsområde som vil kunna råka omgjevnadane med støyforurening. I desse høva trengs det avbøtande tiltak.

Nye næringsområde kan òg medføre forureining til grunn, luft, sjø og vassdrag. Det gjeld òg småbåthamna i Sirevåg. Transformasjon av tidlegare næringsverksemdar

eller bensinstasjon eller liknande kan ha forureina grunn. Det er viktig at dette vert handtert ved regulering.

Med omsyn til klimagassutslepp vil utbygging av næringsareal kunna gi meir klimautslepp. Områda er lokalisert eit stykke frå kollektivtilbod og vanskelegare å nå utan bruk av privatbil. Verksemdene vil òg kunna vera lite utsleppsvennlege. Råstoffutvinningsområda bidreg til kortare transportveg for byggeråstoff. Fortetting og fleire bustader i sentrum vil gi mindre biltrafikk, då bebuarane kan nå mange tilbod utan å bruke bil. Nye gang og sykkelveggar vil òg vera eit positivt bidrag, då det gjer det enklare å velje gange eller sykkel.

Samla verknader for forueining er middels negativ konsekvens.

## 2.13JORD- OG MINERALRESSURSAR (JORDVERN)

Verknader for mineralressursar:

Fleire arealendringar skjer inannfor eller i nærleiken til tettstadar og bygde miljø. Desse områda er derfor lite hensiktsmessige plasser for mineraluttak. Utanfor tettstadane er fleire av arealendringane slik at dei ikkje råkar mineralressursverdiar. Det er lagt inn fleire utvidingar av eksisterande masseuttaksområde, som vil gje positiv konsekvensar for minerealressursar.

Verknader for jordressursar:

Mange av endringane av arealføremål vert gjort i allereie utbygde område. Desse endringane vil ikkje verka inn på jordvernsmål. Krav om høgare utnytting vil òg vera med på å styrke jordvernet då det vil minke behovet for nye arealbeslag.

Eit tidlegare anslag visar at alle arealendringane vil bygga ner i underkant av 470 dekar landbruksjord, som er i underkant av 30 dekar årleg omdisponering av landbruksjord. Mesteparten av dette skyldast fleire nye næringsareal og masseuttak, samt energianlegg og brannstasjonstomt. Desse områda kjem i konflikt med jordvernålet, men overskrid ikkje Hå kommune sin andel av nasjonalt jordvernsmål. Dessutan forutsett kommuneplanens føresegner at råstoffutvinningsområda skal tilbakeførast til landbruksjord. Frå eit slikt perspektiv vert råka landbruksreal 340 dekar, som er om lag 20 dekar årleg omdisponering av landbruksjord. Av desse er Grødaland og Kviamarka næringsområder på om lag 140 dekar. Vidareutvikling av desse næringsområda vil kunna bidra til auka landbruksproduksjon i kommunen. Utvidingane på Skoga næringsområde er om lag 50 dekar når ein trekk frå område som vert tilbakeførte til LNFR-føremål. Næringsområdet på Skoga ligg ikkje i kjerneområde landbruk. På grunn av dette er samla konsekvens for jordressursar vurdert å vera middels negativt.

I vurderingane for jord- og mineralressursar er verknader er jordressursar (landbruksjord) og tap av dette tillagt størst vekt då Hå kommune er ein landbrukskommune. Dessutan er viktige område for mineralutvinning, som finst i kommunen, ikkje råka eller eventuelt positivt råka.

Samla verknad for jord- og mineralressursar er middels negativ konsekvens.

### **3 Omtale av områda som vert endra og deira verknad**

Her vert områda som endrast på kommuneplankartet omtala og verknaden endringane har. Verknadar er vurdert på eit overordna nivå og gjennom forenkla konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse. Ikkje alle forhold er nemde, kun forhold som kan ha særskilt verknad.

## 3.1 ENDRINGAR PÅ NÆRBØ

### 3.1.1 Nærbø 1 – Bjorland

<b>Felt på kartet:</b>	NÆ1
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Bjorlandsvegen 83/85 (Gnr. 23 bnr.5)

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Bustad
Nytt formål:	Næringsverksemd
Arealstorleik:	7,4 dekar (daa)
Arealrekneskap:	7,4 daa endrast frå bustad til næringsverksemd.
Omtale:	Området ligg ca. 900 meter frå jernbanestasjonen og Nærbø sentrum. Mot nord og aust ligg området inntil næringsverksemd, og mot vest på andre sida av Bjorlandsvegen er landbruksområde med gårdstun. Sør for området grensar det til bustadområde.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	I tråd med overordna mål og føringar. Mindre konflikt mellom bustad og næring med tanke på støy og liknande. Området ligg nær opptil det etablerte næringsområdet og vil vera ein naturleg tilvekst til dette.
Negative konsekvensar:	Krev investering i vatn og avlaupsystem. Åtkomstsituasjon må løysast. Kan gje noko meir eksplosjonsfare i området.
Oppsummert:	Hovudsakleg ubetydeleg endring.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Åtkomst via internveg i eksisterande næringsområde, mot Bjorlandsringen. Skjermingstiltak mellom bustad og næring.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Næringsområde i kategori 2 allsidig verksemd plassert innanfor tettstaden. Bidreg til «enklare kvardag». Er i tråd med regionalplanen.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Støttar opp om næringsutvikling i tettstaden og er innanfor langsiktig grense og allereie i bruk. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa gjer mindre behov for sosial infrastruktur. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Området ligg nær gang- og sykkelveg. Det er også kort veg til offentleg transport. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Avhengig av investering i vatn og avlaup. Veg til området kan ikkje knytast til Bjorlandsringen. Avhengig av åtkomst via eksisterande næringsområde. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn og konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje spesielt utsett eller i aktsemdområde for flaum eller skred. Utbygging kan gje auka avrenning av overvatn. Dette er handtert av føresegner til kommuneplanen. Låg risiko.
Store ulykker		Det er lågt sannsyn, sjølv om den vil auka noko, for at verksemd som handterer farlege stoff etablerer seg og aukar eksplosjonsfaren (alvorleg konsekvens). Slike anlegg er omfatta av storulykkeforskrifta. Risikoen betyr at dersom slikt anlegg etablerer seg må tiltak vurderast ved regulering eller på verksemdsnivå. Høg risiko.

Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Risikoen for trafikkulykke aukar ikkje vesentleg som følgja av endringa då åtkomsten må skje via eksisterande næringsområde. Tiltak for trafiksikkerheit vert vurdert på reguleringsplannivå og dette er sikra i føresegnene til kommuneplanen. Lite sannsynleg og alvorleg konsekvens gjer akseptabel risiko. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Truleg låg risiko for utslepp frå tidlegare landbruksverksemd. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Ingen særskilt viktig natur er registrert her. Ubetydeleg miljøskade og konsekvens.
Landskap		Området ligg i ytterkant av eksisterande tettstad, nær eksisterande næringsverksemd. Ingen landskapsverdiar er i nærleiken eller området. Verknad frå landbruksområdet er låg då området ligg inntil eksisterande næringsverksemd. Ubetydeleg konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i og ved området. Då området er allereie utbygd er det truleg lågt potensiale for funn av kulturminne. Ubetydeleg konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Ikkje nytta som nærmiljøanlegg. Vil i liten grad kunna påverka nærmiljøanlegg ca. 100 meter sør. Ingen/ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Endring med meir næring vil truleg føra til noko meir støy og støv på omgjevnadane. Dette vil kunna ha negativ konsekvens, Men samanlikna med nullalternativet vil truleg færre bustader verta råka av støy og støv, då førre plansituasjon var bustadområde «inn i» næringsområdet. Derfor gjer endringa noko positiv konsekvens. Avbøtande tiltak mot støy og støv er naudsynt i reguleringsplan.

Jord- og mineralressursar (jordvern)		Allereie utbygd og avsett til utbyggingsformål. Endrar ikkje dyrka jord eller moglegheiter som mineralressurs. Ubetydeleg konsekvens.
---	--	---

### 3.1.1.1 ROS-analyse - Eksplosjonsfare

#### 3.1.1.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann i bygg og anlegg.
- Håndtering av farlige stoffer fra industrivirksomhet.

#### 3.1.1.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggeteknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.1.1.1.3 Årsaker

- Branntilløp i bygning av tekniske, konstruksjonsmessige eller menneskelige årsaker.
- Tettere bebyggelse og potensialet for brannspredning øker.

#### 3.1.1.1.4 Eksisterende barrierer

- Krav til brannsikkerhet i byggeteknisk forskrift (TEK17), blant annet krav til dimensjonering av konstruksjoner. Utbygger må til enhver til forholde seg til gjeldende krav.
- Sikkerhetsrutiner for håndtering av farlige stoffer.
- Brannstasjon på Nærbø
- Oppbevaring av større mengder eksplosiver krever tillatelse

#### 3.1.1.1.5 Sårbarhetsvurdering

- Bygninger med mennesker og eventuelt farlige kjemikalier eller lignende.
- Menneskelig svikt av sikkerhetsrutinene. Konstruksjonene gir etter.

#### 3.1.1.1.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
X			Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år.

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Eventuell virksomhet etablerer seg med oppbevaring av farlige stoffer gjør at sannsynligheten for brann er høy.

#### 3.1.1.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Brannhendelse kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige skader og i verste fall dødsfall.
Stabilitet	X				<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b>

					Langvarig tap eller stenging av anlegg.
<b>Materielle verdier</b>	X				<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan påvirke store eiendomsverdier og gi betydelige tap.

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse,
- store konsekvenser for materielle verdier,
- store konsekvens for stabilitet.

3.1.1.1.8 Usikkerhet


Usikkerhet	Begrunnelse
Høy	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglende kunnskap om hvilken virksomhet som vil etablere seg i området.</li> <li>• Det er vanskelig å si hvordan en brann vil arte seg.</li> <li>• Vi har manglende kunnskap om virksomhetenes rutiner for å motvirke brannfare.</li> <li>• Skadeomfang</li> </ul>

3.1.1.1.9 Forslag til risikoreducerende tiltak

- Egne beredskapsplaner for virksomhetene
- Krav i bestemmelsene om dokumentering av løsninger for brannhindrende tiltak ved regulering eller i byggesak. Blant annet krav om å dokumentere brannvannskapasitet og etablering av brannkummer.
- Eksisterende industrivern med døgnkontinuerlig beredskapsstyrke.
- Eventuelt krav til sikringssone der vurdering av tilstrekkelig avstand, mellom virksomheter som kan påvirke hverandre, må gjøres.

## 3.1.2 Nærbø 2 – Nye Loen

<b>Felt på kartet:</b>	IDR1, IDR2
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	25/21, 25/215, 25/142 m.fl.

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Frrområde, tenesteyting
Nytt formål:	Idrettsanlegg
Arealstorleik:	47,9 daa
Arealrekneskap:	36,2 daa endrast frå frrområde til idrettsanlegg, og 11,7 daa frå tenesteyting til idrettsanlegg.
Omtale:	Skule- og idrettsområde som ligg sentralt på Nærbø, kort avstand til sentrum og jernbane. Saman med idrettsområdet ligg og samfunnshus med kafébedrift. Formålsendringane er tekniske og endrar ikkje bruken.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Dette er ein teknisk endring av arealføremål som er meir i tråd med bruken. Uendra konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Tilbodet innanfor tettstaden vurderast å vera i tråd med overordna mål og føringar. Ubetydeleg konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til levande og attraktivt sentrum i Nærbø i tråd med arealstrategien.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Sentral plassering innanfor tettstaden og nær jernbanen. Bidreg til miljøvennleg transport. Gang- og sykkelveggar er allereie etablert. Teknisk justering med uendra bruk og konsekvens.
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Framtidig utvikling må ta omsyn til overvatn då anlegget har store parkeringsareal, men naturfaren aukar ikkje. Høg risiko.
Store ulykker		Teknisk endring av arealføremål som ikkje endrar bruken. Uendra og låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Allereie utbygd område. Teknisk endring av arealføremål som ikkje endrar bruken. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		Svært viktig område for fritid og rekreasjon pga. idrettsanlegget og samfunnshuset. Teknisk endring av arealføremål som ikkje endrar bruken. Ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Delar av uteområda kan vera utsett for vegstøy. Påverkar ikkje dyrka mark eller mineralressursar. Teknisk endring
Jord- og mineralressursar (jordvern)		

		av arealføremål som ikkje endrar bruken. Ubetydeleg konsekvens.
--	--	--

### 3.1.2.1 ROS-analyse – Fare for overvatn

#### 3.1.2.1.1 Skildring av uønska hending

- Overvatn på bebygde områder.

#### 3.1.2.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar dei fleste byggverk rekna for opphald av personar. Industri- og kontorbygg er i sikkerheitsklasse F2. Årleg sannsynleik 1/200.

#### 3.1.2.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligg innanfor aktsomheitssone for flaum grunna overløp frå kummer (flaum på bane).

#### 3.1.2.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.1.2.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Overliggende områder/nedslagsfelt i forhold til Nærbø
- Manglende flaumreduserende tiltak rundt Nærbø
- Vannlinje lagt i grunn gjennom Nærbø
- Begrenset kapasitet overvannssystem

#### 3.1.2.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgja av klimaendringar.

#### 3.1.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet			X		Vurdert ut frå tal og varigheit:

					Samfunnsfunksjoner kan verta råka då framkomst kan bli påverka.
<b>Materielle verdier</b>			X		<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på bygg og anlegg. Berørte område er ute.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdier.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk.

**3.1.2.1.8 Usikkerheit**




<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg.</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> </ul>

**3.1.2.1.9 Forslag til risikoreducerande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.

## 3.1.3 Nærbo 3 – Reime og Lode

<b>Felt på kartet:</b>	NÆ18a, NÆ18b
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 21 bnr. 73, 261, 18, 90

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Bustad
Nytt formål:	Næringsverksemd, gang- og sykkelveg
Arealstorleik:	2,4 daa
Arealrekneskap:	2,4 daa bustad endrar føremål til næringsverksemd.
Omtale:	Næringsområdet til Reime og Lode utvidast med meir næring ved å endre føremål på to bustadtomter til næring (kat. 2). Krav om gang- og sykkelveg er lagt langs Bernervegen (utanom området) frå Nygårdsvegen til Bernervegen som må ha eit grønt preg (jf. hensynssone H540). Området ligg sentralt på Nærbo. Det inneheld bilforhandlar, verkstad, sjølvbetjent bensinstasjon, vaskehall for bilar og dekkhotell. Grensar til Bernervegen (fv. 4360), innfartsvegen til Nærbo. Jernbane og butikkar er lokalisert innanfor 500 meter. På andre sida av Bernervegen ligg Nærbo ungdomsskule og Nye Loen. Området grensar også til bustadfelt.
Bakgrunn:	Endringa var eit høyringsinnspel til kommuneplanen, jf. merknadsheftet.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Vidareutvikling av allsidig verksemd (næring) i tettstad. Dette vil liggje nært sentrum og offentleg transport.

Negative konsekvensar:	Endringa av arealføremål gir negativ konsekvens for forureining.
Oppsummert:	Utviding av sentralt næringsområde. Positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Etablering av gang- og sykkelveg som grøntdrag langs Bernervegen.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Endring i status samsvarar med regionalplan Jæren og Søre Ryfylke om målsettinga «rett verksemd på rett stad» for næringsverksemd i kategori 2. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi med næringsutvikling i tettstadane. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er lokalisert nær offentleg transport. Nygårdsvegen må sikrast med gang og sykkelveg i rute til Tryggheim. Viss trafikken til området vil gå gjennom Nygårdsvegen, vil den bli noko meir trafikk her. Mogeleg at tilkomstveg bør kanskje knytast til Bregnevegen. Må løysast i reguleingsplan. Området ligg sentralt og nært offentleg transport. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Endringa har truleg lite behov for endring i infrastruktur. Uendra konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Mindre endring av bustadtomter. Uendra konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Mindre delar av området ligg i aktsemdssone flaum. Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn, sidan fortetting gir større belastning på overvatn-nettet. Er noko harde flater frå

		før. Næringsverksemd kan gje meir urban flaum enn i dag, men areala er relativt små. Høg risiko.
Store ulykker		Drivstofflager og kjemikalium vert lagra i dag tilsvarande andre bensinstasjonar. Det er ikkje noko som tyder på at det er større risiko her enn i andre næringsområde. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Ikkje spesielt utsett for bortfall av energiforsyning og liknande samanlikna med andre næringsområde. Fleire gåande gjennom/langs området som har behov for å kryssa Bernervegen kan føra til fleire ulykker. Avbøtande tiltak, som til dømes miljøgate eller fleire kryssingar kan vurderast i reguleringsplan. Middels risiko.
Verksemdsrisiko		Fare for brann og eksplosjon eller kjemikalieustlepp vil vera lik andre tilsvarande næringsområde. Bedriftene må følgja gjeldande føresegner for brannvern og handsaming av farleg stoff. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Det er ingen kjende registreringar. Sidan området er utbygd, er truleg potensialet for funn lågt. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		Bustadane er private og ikkje brukt til friluftaktivitetar og rekreasjon. Uendra konsekvens.
Forureining		Kan auka støy og støy på nabobustader. Noko negativ konsekvens fordi auke i befolkninga gjer auke i bilar.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området er allereie utbygd innanfor tettstad. Ubetydeleg konsekvens.

### 3.1.3.1 ROS-analyse – Fare for overvatn

#### 3.1.3.1.1 Skildring av uønska hending

- Overvatn på bebygde områder.

#### 3.1.3.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerhetsklasse F2 omfatter de fleste byggverk beregnet for personopphold. Industri- og kontorbygg er i sikkerhetsklasse F2. Årlig sannsynlighet 1/200.

#### 3.1.3.1.3 Årsaker

- Hyppigere og mer intens nedbør på grunn av klimaendringer.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligger innenfor aktsomhetssone for flaum grunna overløp fra kummer (flaum på baner).

#### 3.1.3.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Værmeldinger og andre meldinger til befolkningen.

#### 3.1.3.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Overliggende områder/nedslagsfelt i forhold til Nærbø
- Manglende flaumreduserende tiltak rundt Nærbø
- Vannlinje lagt i grunn gjennom Nærbø
- Begrenset kapasitet overvannssystem

#### 3.1.3.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgja av klimaendringar.

#### 3.1.3.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Samfunnsfunksjoner kan verta råka då framkomst kan bli påverka.

<b>Materielle verdier</b>			X		<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på bygg og anlegg. Berørte område er ute.
---------------------------	--	--	---	--	---

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdier.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk.

**3.1.3.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg.</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> </ul>

**3.1.3.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.

### 3.1.3.2 ROS-analyse - Trafikkulykke

#### 3.1.3.2.1 Skildring av uønska hending

- Kollisjon mellom mjuke trafikantar og køyretøy.

#### 3.1.3.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Ikkje relevant.

#### 3.1.3.2.3 Årsaker

- Fleire gåande gjennom/langs området som har behov for å kryssa Bernervegen.
- Manglar gang- og sykkelveg eller fortau på adkomstveg eller i næringsområdet.
- Utkøyning på veg

#### 3.1.3.2.4 Eksisterande barrierar

- Gangfelt
- Gang- og sykkelveg langs nordsiden av Bernervegen

#### 3.1.3.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Myke trafikanter vil være spesielt sårbare i ulykker som involverer kjøretøy.

#### 3.1.3.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år.

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Karttenesta vegkart.no dokumenterar at trafikkuhell har skjedd.

#### 3.1.3.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikkje relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Det er alltid ein fare for store skadar og i verste fall dødsfall ved ei påkøyning.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Trafikkulukker kan føre til at vegar blir kortvarig stengde.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Trafikkulukker kan føre til skadar på køyretøy og materielle verdiar

					nær vegane, og eventuelt gods. Høg fart og store vogntog har middels-låge økonomiske verdier.
--	--	--	--	--	---

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- svært alvorlige konsekvensar for liv og helse
- liten konsekvens for stabilitet
- middels konsekvensar for materielle verdier

**3.1.3.2.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Høg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Historiske ulykkestal</li> <li>• Manglande trafikkta</li> </ul>

**3.1.3.2.9 Forslag til risikoreducerende tiltak**

- Trafikkseparering med fortau eller gang- og sykkelveg langs køyreveg.
- Miljøgate
- Rundkøyering ved Store Ring x Bernervegen x Krossmyra

## 3.1.4 Nærbø 4 – Blåbærtua og Viervegen

<b>Felt på kartet:</b>	T2, T3, KBA2
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 21 bnr. 316, 138, 161, 162, 163

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Bustad
Nytt formål:	Tenesteyting og kombinert formål
Arealstorleik:	8,3 dekar (daa)
Arealrekneskap:	5,8 daa bustad endrar føremål til tenesteyting. I tillegg endrar 2,5 daa bustad føremål til kombinert bebyggelse og anleggsformål.
Omtale:	Kommunale bustader/avlastningsbustader får endra føremål frå bustad til offentlig tenesteyting. Blåbærtua og Viervegen ligg skjerma i bustadfelt mellom Store Ring (Fv4374) og Bernervegen (Fv4360) sentralt i Nærbø. Det er kort avstand til jernbane (500 meter), sentrum og offentlege institusjonar.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Området har vorte brukt til tenesteyting lenge og det ligg i etablerte bustadområde sentralt i stasjonsbyen. Endringa gjer at arealformålet vert meir i tråd med bruken av området. Dette er nesten ei teknisk endring. Uendra konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Er ikkje i strid med målsetningar i arealplanar. Området er utbygd. Bruken vert lik. Ubetydeleg konsekvens
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Uendra bruk sjølv om arealformålet endrast. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er lokalisert nær offentlig transport. Det er fortau langs Porsvegen og Moserabben. Det er òg fartsregulering med «fartsdumpar». Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Høg risiko.
Store ulykker		Uendra bruk. Er lik risiko som ved andre helseinstitusjonar og bustader. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Helseinstitusjonar er meir sårbare ved svikt. Middels konsekvens.
Verksemdsrisiko		Fare for brann er lik som for andre bustader. Ved institusjonsdrift vil det vera krav om meir planmessig brannvern enn i privatbustad. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Bruken av området vert lik. Ingen kjende registreringar. Området har leikeplass og plen. Er skjerma frå trafikk, og gjer ikkje auke i klimautslepp og heller ikkje tap av landbruksjord. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		

### 3.1.4.1 ROS-analyse – Fare for overvatn

#### 3.1.4.1.1 Skildring av uønska hending

- Overvatn på bebygde områder.

#### 3.1.4.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggtknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for sårbare samfunnsfunksjonar og grupper i befolkninga. Kommunale avlastningsbustader er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.1.4.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligg innanfor aktsomheitssone for flaum grunna overløp frå kummer (flaum på uteareal).

#### 3.1.4.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.1.4.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Begrensa kapasitet i overvatnsystem
- Eksisterande bygg/anlegg

#### 3.1.4.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
		X	1000-årsflaum

#### Grunngeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgja av klimaendringar.

#### 3.1.4.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
<b>Liv og helse</b>			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Samfunnsfunksjoner kan verta råka.
<b>Materielle verdjar</b>		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på bygg og anlegg.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk. Anlegget ligg ikkje i område som vert djupt oversvømma. Områda er kun utsette for noko urban flaum/overvatn, ikkje vanleg flaum frå vassdrag o.l.

**3.1.4.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg er for 200-årsflaum</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> <li>• Terrengmodell er grov.</li> </ul>

**3.1.4.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Lokale terrengmessige justeringar for å hindra oppstuing av vatn eller at vatn renn inn mot bygg.

### 3.1.4.2 ROS-analyse – Svikt i infrastruktur til kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.1.4.2.1 Skildring av uønska hending

- Bortfall av vatn, avløp, straum, og/eller kommunikasjon (IKT)

#### 3.1.4.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for sårbare samfunnsfunksjonar og grupper i befolkninga. Kommunale avlastningsbustader er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.1.4.2.3 Årsaker

- Vasslekkasjer, brot på ledningar, driftsstans på vasspumper
- Manglande nedbør
- Straumutfall

#### 3.1.4.2.4 Eksisterande barrierar

- Beredskapsplan for vassforsyning, høgdebasseng, vaktordning for vatn og avlaup.
- Beredskapsplanar hjå helseinstitusjonane.
- Vassforsyningsreserver (f.eks. høgdebasseng og tankbil)
- Heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune

#### 3.1.4.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Sårbare grupper / brukere
- Helseinstitusjon

#### 3.1.4.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngeving for sannsynet:

- Sannsynet for bortfall av ein eller fleire av slike typar infrastruktur skjer er truleg høg.

#### 3.1.4.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.
Stabilitet	X				Vurdert ut frå tal og varigheit: Forstyringar i kritiske samfunnsfunksjoner.

<b>Materielle verdier</b>			X		<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Medfører sjeldan vesentlege skader på materielle verdier.
---------------------------	--	--	---	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdier.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk. Bortfall kan gje store forstyrrelser i stabilitet, men har sjeldent store konsekvensar for liv og helse og materielle verdier.

**3.1.4.2.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Historisk statistikk for slike hendingar.</li> </ul>

**3.1.4.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Sikra naudsynt kapasitet av vassforsyning.
- Eventuelt skaffa fleire naudvasstankar.
- Naudstraumaggregat
- Samarbeid med Jæren Everk
- Jamn oppdatering/revidering av heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune for å vurdera tiltak

## 3.1.5 Nærbo 5 – Møllerhaugen 6

<b>Felt på kartet:</b>	KBA1
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 25 bnr. 133.

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Bustad
Nytt formål:	Kombinert formål
Arealstorleik:	1 dekar (daa)
Arealrekneskap:	1 daa endrar føremål frå bustad til kombinert formål.
Omtale:	Området ligg sentralt i Nærbo. Grensar mot bustader, offentleg og privat tenesteyting. Området ligg i kort avstand frå sentrum og jernbane (ca. 300 meter). Det er ein einebustad på området med tilhøyrande hage.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Endring frå bustad til kombinert formål, som vil gje betre utbyggingsmoglegheiter med nabofeltet. Ubetydeleg konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Støttar opp om kompakt areal- og transportplanlegging. Ubetydeleg konsekvens.

Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Endringa har god samanheng med ny sentrumsplan. Ved å endra arealformålet på eigendommen til kombinert formål, kan det gje betre form og dermed auka utviklingspotensiale. I tråd med langsiktig arealstrategi om fokus på sentrum. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa av føremål vil kunne gi fleire innbyggjarar i sentrum. Det kan auka offentlege tenestebehov, men skular og sjukeheimar osv. vert vurdert til å ha tilstrekkeleg kapasitet. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er lokalisert nær offentlig transport. Vil ikkje krevje endringar i tilkomstveggar og sykkel/gangveggar. Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Framtidig bruk vil truleg krevje investering i ny infrastruktur. Men utløysar ikkje eit vesentleg større behov enn gjeldande sentrumsplan. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fortetting og kombinert bruk bidreg til meir liv i sentrum på ulike tidspunkt, som kan verka forebyggjande mot kriminelle handlingar. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Ønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Høg risiko.
Store ulykker		Ikkje meir utsett enn annan sentrumsbyggnad vil vera for straumbrot og bortfall av telekommunikasjon. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Allereie utbygd område.
Landskap		

Kulturmiljø		Endring i føremål gjer betre utnytting av utbyggingsfeltet innanfor sentrumsplanen. Ubetydeleg konsekvens
Bygde- og friluftsliv		Privat bustadeigedom. Området er derfor ikkje brukt til friluftaktivitetar. Men fleire område som kan brukast til dette ligg nært, blant anna <a href="#">Nye Loen</a> og <a href="#">Pyttaskogen</a> . Påverknaden frå endringa vil vera ubetydeleg. Ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Ikkje kjend forureining i grunnen. Støy frå jernbane og trafikk i Bernervegen (Fv4360). Ligg på grensa til gult område. Bruken av området vil avgjere kor sjenerande den er. Behov for støykartlegging ved regulering. Ubetydeleg konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området er allereie utbygd. Vil ikkje endre noko på arealbruk av landbruksjord eller for mineralressursar. Ubetydeleg konsekvens.

### 3.1.5.1 ROS-analyse – Fare for overvatn

#### 3.1.5.1.1 Skildring av uønska hending

- Overvatn på bebygde områder.

#### 3.1.5.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggtknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar dei fleste byggverk rekna for opphald av personar.

Bustad er i sikkerheitsklasse F2. Årleg sannsyn 1/200.

#### 3.1.5.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligg innanfor aktsomheitssone for flaum grunna overløp frå kummer (flaum på uteareal).
- Ligg låg i terrenget.

#### 3.1.5.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.1.5.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Begrensa kapasitet i overvatnsystem
- Eksisterande bygg/anlegg

#### 3.1.5.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgja av klimaendringar.

#### 3.1.5.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Området er ikkje for samfunnsfunksjoner som kan verta råka.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b>

					Kan gi skade på bygg og anlegg.
--	--	--	--	--	---------------------------------

### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskete hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

#### 3.1.5.1.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> </ul>

#### 3.1.5.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Lokale terrengmessige justeringar for å hindra oppstuving av vatn eller at vatn renn inn mot bygg.
- Vurdera rekkjefølgekrav for utbygging knytta til avbøtande tiltak.

## 3.1.6 Nærbø 6 – Nærbø sentrum øst

<b>Felt på kartet:</b>	T1, B2, B4
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./Bnr. 25/71, 25/72, 25/15, 26/29. Bernervegen 6, Jernbanevegen 15, Bjorhaugvegen 10, Nærbøgata 25

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Sentrumsformål, Bustad, Tenesteyting
Nytt formål:	Bustad, Tenesteyting
Arealstorleik:	4,1 daa
Arealrekneskap:	2,7 daa endrar føremål frå sentrumsføremål til bustad. 1,0 daa endrar føremål frå bustad til tenesteyting. 0,4 daa endrar føremål frå tenesteyting til bustad.
Omtale:	Området ligg sentralt i Nærbø. Grensar mot Bernervegen (fv. 4360) og Jernbanevegen. Bernervegen 6 har vore brukt til mekanisk verkstad, kombinert med bustad. Jernbanevegen 15 vert brukt som forsamlingshus. Ein del av arealet her vert brukt som parkering. Bjorhaugvegen 10 omfattar eit bustadhus med eit uthus. Nærbøgata 25 omfattar ein eldre bustad som ligg mellom tenesteyting og bustader.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	I samsvar med regionplan Jæren og Søre Ryfylke. Det bygger også på kommunen sin langsiktige arealstrategi; konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane.
Negative konsekvensar:	Støyproblematikk frå nærliggande hovudveg. Tilkomst må utbetrast.
Oppsummert:	Mindre endringar med til bustad og tenesteyting. Ubetydeleg konsekvens.

Særskilt oppfølging ved regulering:	Endring i tilkomstvegar for B4, frå Bernervegen til Jernbanevegen.
-------------------------------------	--

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Endring i status samsvarar med regionalplan Jæren og Søre Ryfylke, då endringane bidreg til fleire regionale mål. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi, konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane og levande sentrumsområde. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Tilnærma uendra bruk sjølv om formålet vert endra. Tenesteyting vil kunne handtere eventuell befolkningsauke. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er lokalisert nær offentleg transport. For Bernervegen 6 og Jernbanevegen 15 vil det kunne krevjast endringar i tilkomstvegar. Utkøyring bør skje i Jernbanevegen, ikkje i Bernervegen. Noko negativ konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det vil vera aktuelt med investeringar i veg, vatn og avløp. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fleire bustader i sentrum og offentleg tenesteyting i ulike former vil antakeleg gi eit tryggare miljø. Det heng saman med at sentrumsplan legg til rette for eit meir opent og tryggare sentrum. Sjølv om det inneber fleire innbyggjarar. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg nær aktsemdssone for flaum, men er ikkje innanfor. Ved store nedbørsmengder må der vera kapasitet for bortleding av overvatn. Området er allereie utbygd og har stor harde flater.

		Endra arealføremål gir ikkje auka risiko for naturfare. Middels risiko.
Store ulykker		Lik risiko som ved andre sentrumsområde. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Det ei ikkje noko som tyder på at det er noko større risiko for til dømes straumbrot og brot i telekommunikasjon enn i andre bustadområde i tettstaden.
Verksemdsrisiko		Offentleg tenesteyting kan vera noko utsett for bortfall, men slikt skal vera handtert i eigne beredskapsplanar. Området ligg ikkje nært noko med potensiell fare. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Ingen kjende registreringar. Ligg i sentrum av tettstaden. Huset i Nærbøgata 25 har vore registrert som SEFRAK. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		Området er ferdig utbygd. Ligg i sentrum av tettstaden. Det er ikkje landskapsverdiar innanfor eller i nærleiken av området som vert påverka av endringa. Ubetydeleg verdi og påverknad gjer ubetydeleg miljøskade. Ingen konsekvens.
Kulturmiljø		Det er ingen kjende registreringar av eldre kulturminne. Sidan området er utbygd er truleg potensiale for funn lågt. Dette gjer ubetydeleg verdi og påverknad, og dermed ubetydeleg miljøskade. Ingen/ubetydeleg konsekvens. Huset i Nærbøgata 25 har vore registrert som SEFRAK.
Bygde- og friluftsliv		Området er ikkje brukt til rekreasjon i dag. Men fleire område som kan brukast til dette ligg nært ( <a href="#">Nye Loen</a> , <a href="#">Fuglaparken</a> , og Pyttaskogen). Framtidig bustadområde vil truleg føre til etablering av fleire område for rekreasjon. Positiv konsekvens.
Forureining		Bernervegen 6 og Jernbanevegen 15 ligg ved innfartsveg til Nærbø (ÅDT

		<p>4000) og får truleg støy og støv frå trafikk. Difor er det behov for støyutgreiing og vurdere støyskjerming. Det kan vera forureining i grunnen etter verkstaddrift i Bernervegen 6. Ein del biltrafikk går gjennom Nærbøgata til bustader, offentleg tenesteyting og Opstadvegen, men krev ikkje tiltak.</p> <p>Noko negativ konsekvens.</p>
Jord- og mineralressursar (jordvern)		<p>Området er allereie utbygd og gjer ikkje tap på landbruksjord eller mineralressursar.</p> <p>Ubetydeleg konsekvens.</p>

## 3.1.7 Nærbø 7 – Breidablikk

<b>Felt på kartet:</b>	T4
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 20 bnr. 135 og 574

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Bustad
Nytt formål:	Tenesteyting
Arealstorleik:	4,25 dekar (daa)
Arealrekneskap:	4,25 daa bustad endrar føremål til tenesteyting.
Omtale:	Området er ferdig utbygd og er i bruk som bustader for personar med psykisk utviklingshemming. Grensar mot bustadfelt, Breidablikk kulturbarnehage og Parkvegen. Utbygd gang- og sykkelveg på begge sider av vegen. Parkvegen har høg konsentrasjon av kunstige fartsdumpar og innsnevringar i vegen.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Området har vorte brukt til tenesteyting lenge og det ligg i etablerte bustadområde sentralt i stasjonsbyen. Endringa gjer at arealformålet vert meir i tråd med bruken av området. Ingen konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Området er utbygd og bruken vert lik. Ubetydeleg konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Området er utbygd og bruken vert lik. Ubetydeleg konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bruken vert lik sjølv om det tekniske formålet vert endra. Bruken bidreg til å dekkja behovet for offentleg tenesteyting. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er lokalisert nær offentleg transport. Vil ikkje krevje endringar i tilkomstveggar og sykkel/gangveggar. Det er fortau langs Porsvegen og Moserabben. Det er også fartsregulering med «fartsdumpar». Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Områder er ferdig utbygd. Infrastruktur er på plass. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Endring av føremål endrar ikkje bruken. Ubetydeleg konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone for flaum.
Store ulykker		Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Helseinstitusjonar er meir sårbare ved sviikt. Dei kan vera ekstra utsette for hendingar som til dømes straumbrot og bortfall av telekommunikasjon. Brann vil også vera ei alvorleg hending viss brukarane har redusert mobilitet. Middels risiko.
Verksemdsrisiko		Ikkje relevant. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Allereie utbygd område.
Landskap		Teknisk endring av arealføremål som ikkje endrar bruken.
Kulturmiljø		Ubetydeleg konsekvens
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		Austkroken 4 er nokså skjerma frå trafikkstøy. Austkroken 2 er meir utsett. Ein del biltrafikk går gjennom Parkvegen til offentleg tenesteyting og

		nærliggande bustadfelt. Også trafikk til Opstadvegen. Men dette er antakeleg ikkje av eit slikt omfang at det er krev tiltak. Ubetydeleg konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området er allereie utbygd og bruken er lik som før. Ubetydeleg konsekvens.

### 3.1.7.1 ROS-analyse – Svikt i infrastruktur til kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.1.7.1.1 Skildring av uønska hending

- Bortfall av vatn, avløp, straum, og/eller kommunikasjon (IKT)

#### 3.1.7.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for sårbare samfunnsfunksjonar og grupper i befolkninga. Kommunale avlastningsbustader er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.1.7.1.3 Årsaker

- Vasslekkasjer, brot på ledningar, driftsstans på vasspumper
- Manglande nedbør
- Straumutfall

#### 3.1.7.1.4 Eksisterande barrierar

- Beredskapsplan for vassforsyning, høgdebasseng, vaktordning for vatn og avlaup.
- Beredskapsplanar hjå helseinstitusjonane.
- Vassforsyningsreserver (f.eks. høgdebasseng og tankbil)
- Heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune

#### 3.1.7.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Sårbare grupper / brukere
- Helseinstitusjon

#### 3.1.7.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngeving for sannsynet:

- Sannsynet for bortfall av ein eller fleire av slike typar infrastruktur skjer er truleg høg.

#### 3.1.7.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.
Stabilitet	X				Vurdert ut frå tal og varigheit: Forstyrningar i kritiske samfunnsfunksjoner.

<b>Materielle verdier</b>			X		<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Medfører sjeldan vesentlege skader på materielle verdier.
---------------------------	--	--	---	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdier.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk. Bortfall kan gje store forstyrrelser i stabilitet, men har sjeldent store konsekvensar for liv og helse og materielle verdier.

**3.1.7.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Historisk statistikk for slike hendingar.</li> </ul>

**3.1.7.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Sikra naudsynt kapasitet av vassforsyning.
- Eventuelt skaffa fleire naudvasstankar.
- Naudstraumaggregat
- Samarbeid med Jæren Everk
- Jamn oppdatering/revidering av heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune for å vurdere tiltak

### 3.1.7.2 ROS-analyse – Brann hjå kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.1.7.2.1 Skildring av uønska hending

- Brann i offentlege bygg / kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.1.7.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Ikkje relevant.

#### 3.1.7.2.3 Årsaker

- Branntilløp i bygning grunna tekniske eller menneskelege årsaker.

#### 3.1.7.2.4 Eksisterande barrierar

- Kommunal brannberedskap
- Gjennomføra branntilsyn i risikoobjekt/risikogrupper
- Utfører objekttilsyn og objektplanar
- Informasjons- og motivasjonstiltak
- Feiing og tilsyn i bustad/ fritidsbustad
- Internkontrollsystem
- Tilstrekkeleg dimensjonert og organisert brannvesen/brannordning
- Tekniske-, bygningsmessige- og branntekniske tiltak (aktive og passive)

#### 3.1.7.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Sårbare grupper / brukere
- Helseinstitusjon

#### 3.1.7.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Sannsynet for storbrann er stor.

#### 3.1.7.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse		X			Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.
Stabilitet		X			Vurdert ut frå tal og varigheit: Små forstyrringar i dagleglivet, men brukarane må flyttast.
Materielle verdiar		X			Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:

					Skader på materielle verdier 3-30 mill. kr.
--	--	--	--	--	---

### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskete hendinga kan gje:

- middels konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdier.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk.

#### 3.1.7.2.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen har tilgang på relevante data.</li> </ul>

#### 3.1.7.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Vidareføra eksisterande tiltak og brannførebyggjande arbeid retta mot særskilte brannobjekt og tilsyn av desse.
- Vurdera anskaffing av evakueringsmasker til uttak på røykdykkapparata.
- Følgja opp DSB sine føringar etter NOU Trygg hjemme, og prioritera utsette grupper.
- Oppretthalda brannstasjonsstruktur i høve krava til innsatstid.

## 3.1.8 Nærbo 8 – Urheifeltet

<b>Felt på kartet:</b>	B3 og FRI1
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Urheitræet 2

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Tenesteyting
Nytt formål:	Bustad og friområde
Arealstorleik:	2,4 dekar (daa)
Arealrekneskap:	1,9 daa tenesteyting endrar føremål til bustad. 0,5 daa tenesteyting endrar føremål til friområde.
Omtale:	Området er lokalisert i eit bustadfelt. Består av barnehage med uteområde og parkeringsplass. Den delen av området der bygningane ligg, vert endra frå offentlig verksemd til bustadformål. Parkeringsplassen vert friområde.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Bustadbygging i stasjonsbyen gjere fortetting noko som er ei ønska utvikling. Stasjonsbyane skal utviklast med attraktive bustadmiljø.
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Fleire bustader og friområde i etablert bustadområde, rimeleg nært sentrum og offentlig transport. Noko positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Endring i status samsvarar med regionalplan Jæren og Søre Ryfylke om å utvikle tettstader «innenfra og ut», i tillegg til fortetting og transformasjon i allereie bygde område. Nærbø er eit regionalt prioritert utviklingsområde. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi, konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane gjennom fortetting og transformasjon. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Vil kunne gi fleire innbyggjarar i tettstaden. Det vil vera kapasitet til å handtere auken i offentleg tenesteyting. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Dert er 1 km til jernbanen. Godt utbygde gang- og sykkelveggar. Kort tilkomst med bil til Store Ring gjennom Urheiringen der farten er regulert med fartsdumpar. Kryss med kapasitet for eventuell trafikkauke. Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det meste infrastruktur er på plass. Det må investerast i vatn og avløp i samband med utbygging av bustader. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fleire bustader i tettstaden vil antakeleg gi eit tryggare miljø. Ubetydeleg konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum grunna overløp. Høg risiko.
Store ulykker		Bustadfelt kan vera utsett for td straumstans eller svikt i vassforsyning.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Men risikoen her er ikkje større enn det den vil vera i andre bustadfeil i området
Verksemdsrisiko		og desse er ikkje kritisk samfunnsfunksjon. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Ingen kjende registreringar. Er registrert eit
Landskap		

Kulturmiljø		kulturminne, men det er fjerna nå. Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Leikeområdet til barnehagen vert brukt på kveldstid. Ein del av dette er på framtidig friområde. Må sikra at friområdet inneheld ulike aktivitetar. Næraste leikeområde er <a href="#">Urhei</a> og <a href="#">Hestabakken</a> som ligg om lag 100 meter frå. Desse vert kategorisert som svært viktige friområde. <a href="#">Fuqlaparken</a> ligg òg nær. Utbygginga kan gi behov for oppgradering av desse områda. Ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Det er ikkje kjend forureining i grunnen. Området er skjerma frå trafikkstøy. Ingen konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området er allereie utbygd. Uendra konsekvens.

### 3.1.8.1 ROS-analyse – Fare for overvatn

#### 3.1.8.1.1 Skildring av uønska hending

- Overvatn på bebygde områder.

#### 3.1.8.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar dei fleste byggverk rekna for opphald av personar. Bustad er i sikkerheitsklasse F2. Årleg sannsyn 1/200.

#### 3.1.8.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligg innanfor aktsomheitssone for flaum grunna overløp frå kummer (flaum på uteareal).

#### 3.1.8.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.1.8.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Begrensa kapasitet i overvatnsystem
- Eksisterande bygg/anlegg

#### 3.1.8.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgja av klimaendringar.

#### 3.1.8.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varighet:</b> Området er ikkje for samfunnsfunksjoner som kan verta råka.
Materielle verdier		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på bygg og anlegg.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

**3.1.8.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"><li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg</li><li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li></ul>

**3.1.8.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Lokale terrengmessige justeringar for å hindra oppstuvning av vatn eller at vatn renn inn mot bygg.

## 3.1.9 Nærbø 9 – Brannstasjonstomt (Halvmånen)

<b>Felt på kartet:</b>	T5, V17, Adkomstveg-linje
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	26/12, 26/13, 26/50, 26/61

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Offentleg tenesteyting, veg, samferdselslinje (adkomstveg)
Arealstorleik:	16,1 dekar (daa)
Arealrekneskap:	12,3 daa LNFR endrar føremål til offentlig tenesteyting. 3,4 daa LNFR endrar føremål til veg for køyreveg (hovudveg) og gang- og sykkelveg. 0,4 daa LNFR endrar føremål til adkomstveg-linje.
Omtale:	Nytt område til brannstasjon på Nærbø. Området ligg nord for Opstadvegen (fv. 4360). Området grensar mot LNFR-område og er avsett til offentlig tenesteyting. Ligg 200 meter nord for krysset mellom Store Ring (Fv4374) og Opstadvegen. På andre sida av Opstadvegen ligg eit bustadområde. Området ligg inntil tidlegare avsett areal til offentlig tenesteyting, tiltenkt brannstasjon. Endringa kjem utanfor tidlegare avsett langsiktig grense landbruk, som vert justert på austsida av Nærbø, sjå omtale for Nærbø 10.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	I 2014 vart det leigd inn ein brannkonsulent som vurderte heile strukturen i Hå brannvesen, noko som til slutt førte det til valet av ny avsett tomt i vedteken kommuneplan for 2014-2028, <a href="#">arkivsakID 16/1651</a> . I kommuneplanen vedteken i 2014 vart det òg lagt inn planlagt omkøyringsveg med tilknytning til eksisterande vegar nær den framtidige brannstasjonen.

	I arbeidet med «Detaljregulering for Halvmånen, Nærbø brannstasjon» (planID 20102) har tre alternative tomteplasseringar blitt vurdert. Jf. fastsett planprogram for detaljregulering for Halvmånen, Nærbø brannstasjon (planID 20102).
Positive konsekvensar:	Den nye brannstasjonen skal løyse viktige samfunnsoppgåver.
Negative konsekvensar:	Det er utfordringar med trafikk og forureing, og med tap av natur- og landbruksområde.
Oppsummert:	Tomt for ny brannstasjon på Nærbø er lokalisert ved Opstadvegen. Det er sett av LNFR-areal til tenesteyting då den eksisterande brannstasjonen er gammaldags og har ei dårleg plassering. Middels negative konsekvensar.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

Verknad		
Samfunn		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Nasjonale og regionale mål og føringar		Medfører at landbruksjord vert omdisponert til tenesteyting og veg. Området ligg utanfor langsiktig grense landbruk. Gjev betre branntryggleik i Hå. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir mot lokal arealstrategi om nedbygging av jordbruksareal. Noko negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Ny brannstasjon vil styrke det offentlege tenesteytinga. Meir moderne og funksjonell brannstasjon samt betre lokalisering vil gi ein betre brannteneste. Positiv konsekvens.
Mobilitet og transport		Lokaliseringa vil vera gunstig for utrykkingskøyretøy. Det vil gi rask tilgang til hovudveg og vil gi kortare innsatstid. Området ligg 1,8 km frå jernbane. Endrar krysset ved Store Ring x Opstadvegen til rundkøyring der ny omkøyingsveg vert tilknytt. Utforming må løysast i reguleringsplan. Positivt konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Endringa vil gjera det naudsynt med investeringar i infrastruktur. Vatn og avløp må byggast ut, og omkøyingsveg og rundkøyring.

		Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Brannstasjon ligg i høg sikkerhetsklasse. Ligg nært aktsemdssone flaum. Endra arealføremål gjer fleire harde flater. Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Området vert vurdert til å vera utsett for erosjon frå Dalabekken. Høg risiko.
Store ulykker		Tilsette og utstyr på ein brannstasjon kan bidra ved store ulykker. Brannstasjonen er noko meir utsett for terror. Låg risiko for store ulykker på brannstasjonen.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Brannstasjonen er rekna inn under kritiske samfunnsfunksjonar. Vil vera sårbar for svikt i td. elektrisitet og telekommunikasjon. Ved svikt i vatnforsyning kan brannbilane hente vatn ein anna plass. Middels risiko. Trafikksituasjonen på stadet er dårleg, men trafikktryggleik skal bli betre med ny tilkomstveg og rundkøyring. Mogleg med fleire inn-/utkjørslar til brannstasjonstomta. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Det vil vera kjemikalium av ulikt slag knytt til verksemda saman med forureinande stoff. Må tru at det er rutinar for handtering av slikt på ein brannstasjon. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er fulldyrka mark og noko utmark. Utbygginga vil råka det viktige naturområdet <a href="#">Gjerda</a> , som er ei oseanisk nedbørsmyr/rikmyr. Det kan vera hekking (vipe, tjeld og storspove) i nærområdet. Middels negativ konsekvens.

Landskap		Endringa vil redusere areal til landbruksjord og endre karakteren til landskapet. Noko negativ konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i området er funne etter arkeologiske registreringar utført hausten 2022. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Området er LNFR og vert ikkje brukt til friluftsliv og rekreasjon. Ligg nær <a href="#">Dalabekk</a> , som er eit svært viktig friluftsområde med stor brukarfrekvens. Utbygginga saman med omkøyringsvegen, vil råka noko av <a href="#">Bø</a> , som er mindre viktig og i mindre bruk. Men allereie avsett omkøyringsveg ville òg råka dette området. Uendra konsekvens.
Forureining		Området grensar til Opstadvegen, som er ein innfartsveg med relativt mykje trafikk. Det vil medføre trafikkstøy og støv. Området vil truleg gi meir støy på omgivnadane ved utrykkingar og kanskje ved diverse øvings- og vedlikehaldsarbeid. Vil truleg krevje støyskjerm som avbøtande tiltak og ev. andre støykrav i reguleringsplan i tråd med T-1442. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Områdets berggrunn er registrert med glimmergneis og moreneavsetning/lausmasser. Ligg ikkje med bergrettar, ikkje i uttaksregister, ikkje i grus- og pukkforekomst. Ubetydeleg verknad for mineralressursar. Endringa frå LNFR til tenesteyting og veg inneber tap av fulldyrka landbruksjord. Vil vera i strid med overordna mål om vern. Middels negativ konsekvens.

### 3.1.9.1 ROS-analyse – Fare for flaum frå vassdrag

#### 3.1.9.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum frå vassdrag.

#### 3.1.9.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for samfunnsfunksjonar med lokal beredskap som til dømes brannstasjon. Brannstasjon er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.1.9.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Ligg innanfor aktsomheitssone for flaum til vassdraget Dalabekk.
- Oppstuving av vatn ved fylkesveg 4360.
- Avrenning frå brannstasjonsområde til Dalabekken aukar vassmengden i bekken.
- Snøsmelting

#### 3.1.9.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.
- Høgdeforskjellar og plassering av brannstasjon vekker frå flaumsona/vasdraget.

#### 3.1.9.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Eksisterande bustader i nærleiken på sørsida av Dalabekken.
- Erosjonsfare på begge sider av Dalabekken.

#### 3.1.9.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreffer

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
		X	1000-årsflaum

#### Grunngeving for sannsynet:

- Ekstremvær er sjeldan.

#### 3.1.9.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse		X			<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Hendinga kan i verste fall føre til helseskade, drukning og dødsfall.
Stabilitet	X				<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Kritisk for brannstasjonsverksemda si drift dersom utstyr går

					tapt eller det er svikt i framkomst/evakuering.
<b>Materielle verdier</b>	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi store materielle skader dersom brannstasjonen og byggverk i nærleiken blir utsett for vatninntrenging eller raser ut på grunn av erosjon i bekken.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- middels konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- store konsekvensar for materielle verdier.

Flaumfare kan føre til livstruande hendingar. Brannstasjonen og byggverk kan verta skada av vassinntrenging, dermed høgare økonomiske tap. Kan òg føra til skade på fulldyrka mark.

**3.1.9.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg er for 200-årsflaum</li> <li>• Eigne flaumanalysar i plan 202102.</li> <li>• Uvist korleis klimaendringar påverkar lokalt.</li> </ul>

**3.1.9.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Plassering av brannstasjo utanfor flaumsone.
- Etablere vegetasjonsskjerm med trerekke langs Dalabekken for å redusera erosjonsfaren.

### 3.1.9.2 ROS-analyse – Svikt i infrastruktur til kritisk samfunnsfunksjon (brannstasjon)

#### 3.1.9.2.1 Skildring av uønska hending

- Bortfall av vatn, avløp, straum, og/eller kommunikasjon (IKT)

#### 3.1.9.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for samfunnsfunksjonar med lokal beredskap som til dømes brannstasjon. Brannstasjon er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.1.9.2.3 Årsaker

- Vasslekkasjer, brot på ledningar, driftsstans på vasspumper
- Manglande nedbør
- Straumutfall / manglande energi i systemet
- Feil eller brudd på nettet

#### 3.1.9.2.4 Eksisterande barrierar

- Beredskapsplan for vassforsyning, høgdebasseng, vaktordning for vatn og avlaup.
- Brannvesenet har eigne rutiner/systemer for å ivareta fortsatt drift av kommunikasjon ved uønska hendingar.
- Vassforsyningsreserver (f.eks. høgdebasseng og tankbil)
- Heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune
- Kartlegging av kor ledningar ligg.

#### 3.1.9.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Brannstasjonen er avhengig av at kommunikasjon, som telefon og internett, er operativt for nødsentralen.

#### 3.1.9.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreffer

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		1 gong i løpet av 10–100 år

#### Grunngeving for sannsynet:

- Kan forekomme graveskader, tekniske feil, overbelastning, menneskelige feil, manglende vedlikehold, og sabotasje og terror.

#### 3.1.9.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				Vurdert ut frå skadeomfang: Kan skje mindre alvorlege skader. Kan i verste fall føre til tap av liv ved hindra

					framkomst ved uttrykking.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Langvarig bortfall av lading på brannutstyr og kommunikasjonsbrot kan hindre framkomsten.
<b>Materielle verdjar</b>			X		<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Mindre økonomiske konsekvensar.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdjar.

Bortfall av lys, varme, ventilasjonsanlegg, lading av viktig utstyr og kommunikasjonssystem vil ha negative konsekvensar for mennesker og bygg, samt at vann- og avløp kan fryse.

**3.1.9.2.8 Usikkerheit**



<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sannsynet kan førekome av auka klimaendringar, samt sabotasje og terror.</li> </ul>

**3.1.9.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Alternativ tilførselsveg ved eventuelt brudd i ledningsnett.
- Etablere sekundærsystemer.
- Klargjere for redundant fibernett. Aukar pålitelegheita til nettverket/systemet.

### 3.1.10 Nærbø 10 – Omkøyringsveg og langsiktig grense landbruk Nærbø aust og nord

<b>Felt på kartet:</b>	
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterande formål:</b>	Veg-linje, gang- og sykkelveg-linje, byggegrenselinje (juridisk linje)
<b>Nytt formål:</b>	Veg-linje, gang- og sykkelveg-linje, byggegrenselinje (juridisk linje) (Uendra formål, berre forskyving i plassering)
<b>Arealstorleik:</b>	-
<b>Arealrekneskap:</b>	-
<b>Omtale:</b>	<p>Omkøyringsvegen får endra trasé på austida av Nærbø.</p> <p>Aust for Nærbø vert langsiktig grense utvida aust for krysset Opstadvegen x Store Ring for å betra trafikksituasjonen ved tilkopling av omkøyringsvegen og ny tomt til brannstasjon på Nærbø. Utvidinga er på 17,1 dekar. Denne utvidinga kjem utanfor langsiktige grense mot landbruk. Derfor er vegtrasé og den langsiktige grensa trekt inn 17,1 daa mellom Opstadvegen og Gudmestadvegen, slik at arealet innanfor langsiktig grense mot landbruk vert uendra.</p> <p>Nord for Nærbø vert traséen ikkje endra i høve kommuneplanen frå 2024, og går gjennom Pyttaskogen. Då intensjonen med vegen er vera for næringstrafikk og fri høgd, vil truleg vegen gå over jernbanen.</p>
<b>Bakgrunn:</b>	<a href="#">KS-sak 29/23 - Temasak om omkøyringsveg nord for Nærbø - ny vurdering</a>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	Naturfare
Oppsummert:	Mindre justeringar av omkøyringsveg aust for Nærbø. Uendra konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Justering av omkøyringsveg og langsiktig grense mot landbruket.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Endring av omkøyringsvegen aust for Nærbø påverkar ikkje nasjonale og regionale mål, sosial infrastruktur, investeringar.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Noko meir svingar på vegkurvaturen for strekninga aust for Nærbø, men dette har liten verknad på trafikktryggleiken. Noko negativ konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Kan påverka noko planlegginga av tiltak mot flaum frå overvatn utanfor Nærbø. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Vegen vil ligga mot flaumutsette område, og overvatnbassenget er framleis avsett i kartet. Hovudsakleg lik risiko som før. Høg risiko.
Store ulykker		Planlagde tiltak er som før og forandrar ikkje risikoen. Ikkje meir utsett enn andre hovudvegar. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		

Miljø		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Landbruksdominert område allereie avsett til omkøyringsveg. Ingen spesielle naturmangfald- eller landskapsverdiar vert råka. Unntak for naturmangfaldverdi gjeld der brannstasjon er planlagd, men dette er vurdert innanfor omtalt KU-område Nærbø 9. Uendra konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne vert direkte råka av endringane på omkøyringsvegen og langsiktig grense mot landbruk. Avstanden mellom <a href="#">Bø middelalderkyrkjegard</a> vert ikkje endra i høve kommuneplan vedteken i 2014. Opplevingsverdien av denne kyrkjegarden er låg då den ligg inntil tun med bygg som ligg nært mot nord og aust. Den vitskaplege verdien vert ikkje råka. Ubetydeleg konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Kryssar friluftslivområdet <a href="#">Bø</a> . Allereie avsett omkøyringsveg i tidlegare kommuneplan gjer det same. Uendra konsekvens.
Forureining		Støy frå omkøyringsveg. Bustader langs Bøvegen vert i større grad utsette for støy. Støytiltak vert naudsynt. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Endra plassering av omkøyringsvegen vil ikkje endra jord- og mineralressursane særskilt. Same areal innanfor langsiktig grense mot landbruket sjølv om grensa er justert. Uendra konsekvens.

### 3.1.10.1 ROS-analyse – Fare for flaum

#### 3.1.10.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på vegbane.

3.1.10.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)  
Sikkerheitsklasse F2 omfatter de fleste byggverk beregnet for personopphold. Årlig sannsynlighet 1/200. Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.1.10.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.

#### 3.1.10.1.4 Eksisterande barrierar

- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Værmeldinger og andre meldinger til befolkningen.

#### 3.1.10.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Overliggende område/nedslagsfelt i forhold til Nærbø
- Manglende flaumreducerende tiltak rundt Nærbø

#### 3.1.10.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgja av klimaendringar.

#### 3.1.10.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikkje relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			Vurdert ut frå tal og varigheit: Samfunnsfunksjoner kan verta råka då framkomst kan bli påverka.
Materielle verdiar		X			Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:

					Kan gi skade på veganlegg.
--	--	--	--	--	-------------------------------

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdier.

3.1.10.1.8 Usikkerheit



Usikkerheit	Grunngjeving
Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg.</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> <li>• Veganlegg er ikkje prosjektert.</li> </ul>

3.1.10.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Utbetring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Etablering av flaumveg til bortleiing av flaumvatn eller tiltak for å oppstuve flaumvatn

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.2.5.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Høgareliggande område/nedslagsfelt i forhold til Varhaug
- Eksisterande veger
- Kapasitet i vassdrag

#### 3.2.5.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgje av klimaendringar.

#### 3.2.5.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Området er ikkje for samfunnsfunksjoner som kan verta råka.
Materielle verdier		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på bygg og veganlegg.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

**3.2.5.2.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> </ul>

**3.2.5.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Lokale terrengmessige justeringar for å hindra oppstuving av vatn eller at vatn renn inn mot bygg eller at flaumveg vert lagt rundt.
- Utbetring av vassdrgates moglegheit til bortleiing av flaumvatn.
- Flaumrapport/-berekningar ved regulering.

### 3.2.5.3 ROS-analyse – Fare for forureining i grunn

#### 3.2.5.3.1 Skildring av uønska hending

- Forureina grunn.

#### 3.2.5.3.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggtknisk forskrift (TEK17)

Ikkje relevant.

#### 3.2.5.3.3 Årsaker

- Tidlegare bruk av næringseigedom.

#### 3.2.5.3.4 Eksisterande barrierar

- Byggtknisk forskrift (TEK17) stiller krav til undersøking av forureina grunn.
- Forurensningsforskrifta inneheld føresegner om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid.

#### 3.2.5.3.5 Sårbarheitsvurdering

- Mogleg forureining etter tidlegare traktorverkstad.

#### 3.2.5.3.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Basert på tidlegare bruk.

#### Grunngeving for sannsynet:

- Antar høg sannsynleik for forureina grunn der det har vore traktorverkstad.

#### 3.2.5.3.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse		X			Vurdert ut frå skadeomfang: Risiko for helseskadar ved arbeid med forureina massar.
Stabilitet				X	Vurdert ut frå tal og varigheit: Ikkje råka.
Materielle verdiar				X	Vurdert ut frå direkte skade på eigedom: Ikkje råka.

#### Samla grunngeving for konsekvens:

Den uønskte hendinga kan gje:

- middels konsekvensar for liv og helse,

Liv og helse kan vera utsett ved arbeid med massar som er forureina.

3.2.5.3.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Stor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ikkje utført miljø- eller grunnundersøkingar.</li></ul>

3.2.5.3.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Miljø- eller grunnundersøkingar.
- Bruk av verneutstyr og praktisera personleg hygiene ved arbeid med forureina massar.

### 3.2.6 Varhaug 6 – Flaumveg frå sentrum til Reiestadbekken (vest og aust)

<b>Felt på kartet:</b>	H190_OV
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterande formål:</b>	LNFR, friområde, bustad, tenesteyting, næring
<b>Nytt formål:</b>	Juridisk linje – overvatntrasé og omsynssone (H190_OV)
<b>Arealstorleik:</b>	8,4 dekar (daa)
<b>Arealrekneskap:</b>	1,9 dekar endrar føremål frå LNFR til overvatntrasé. 0,8 dekar endrar føremål frå friområde til overvatntrasé. 0,6 dekar endrar føremål frå bustad til overvatntrasé. 0,3 dekar endrar føremål frå tenesteyting til overvatntrasé. 4,8 dekar endrar føremål frå næring til overvatntrasé (allereie regulert i plan 1107C).
<b>Omtale:</b>	<p>Flaumveg som skal ta unna flaum- og overvatn på begge sider av jernbanen på Varhaug. Dette er for å ta unna overvatn som samlar seg i sentrumsområda. Flaumvegane vil renna ut i Reiestadbekken.</p> <p>Det er krav om open løysing naturbasert løysing i føresegnene. Endringa i kommuneplanen gjeld vidareføring av flaumvegar utanfor kommunedelplan for Varhaug sentrum si avgrensing. Flaumvegane var viste som løysing i sentrumsplanen for å leia vekk overvatn for å hindra flaum i sentrum. Endringa er dermed ei vidare oppfølging av sentrumsplanen.</p> <p>Flaumvegane sine traséar er tilpassa terrenget, sjølv om det kan verta endringar ved detaljplanlegging eller regulering av Reiestadmarka. Flaumvegen på austsida er allereie regulert i plan 1107C. Flaumvegen på vestsida er justert i høve eksisterande kanal ned til Reiestadbekken og er ansjå som ei teknisk justering.</p>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Flaumveg vil vera positivt for staden då det vil fanga opp flaum- og overvatn frå Varhaug. Ved å lede vatnet bort på ein trygg måte, vil det minske faren på eigendommene som er rundt vatnet.
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	I dagens situasjon er det fare for flaum langs aust og vestsida av jernbanen. Austsida av jernbanen er isolert frå sjøen og har ikkje utløp/flaumveg til sjøen pga. jernbanen. Omdisponeringa medføra ein uendra til positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	


<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Opne løysingar for dreneringsveger og handtering av flaum- og overvatn skal prioriterast i følge Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Open flaumveg bidreg til attraktive og levande bumiljø. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Påverkar ikkje den sosiale infrastrukturen, mobiliteten eller transporten i området.
Mobilitet og transport		Ingen konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Etablering av flaumvegane krev investeringar. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Dagens situasjon vil endrast positivt, sida flaumvegen er til for å handtere store nedbørsmengder og flaum. Den vil regulera vatnet. Låg risiko.
Store ulykker		Dagens situasjon vil ikkje endrast negativt og vil ikkje forandra risikoen for store ulykker. Låg risiko.

Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Flaumevegen har som føremål å unngå flaum og dermed kan ein unngå skade på for eksempel skoler, helseinstitusjonar, energiforsyninga og ulykker på veg. Flaumvegen er svært positiv i forhold til kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Noko fare for kjemikalieutslepp ved flaum. Middels risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Det er ikkje kjende registreringar i LNFR-området. Ingen grunn til å tru at det er viktig biologisk mangfald i området. Men kan vera hekkeområdet for trua arter som vipe/tjeld/stirsprove. Flaumveg må utformas som open løysing som støttar opp om biologisk mangfald. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		Området består av landbruksdominerte område som tidlegare er avsette til friområde, bustad og offentlege tenester. Open naturbasert flaumveg vil ikkje påverka landskapskarakteren. Ingen konsekvens.
Kulturmiljø		På vestsida av jernbanen kjem flaumvegen nær eit kulturminne (id <a href="#">64736</a> ), men det vert ikkje direkte råka. Flaumvegen går gjennom eit uavklart kulturminne (id <a href="#">64737</a> ) frå jernalderen som ifølge opplysingane har vore fulldyrka og ingen spor vart funne ved registrering i 1986. På austsida av jernbanen vil flaumvegen gå ved sida av kulturminna (id <a href="#">238035</a> og <a href="#">238036</a> ) innanfor regulert industriområde. Desse vert ikkje råka. Ubetydeleg konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Open naturbasert løysing kan bidra til grøn forbindelse gjennom Reiestadmarka. Positiv konsekvens.
Forureining		Ved flaum kan det vera noko fare for forureining til vatn frå bygde omgjevnader. Noko negativ konsekvens.

Jord- og mineralressursar (jordvern)		Verknad for mineralressursar er ubetydeleg. Endringa vil føre til noko tap av landbruksjord, men områda er allereie flaumutsette. Noko negativ konsekvens.
---	--	---

## 3.2.7 Varhaug 7 – Reiestadmarka

<b>Felt på kartet:</b>	Føresegnområde - Reiestadmarka
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	54/2

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Grøntstruktur, friområde, tenesteyting, bustad og LNFR
Nytt formål:	Grøntstruktur, friområde, tenesteyting, bustad og LNFR
Arealstorleik:	71,2 daa
Arealrekneskap:	
Omtale:	Føresegnområde for fleire areal på Reiestadmarka som er avsett til bustad, tenesteyting, grønntstruktur og friområde, og til LNFR. Føresegnområdet ligg innanfor langsiktig grense mot landbruk. Innanfor føresegnområdet er det krav om felles mogleighetsstudie for å kunna vurdere hovudgrep og endringar i arealføremål og deira avgrensning og plassering. Det er ikkje tillate med meir utbyggingsareal enn det som allereie er avsett i tidlegare kommuneplan.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Sikrar heilskapleg planlegging av området som kan gi betre samanhengar og møteplassar for tettstaden.
Negative konsekvensar:	Utbygging av området vil krevja store investeringar.
Oppsummert:	Føresegnområde for Reiestadmarka som sikrar heilskapleg planlegging av allereie avsette utbyggingsområde og område som kan verta utbygde seinare. Endrar ikkje utbyggingsareala. Uendra konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Mogleighetsstudie som sikrar heilskapleg planlegging og dannar grunnlag for regulering.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Føresegnområdet opnar ikkje for ytterlegare utbygging, men sikrar heilskapleg planlegging. Kan gjera området i større grad i tråd med nasjonale forventningar om kompakt areal- og transportplanlegging og fleire mål i regionalplan Jæren og Søre Ryfylke. Nedbygging på landbruksjord er negativt for jordvern, men areala er tidlegare avklarte. Føresegnområde kan gi betre utnytting av området. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Vil støtta opp om langsiktig arealstrategi om gode bumiljø i tettstadane. Vil ikkje auka omdisponerte LNFR-areal. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Utbygging her vil kunne gi fleire innbyggjarar i tettstaden. Det kan auka offentlege tenestebehov, men området inneheld allereie noko areal til offentlig tenesteyting som må sikrast i området. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Ligg nær sentrum og kollektivtilbod via jernbanen slik at miljøvennlege reiser er mogleg. Krev undergang under Varhaugvegen for å få trygg forbindelse til sentrum. Tilkomstveg må løysast saman med detaljreguleringsplan for Reiestadmarka (plan 1038-1).
Teknisk infrastruktur		Krev fleire store investeringar til adkomstveg, undergang vatn- og avlaupsnett, samt overvatn og flaumveg gjennom området. Middels negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Truleg ikkje relevant for dagens situasjon. Heilskapleg planlegging og bustader vil truleg vera positivt for å motverka kriminalitet i området. Uendra konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		

Uønska hending	Risiko (sannsyn x konsekvens)	Kommentar
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum frå vassdrag - Reiestadbekken. Ved store nedbørmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Endra arealføremål gir fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Flaumveg vil gå gjennom området. Høg risiko.
Store ulykker		Lik risiko som ved andre bustad- og byggeområde. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Det ei ikkje noko som tyder på at det er noko større risiko for til dømes straumbrot og brot i telekommunikasjon enn i andre bustadområde i tettstaden. Offentleg tenesteyting kan vera noko utsett for bortfall, men slikt skal vera handtert i eigne beredskapsplanar. Mogleighetsstudie kan bidra til at eventuell sårbar offentleg institusjon vert tryggare plassert og god trafikktryggleik i området. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Jordbruksdominert område med fulldyrka jord og gårdstun. Delar av området er allereie avsett til utbyggingsformål. Det må takast omsyn til kulturminne-lokaliteten <a href="#">64736</a> . Uendra konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Vil føra til nedbygging av dyrka mark, men avsett arealstorleik til utbyggingsområde vert ikkje endra frå tidlegare kommuneplan. Verknad for mineralressursar er ubetydeleg. Uendra konsekvens.

### 3.2.7.1 ROS-analyse – Fare for flaum frå vassdrag

#### 3.2.7.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum frå vassdrag.

#### 3.2.7.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggtknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for samfunnsfunksjonar. Årleg sannsynleik 1/1000. Bustad og bygg med personopphald er i sikkerheitsklasse F2. Årleg sannsynleik 1/200.

#### 3.2.7.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Ligg innanfor aktsomheitssone for flaum til vassdraget Reiestadbekken.
- Flaumveg frå Varhaug sentrum.

#### 3.2.7.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.
- Høgdeforskjellar og eksisterande kanal/bekk.

#### 3.2.7.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Avsette byggeområde på begge sider av Reiestadbekken..

#### 3.2.7.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følgje av klimaendringar.

#### 3.2.7.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse		X			<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Hendinga kan i verste fall føre til helseskade, drukning og dødsfall.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varighet:</b> Framtidige samfunnsfunksjonar kan verta råka.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi materielle skader på bygg og anlegg.

**Samla grunngeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- middels konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

**3.2.7.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg er for 200-årsflaum</li> <li>• Uvist korleis klimaendringar påverkar lokalt.</li> </ul>

**3.2.7.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Lokale terrengmessige justeringar for å hindra flaum inn mot bygg og uteareal.

## 3.2.8 Varhaug 8 – Omsynssone H540 grøntstruktur

<b>Felt på kartet:</b>	H540
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	-
Nytt formål:	-
Arealstorleik:	58,8
Arealrekneskap:	-
Omtale:	Grøntstruktur ut frå sentrum til fleire viktige målpunkt i tettstaden.



<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Gjev fleire positive verknader for tettstaden.
Negative konsekvensar:	Krev store investeringsbehov for å etablera desse grønne forbindelsane.
Oppsummert:	Grøntstruktur som bind saman viktige målpunkt i tettstadane. Positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Bidreg til livskraftige nabolag i regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Støtter opp om gode bumiljø og sentrumsutvikling. Positiv konsekvens.

Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Bidreg til miljøvennlege reiser.
Teknisk infrastruktur		Krev ein del investeringar for å etablere grøne forbindelsar. Kan råka private eigedommar. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Legg til rette for gode og trygge bumiljø. Uendra konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Endringa og tiltaket i seg sjølve vil ikkje vera meir utsett for uønska hendingar enn eksisterande gater og bygde område i tettstadane. Låg risiko.
Store ulykker		
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Støttar opp om trivelegare bustadmiljø og fleire grøne område for natur og biologisk mangfald. Positiv konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		Allereie utbygde område. Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Bidreg til betre forbindelsar mellom viktige målpunkt. Positiv konsekvens.
Forureining		Allereie utbygde område.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Ingen konsekvens.

## 3.2.9 Varhaug 9 – Lensmannsgarden

<b>Felt på kartet:</b>	FRI7, LNF10
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 42 bnr. 225, 20 og 31

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Frionråde, boligbebyggelse
Nytt formål:	Frionråde, LNFR
Arealstorleik:	3,4 daa
Arealrekneskap:	3,2 dekar endrast frå frionråde til LNF. 0,2 dekar endrast frå boligbebyggelse til frionråde.
Omtale:	Tilbakeføring av frionråde til LNF. Opprinneleg var hensikta å laga turveg på utsida av bustadområdet ved Lensmannsgarden. I stadenfor vert turgåarar leie inn gjennom bustadområdet framfor på utsida.
Bakgrunn:	Behandling av merknad 54 frå A. Varhaug i <a href="#">merknadshefte til behandling i KPU-møte 17. oktober 2023</a> .

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Jordvern vert i større grad ivareteke.
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Omlegging av turveg-trasé til å gjennom bustadområde. Førar til tilbakeføring av landbruksområde til LNFR-føremål.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Moglegheitsstudie som sikrar heilskapleg planlegging og dannar grunnlag for regulering.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Positivt for jordvern.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Positivt for lokalt jordvernmål i langsiktig arealstrategi. Målsettinga om turveggar i nærmiljøet er fortsatt ivareteke. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje gi befolkningsvekst og vil ikkje belasta tenesteyting ekstra. Ingen konsekvens.
Mobilitet og transport		Opprettheld mobiliteten. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Krev lite investering. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje aktsemdssone flaum. Låg risiko.
Store ulykker		Ikkje større fare enn andre turområde for uønska hendingar. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Endringa er ubetydeleg for miljøverdiane. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Noko positiv konsekvens for jordvern, då fulldyrka mark vert tilbakeført til LNF.

### 3.2.10 Samla vurdering av verknader for Varhaug

På Varhaug er det fleire område som endrar arealføremål utan at bruken vert endra. Det er òg oppretta to flaumsoner i tillegg til eit par vegareal. Den største endringa er at mykje av næringsområdet på Varhaug aust vert endra til bustad. For samfunnstryggleik er det hovudsakleg flaum som må handterast for fleire av områda som vert endra.

### 3.3 ENDRINGAR PÅ VIGRESTAD

#### 3.3.1 Vigrestad 1 – Vigrestad sør (Vigrestadvegen)

<b>Felt på kartet:</b>	B6, B7, IDR5
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Vigrestadvegen 30 (gnr./bnr. 77/197 og 77/4)

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterande formål:</b>	Næring, Friområde, Bustad
<b>Nytt formål:</b>	Bustad, idrettsanlegg
<b>Arealstorleik:</b>	5,5 daa
<b>Arealrekneskap:</b>	2,5 daa næringsareal endrar føremål til bustad. 0,7 daa næringsareal endrar føremål til bustad. 1,1 daa friområde endrar føremål til idrettsanlegg. 1,2 daa bustad endrar føremål til idrettsanlegg.
<b>Omtale:</b>	Områda ligg sentralt i bustadfelt sør for Vigrestad sentrum. Med stoppestad for jernbanen i vest og storskule og idrettsanlegg i aust. Eiendom gnr./bnr. 77/197 er avsett til bustadformål, og består i dag av rekkehus. Eigendommen 77/4 er avsett til bustadformål, og består i dag av ein leikeplass og grusbakke. 77/4 blei endra til bustadføremål då eigendommen ikkje egna seg til bruk av næringsformål. Eigendommen 77/4 er dessutan disponert som baneanlegg for radiostyrte biler og vert endra frå friområde til idrettsanlegg.

<b>Samla vurdering</b>	
<b>Alternativ:</b>	
<b>Positive konsekvensar:</b>	Omdisponeringa av næringsområde til bustad støttar opp om kommunen si langsiktige arealstrategi om å konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane for å ta omsyn

	til jordvern, biologisk mangfald og kulturlandskap. Det er infrastruktur, kollektivtransport og tenester i nærleiken, noko som legg til rette for å utnytte og vidareutnytte sosial og teknisk infrastruktur.
Negative konsekvensar:	Krev investering i vatn- og avlaupssystem. Åtkomstsituasjon må løysast.
Oppsummert:	Tilpassing av areal til omkringliggende og gjeldande bruk av areal. Positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	


<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Vigrestad er eit regionalt prioritert utviklingsområde. Endring i status samsvarar med regionplan Jæren og Søre Ryfylke om fortetting. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi, konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane gjennom fortetting og transformasjon. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endring av føremål kan gje befolkningsauke. Det kan bidra til meir balansert befolkningssamansetning. Det er viktig med ei befolkningsauke for å oppretthalda grunnlaget for jernbanestasjon og nærbutikk. Stor positiv konsekvens.
Mobilitet og transport		Området ligg sentralt i bustadfelt sør for Vigrestad sentrum. Det er i underkant av 1 km til jernbanestoppet ved Vigrestad stasjon. Det er ikkje behov for endring i tilkomstveggar og sykkel/gangveggar. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Noko av området er ikkje bygd, og det kan vera aktuelt med investeringar i vatn og avlaup. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fleire bustadar i tettstaden vil antakeleg gi eit tryggare miljø. Fortetting legg til rette for gode og trygge bumiljø. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		

Uønska hending	Risiko (sannsyn x konsekvens)	Kommentar
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdsone for flaum. Endra arealføremål gir ikkje auka risiko for naturfare. Låg risiko.
Store ulykker		Området ligg i nær tilknytning til bustadområde. Det er ikkje noko som tyder på at det er noko større risiko for større ulykker her enn i vanlege bustadområde i stasjonsbyane. Området ligg ikkje nært noko med potensiell fare. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Endringane i arealføremål vil ikkje forandra risikositasjonen for ei ikkje ønske hending skjer. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Dagens situasjon blir ikkje endra som følgja av endra arealformål. Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikositasjonen for ei ikkje ønske hending skjer.
<b>Miljø</b>		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Området er utbygd. Det er ingen kjende registreringar av naturmangfald, landskapsverdiar eller kulturminna innanfor eller i nærleiken av området. Uendra konsekvens.
Landskap		Området rundt er utbygd. Det er ikkje landskapsverdiar innanfor eller i nærleiken av området som vert påverka av endringa. Ubetydeleg verdi og påverknad gjer ubetydeleg miljøskade. Ingen konsekvens
Kulturmiljø		Det er ingen kjente kulturminne i området. Sidan området er utbygd, er truleg potensiale for funn lågt. Dette gjer ubetydeleg verdi og påverknad og dermed ubetydeleg miljøskade. Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Deler av området blir benytta som baneanelgg for radiostyrte bilar, og er eit viktig område for rekreasjon. Det er mange barn og unge som oppheld seg

		på staden, med nær tilknytning til Vigrestad idrettsanlegg og bustadfelt. Positiv konsekvens.
Forureining		Området vert utsett for støy frå jernbanen. Hovudsakleg ikkje frå tidlegare bruk, med unntak av ny bustadeigedom som er noko utsett. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Innanfor tettstad og hovudsakleg utbygd. Ingen konsekvens.

### 3.3.2 Vigrestad 2 – Vigrestad øst (Vigrestad barnehage og Vigrestad idrettsklubb)

<b>Felt på kartet:</b>	T7, T8, IDR6, LNF11
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./Bnr. 77/151, 77/105, 77/359, 77/75. 77/104. 79/9

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterende formål:</b>	Frionråde
<b>Nytt formål:</b>	Tenesteyting, Idrettsanlegg, samferdselslinjer (hovudveg, gang- og sykkelveg)
<b>Arealstorleik:</b>	96,2 daa
<b>Arealrekneskap:</b>	28,4 daa frionråde endrar føremål til tenesteyting. 60,1 daa frionråde endrar føremål til idrettsanlegg. 2,7 daa LNF-areal endrar formål/bruk til samferdselslinjer for veg og gang- og sykkelveg. 7,7 daa frionråde endrar formål til LNFR.
<b>Omtale:</b>	Endringa gjeld tidlegare avsett frionråde som vert endra til idrettsanlegg som er meir riktig føremål i forhold til bruken. Deler av frionrådet vert òg endra til tenesteyting då det er behov for å utvida skuleanlegget. Området ligg aust for Vigrestad sentrum, og består i dag av Vigrestad storskule, fleire idrettsbanar og idrettsanlegg med treningssenter og handballhall. Det er òg føreslege ei adkomstgate mellom Haugstadvegen og Aniksdalvegen (fv. 4334). Adkomstgata krev at langsiktig grense vert justert. Hensikten med adkomstgata er betre henting og levering av barn og tryggare adkomst og kortare skuleveg for barn frå Stokkalandsmarka. Langs adkomstgata skal det vera fortau.
<b>Bakgrunn:</b>	Behovet for utviding av Vigrestad skule vart behandla i <a href="#">KS-sak 84/22</a> .

	Forslaget om adkomstgate vart føreselege og vedteke som eit trafikalt grep i <a href="#">KPU-sak 2/23</a> .
--	---

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	Rogaland fylkeskommune fremja motsegn til plasseringa av ny skuletomt på Vigrestad då Hå kommune ikkje hadde sett tilstrekkeleg på eit alternativ med bruk av tomta som ligg nær sentrum. Gjennom drøfting og mekling etter høyringa, vart det utarbeidd moglegheitsstudie for plassering av ny skule der konsekvensane av alternativ plassering på gjeldande tomt nær sentrum blei vurdert. I meklinga blei IDR6, T7, T8 og LNF11 avklart, meklingsprotokoll datert 21.08.2023.
Positive konsekvensar:	Vigrestad idrettsanlegg og skuleanlegg ligg med kort veg til Vigrestad sentrum. Området ligg mellom bustadar og næringsverksemd. Omdisponeringa av friområde til idrettsanlegg og tenesteyting medfører eit større område tilrekna idrettslivet på staden. Området blir i dag benytta av mange barn og unge både på ettermiddag- og kveldstid, men også i skuletida for dei nærliggande skulane
Negative konsekvensar:	Området tek landbruksjord.
Oppsummert:	Hovudsakleg ubetydeleg endring.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Strir med nasjonalt og regionalt jordvernmål då utbygging førar til nedbygging av landbruksjord. Området er innanfor langsiktig grense for landbruk. Middels negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir med langsiktig arealstrategi om minst mogleg nedbygging av jordbruksareal. Området er innanfor langsiktig grense for landbruk og var tidlegare avsett til friområde meint for utviding av idrettsanlegg. Noko negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Nytt skuleområde bidreg til nye tenestebehov. Positiv konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er lokalisert nær Langgata i Vigrestad, og om lag 1 km frå Vigrestad

		stasjon (jernbane) og 3 km frå Stokkalandsmarka. Det er busshaldeplass på området. Adkomstgata kortar ned reisetida og - lengden spesielt for elevar frå Stokkalandsmarka. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Nytt skulebygg krev investeringar i bygg, vatn, avlaup, tilkomst, flaumhindrande tiltak, m.v. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Området er aktivitetsfremmande og gir eit positivt bidrag til oppvekstmiljøet på Vigrestad. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Området ligg i aktsemdssone for flaum . Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Endra arealføremål gir fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Høg risiko.
Store ulykker		Endringar i formålet vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Forslaget om adkomstgate vil truleg redusera sannsynet for trafikkulykke for reiser til og frå skule- og idrettsområda, jf. faktaark i KPU-sak 2/23. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Fulldyrka jord. Liten risiko for tidlegare utslepp. Endringa endrar ikkje risikoen. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Landbruksdominert område i austre ytterkant av Vigrestad. Påverknaden vil vera ubetydeleg sidan ingen registrerte naturmangfaldverdiar vert råka. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		Jordbruksdominert område i randen av Vigrestad tettstad på austida. Endringa av arealføremål vil endre landskapskarakteren til området med større bygg. Noko negativ konsekvens.

Kulturmiljø		Det blei fjerna kulturminne frå staden i 1945. Det kan likevel ikkje vera utenkeleg at det vil vera fleire kulturminne i området. Noko negativ konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Det er eit svært viktig område for rekreasjon og idrettslivet på staden. Det er svært mange barn og unge som deltek i aktivitetar på ettermiddag- og kveldstid. Anlegga vert også brukt av fleire nærliggande skular på dagtid. Påverknaden frå endringa vil vera utan betydning då arealformålet støttar opp om gjeldande bruk. Ingen konsekvens.
Forureining		Området er stort sett ikkje råka av støy frå vegtrafikk eller jernbanen. Litt av idrettsanlegget er råka. Ubetydeleg konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Bergart i området er granodiorittisk gneis og lausmasser (moreneavsetning). Råker ikkje område registrerte med bergrettar, i uttaksregister eller forekomstar. Ubetydeleg verknad for mineralressursverdiar.  Endringa inneber tap av landbruksjord. Jorda består av dyrkbar jord og har svært god jordkvalitet. Området er innanfor langsiktig grense for landbruk og var tidlegare avsett til friområde meint for utviding av idrettsanlegg. Middels negativ konsekvens.

### 3.3.2.1 ROS-analyse – Fare for flaum

#### 3.3.2.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på skuleområde.

#### 3.3.2.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar byggverk rekna for skule og barnehage. Årleg sannsyn 1/200. Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.3.2.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.

#### 3.3.2.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.3.2.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Høgareliggende område/nedslagsfelt i forhold til Vigrestad

#### 3.3.2.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørsmengder som følge av klimaendringar.
- Vigrestad er svært utsett for flaum.

#### 3.3.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Framtidige samfunnsfunksjonar kan verta råka.

<b>Materielle verdier</b>	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Tettstaden Vigrestad er svært utsett for flaum.
---------------------------	---	--	--	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskta hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- store konsekvensar for materielle verdier.

3.3.2.1.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> </ul>

3.3.2.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.
- Flaumbed
- Sørge for lokal overvasshandtering i tråd med tretrinnsstrategien.
- Lokale terrengmessige justeringar/heving for å hindra flaumvatn inn på skuleområdet
- Flaumvoll

## 3.3.3 Vigrestad 3 – Grønholtsvegen (forlengelse)

<b>Felt på kartet:</b>	V3
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./bnr. 76/547

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Veg
Arealstorleik:	3,5 daa
Arealrekneskap:	3,5 daa LNFR endrar føremål til veg.
Omtale:	Vegareal på Grønholtsvegen fv. 4336 som tidlegare har hatt LNFR- føremål vert endra til veg og gjev noko utvidingsmoglegheit. Hovudsakleg teknisk justering.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Trafikkseparering
Negative konsekvensar:	Støy og noko nedbygging av dyrka mark.
Oppsummert:	Området har vore veg lenge, det er ei endring til føremål som høver meir til bruken av området. Noko negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Medfører omdisponering av små areal av landbruksjord til veg. Mykje av vegarealet er allereie nytta til veg.

		Området er innanfor langsiktig grense mot landbruk. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Ein kommunal strategi er minst mogleg nedbygging av jordbruksareal, men nedbygginga er innanfor langsiktig tettstadsgrense mot landbruk. Faktisk nedbygd areal vert mindre enn avsett areal då mykje av vegen allereie er etablert. Noko negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bruken vert ikkje endra. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Vert mogleg å etablera gang- og sykkelveg knyta til vegen. Endringa vil ikkje gi endringar i transportmønster. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Bygging av veg krev investering. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Området ligg i aktsemdssone for flaum. Ved store nedbørsmengda må det vera kapasitet for bortledning av overvatn. Området er allereie i bruk som veg og arealet av LNFR er lite. Endra arealføremål gir ikkje auka risiko for naturfare. Høg risiko.
Store ulykker		Endring i arealføremål endrar ikkje bruken vesentleg. Trafikkseparering aukar trafikktryggleiken noko. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Dagens situasjon blir ikkje endra som følgja av endra arealformål. Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer.
Verksemdsrisiko		Sidan ny bruk er veg, vil det vera liten risiko knytt til det. Vil vera lik tilsvarande område med tilsvarande bruk. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Naturmangfald		Ingen spesielle miljøverdier. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		Endringa kan føra til at trafikk- og transportmønster i området auker, noko som kan gi ein auke i forhold til støy. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Verknad for mineralressursar er ubetydeleg. Endringa fører til mindre reduksjon i jordbruksareal. Området er innanfor langsiktig grense mot landbruket. Noko negativ konsekvens.

### 3.3.3.1 ROS-analyse – Fare for flaum

#### 3.3.3.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på vegbane.

#### 3.3.3.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.3.3.1.3 Årsaker

- Hyppigare og meir intens nedbør på grunn av klimaendringar.
- Hardt dekke på bebygd område
- Ligg innanfor aktsemdsone for flaum.

#### 3.3.3.1.4 Eksisterande barrierar

- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.3.3.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Høgareliggande område/nedslagsfelt i forhold til Vigrestad

#### 3.3.3.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Auka frekvens for store nedbørmengder som følgje av klimaendringar.
- Vigrestad er svært utsett for flaum.

#### 3.3.3.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Framkomst for kristiske samfunnsfunksjonar kan verta råka.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b>

					Tettstaden Vigrestad er svært utsett for flaum. Fare for utvasking av veg.
--	--	--	--	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.3.3.1.8 Usikkerheit



Usikkerheit	Grunngjeving
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg</li> <li>• Begrensa kunnskap om VA-nett.</li> </ul>

3.3.3.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Betring av kommunalt VA-nett og flaumhindrande tiltak rundt tettstaden.

## 3.3.4 Vigrestad 4 – Øen-garden

<b>Felt på kartet:</b>	FRI9, LNF12, byggegrense (langsiktig grense landbruk)
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 76 bnr. 11 og 13

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	LNFR, friområde
Nytt formål:	LNFR, friområde
Arealstorleik:	6,0 daa
Arealrekneskap:	5,0 daa friområde endrar formål til LNFR-formål. 1,0 daa LNFR endrar formål til friområde.
Omtale:	Endring av langsiktig grense (byggegrense) ved Øen-garden og tilbakeføring av friområde til landbruksområde. Langsiktig grense vert trukken inn til allereie bygde område. Turveg (friområde) vert lagt om. Gjer at Øen-garden ikkje lenger kan byggast ut i framtida.
Bakgrunn:	Gjennom mekling om nye næringsareal på Kviamarka, vart inntrekking av langsiktig grense ved Øen-garden ei av forutsetningane for å kunna utvida næringsarealet på Kviamarka av omsyn til jordvern. Jf. <a href="#">mekling</a> om Kviamarka næringsområde.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Jordvern og vidareutvikling av Kviamarka næringsområde

Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Tilbakeføring av landbruksareal frå utbyggingssida av langsiktig grense landbruk til kjerneområde landbruk, for å kunna utvida Kviamarka næringsområde.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Positivt for jordvern. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til vidareutvikling av Kviamarka næringsområde og jordvern. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bruken i høve eksisterande bruk vert ikkje endra. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Området ligg i aktsemdssone for flaum, men det er ikkje lagt opp til byggverk. Ikkje større fare enn andre turområde/landbruksområde for uønska hendingar. Låg risiko.
Store ulykker		
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ubetydeleg konsekvens for miljøverdiane. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Bidreg til at Kviamarka næringsområde si utviding ikkje førar til at fleire lannbruksareal i Hå kommune vert nedbygde. Uendra konsekvens.

## 3.3.5 Vigrestad 5 – Småhaugane

<b>Felt på kartet:</b>	LNF13
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./bnr. 74/1

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Næringsbebyggelse, andre typer bebyggelse og anlegg
Nytt formål:	LNFR
Arealstorleik:	9,9 daa
Arealrekneskap:	6,7 daa næringsbebyggelse endrar formål til LNFR. 3,2 daa andre typer bebyggelse og anlegg endrar formål til LNFR
Omtale:	Tilbakeføring av avsett næringsområde til landbruk.
Bakgrunn:	Gjennom mekling om nye næringsareal på Kviamarka vart tilbakeføringa ei av forutsetningane for å kunna utvida næringsarealet på Kviamarka, av omsyn til jordvern. Jf. <a href="#">mekling</a> om Kviamarka næringsområde.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Jordvern og vidareutvikling av Kviamarka næringsområde
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Tilbakeføring av avset næringsområde for å kunna utvida Kviamarka næringsområde.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Positivt for jordvern. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til vidareutvikling av Kviamarka næringsområde og jordvern. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bruken i høve eksisterande bruk vert ikkje endra. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Området ligg i aktsemdssone for flaum, men det er ikkje lagt opp til byggverk. Ikkje større fare enn andre landbruksområde for uønska hendingar. Låg risiko.
Store ulykker		
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ubetydeleg konsekvens for miljøverdiane. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Bidreg til at Kviamarka næringsområde si utviding ikkje førar til at fleire landbruksareal i Hå kommune vert nedbygde. Uendra konsekvens.

### 3.3.6 Samla vurdering av verknader for Vigrestad

Endringane på Vigrestad er hovudsakleg ubetydelege samanlikna med

kommuneplanen frå 2014, då råka areal allereie var avsett til utbyggingsområde.

Utviding av skule, barnehage og idrettsanleg aust på Vigrestad er likevel negativt frå eit jordvernmålsperspektiv og krev store investeringskostnader. Utanom dette er dei samfunnsmessige konsekvensane gode. Miljøverdiane vert ikkje spesielt råka, og det same gjeld samfunnstryggleik.

## 3.4 ENDRINGAR I STOKKALANDSMARKA

### **Merknad om kartet for Stokkalandsmarka**

Store areal er viste med framtidig arealstatus sjølv om dei er avklart i tidlegare rullering av kommuneplanen. Dette er på grunn av dei store investeringane som skal gjerast.

### 3.4.1 Stokkalandsmarka 1 – Industriområde Stokkalandsmarka sør (utviding) (utgått)

Forslaget er teke vekk, jf. avgrensa høyring frå oktober 2023.

## 3.4.2 Stokkalandsmarka 2 – Stokkalandsmarka sentrum

<b>Felt på kartet:</b>	B8, B9, T9
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Stokkalandsmarka sentrum

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Sentrumsføremål
Nytt formål:	Bustad, Offentleg eller privat tenesteyting.
Arealstorleik:	28,6
Arealrekneskap:	3,4 daa sentrumsføremål og 11,4 daa sentrumsføremål endrar føremål til bustad. 13,8 daa sentrumsføremål endrar føremål til tenesteyting.
Omtale:	Endring ved framtidig planlagd sentrum i Stokkalandsmarka vert samkøyrt med pågåande arbeid med sentrumsplan for Stokkalandsmarka, planID 1197. Endringa inneber eit meir kompakt sentrumsområde og eit område avsett til tenesteyting, meir tilpassa Stokkalandsmarka sine behov. Sentrumsområdet ligg aust for det allereie etablerte bustadfeltet på Stokkalandsmarka og ligg om lag 3 km frå Vigrestad sentrum og om lag 3 km frå Brusand stasjon (jernbane). Området er ein del av plan 1197 som har til føremål å regulera sentrumsområdet med bustad, skule, barnehage, næring, idrett, kultur, veg- og friluftsmål.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	I tråd med kommunen si målsetting om å leggja til rette for sosial og teknisk infrastruktur, og vil i tillegg vera positivt for befolkningsutviklinga.
Negative konsekvensar:	Området er ubyggd, som kan ha noko negativ konsekvens for landskapet.

Oppsummert:	Justering av planlagde sentrumsområde på Stokkalandsmarka. Endring av status vil ha uendra konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Endring i føremål vil ikkje vera i strid med nasjonale og regionale mål og føringar. Justeringa skyldast tilpassing til Stokkalandsmarka sine behov og støttar framleis om sentrumsutvikling og livskraftige nabolag og levande sentrumsområde. Uendra konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Er i tråd med kommunen si målsetting om å fortetta i stasjonsbyane og Stokkalandsmarka og levande sentrumsområde. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Det blir tilrettelagt for sosial og teknisk infrastruktur. Kan bidra til at Stokkalandsmarka får fleire tilbod og vert ein meir attraktiv stad å bu som aukar befolkningsutviklinga. Positiv konsekvens.
Mobilitet og transport		Området ligg i kort avstand til bussholdeplass. Det er også plassert bysykler på staden. Endringane støttar framleis opp om fleire tilbod i Stokkalandsmarka som kan bidra til mindre bilbruk, slik som tidlegare plansituasjon. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det må investerast i ny infrastruktur i området i forbindelse med ny bustadutvikling og tenesteyting. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fleire tenestetilbod og bustadar vil antakeleg gi eit tryggare miljø då det bidreg til meir liv. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b>	<b>Kommentar</b>

	(sannsyn x konsekvens)	
Naturfare		Området ligg ikkje i aktsemdssone flaum. Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikositasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer. Området ligg ikkje nært noko med potensiell fare. Låg risiko.
Store ulykker		Dagens situasjon blir ikkje endra som følgja av endra arealformål. Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikositasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer. Området ligg ikkje nært noko med potensiell fare.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Det er ikkje noko som tyder på at det er noko større risiko for straumbrot og brot i telekommunikasjon enn i vanlege bustadområde. Tenesteyting kan vera ekstra utsett for hendingar som straumbrot og bortfall av telekommunikasjon. Brann vil òg vera ei alvorleg hending dersom det er menneske med redusert mobilitet på staden. Middels risiko.
Verksemdsrisiko		Verksemdsrisiko avheng av type tenestetilbod som vert etablert. Området har ikkje vore utbygd tidlegare. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ubebygd område. Endringa skjer nær registrert <a href="#">Kystlynghei-område</a> med viktig verdi, men dette vert ikkje direkte råka. Endring av føremål råkar ikkje særskilte landskapsverdiar. Området var allereie avsett til utbyggingsformål. Uendra konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		Det er registrert fleire kulturminne som gravhaugar (Sandve, gravfelt) i nærleiken av området. Desse vert ikkje direkte råka av endringane og området var allereie avsett til utbyggingsformål. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Eit framtidig bustadområde vil truleg gjer at fleire stadar for rekreasjon blir laga. Positiv konsekvens.

Forureining		Området ligg i nærleiken av etablert bustadsområde. Endring av føremål vil ikkje situasjonen. Uendra konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Råker ikkje område registrerte med bergrettar, i uttaksregister eller forekomstar. Bergarten i området er <u>anortositt</u> og er sett på som ein viktig bergart. Lite hensiktsmessige å ha uttak av denne forekomsten då området ligg i ytterkant av tettstad og bygde område. Derfor liten verknad for mineralressursverdiar. Endringa vil ikkje påverka jordressursar og mineralressursar. Uendra konsekvens.

### 3.4.2.1 ROS-analyse – Svikt i infrastruktur til kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.4.2.1.1 Skildring av uønska hending

- Bortfall av vatn, avløp, straum, og/eller kommunikasjon (IKT)

#### 3.4.2.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg for sårbare samfunnsfunksjonar og grupper i befolkninga. Kommunale avlastningsbustader er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.4.2.1.3 Årsaker

- Vasslekkasjer, brot på ledningar, driftsstans på vasspumper
- Manglande nedbør
- Straumutfall

#### 3.4.2.1.4 Eksisterande barrierar

- Beredskapsplan for vassforsyning, høgdebasseng, vaktordning for vatn og avlaup.
- Beredskapsplanar hjå helseinstitusjonane.
- Vassforsyningsreserver (f.eks. høgdebasseng og tankbil)
- Heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune

#### 3.4.2.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Sårbare grupper / brukere
- Helseinstitusjon

#### 3.4.2.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Sannsynet for bortfall av ein eller fleire av slike typar infrastruktur skjer er truleg høg.

#### 3.4.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.
Stabilitet	X				Vurdert ut frå tal og varigheit: Forstyrringar i kritiske samfunnsfunksjoner.

<b>Materielle verdier</b>			X		<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Medfører sjeldan vesentlege skader på materielle verdier.
---------------------------	--	--	---	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdier.

3.4.2.1.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Historisk statistikk for slike hendingar.</li> </ul>

3.4.2.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Sikra naudsynt kapasitet av vassforsyning.
- Eventuelt skaffa fleire naudvasstankar.
- Naudstraumaggregat
- Samarbeid med Jæren Everk
- Jamn oppdatering/revidering av heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune for å vurdere tiltak

### 3.4.2.2 ROS-analyse – Brann hjå kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.4.2.2.1 Skildring av uønska hending

- Brann i offentlege bygg / kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.4.2.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Ikkje relevant.

#### 3.4.2.2.3 Årsaker

- Branntilløp i bygning grunna tekniske eller menneskelege årsaker.

#### 3.4.2.2.4 Eksisterande barrierar

- Kommunal brannberedskap
- Gjennomføra branntilsyn i risikoobjekt/risikogrupper
- Utfører objekttilsyn og objektplanar
- Informasjons- og motivasjonstiltak
- Feiing og tilsyn i bustad/ fritidsbustad
- Internkontrollsystem
- Tilstrekkeleg dimensjonert og organisert brannvesen/brannordning
- Tekniske-, bygningsmessige- og branntekniske tiltak (aktive og passive)

#### 3.4.2.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Sårbare grupper / brukere
- Helseinstitusjon

#### 3.4.2.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Sannsynet for storbrann er stor.

#### 3.4.2.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse		X			Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.
Stabilitet		X			Vurdert ut frå tal og varigheit: Små forstyrringar i dagleglivet, men brukarane må flyttast.
Materielle verdiar		X			Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:

					Skader på materielle verdier 3-30 mill. kr.
--	--	--	--	--	---

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- middels konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdier.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk.

**3.4.2.2.8 Usikkerheit**


<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kommunen har tilgang på relevante data.</li> </ul>

**3.4.2.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Vidareføra eksisterande tiltak og brannførebyggjande arbeid retta mot særskilte brannobjekt og tilsyn av desse.
- Vurdera anskaffing av evakueringsmasker til uttak på røykdykkarapparata.
- Følgja opp DSB sine føringar etter NOU Trygg hjemme, og prioritera utsette grupper.
- Oppretthalda brannstasjonsstruktur i høve krava til innsatstid.

## 3.4.3 Stokkalandsmarka 3 – Tilbakeføring landbruk

<b>Felt på kartet:</b>	LNf14, LNf15, LNf16
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./bnr. 1074, 107/9, 109/5, 109/21, 109/4

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Boligbebyggelse
Nytt formål:	LNFR
Arealstorleik:	51 daa
Arealrekneskap:	51 daa boligbebyggelse endrar formål til LNFR.
Omtale:	Tilbakeføring av avsett bustad til landbruk.
Bakgrunn:	Gjennom meking om nye næringsareal på Kviamarka vart tilbakeføringa ei av forutsetningane for å kunna utvida næringsarealet på Kviamarka, av omsyn til jordvern. Jf. <a href="#">mekling</a> om Kviamarka næringsområde.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Jordvern og vidareutvikling av Kviamarka næringsområde
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Tilbakeføring av avsett bustad for å kunna utvida Kviamarka næringsområde.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Positivt for jordvern. Positiv konsekvens.

Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til vidareutvikling av Kviamarka næringsområde og jordvern. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bruken i høve eksisterande bruk vert ikkje endra. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ikkje større fare enn andre landbruksområde for uønska hendingar. Låg risiko.
Store ulykker		
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ubetydeleg konsekvens for miljøverdiane. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Bidreg til at Kviamarka næringsområde si utviding ikkje førar til at fleire landbruksareal i Hå kommune vert nedbygde. Uendra konsekvens.

### 3.4.4 Samla vurdering av verknader for Stokkalandsmarka

Sentrums- og næringsområde bidreg til fleire gjeremål innanfor tettstaden og ein enklare kvardag, og har på mange måtar fleire positive samfunnsmessige konsekvensar, sjølv om det krev investeringskostnader i teknisk infrastruktur. Fleire utbyggingsområde vert avsette til landbruksområde (LNFR) grunna utvidinga på Kviamarka næringsområde.

## 3.5 ENDRINGAR PÅ BRUSAND

### 3.5.1 Brusand 1 – Kvermefloen

<b>Felt på kartet:</b>	B12a, B12b, V4, TD1, P1, T10, BG1, V5 og V6
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterende formål:</b>	Bustad, næring og LNFR
<b>Nytt formål:</b>	Bustad, veg, turdrag, tenesteyting, LNFR, blå- og grønstruktur.
<b>Arealstorleik:</b>	37,1 daa
<b>Arealrekneskap:</b>	23,3 daa bustad endrar ikkje formål, men vert transformert. 1,5 daa næring endrar føremål til bustad. 2,8 daa bustad endrar føremål til veg. 0,9 daa bustad endrar føremål til parkering. 2,3 daa LNFR endrar føremål til tenesteyting. 2,1 daa LNFR endrar føremål til blå- og grønstruktur. 1,8 daa LNFR endrar føremål til veg. 2,4 daa bustad endrar føremål til veg.
<b>Omtale:</b>	Samkøying av kommuneplanen og pågåande arbeid med områdereuleringsplan for Kvermefloen på Brusand, plan 1169. Endringane legg til rette for ny barnehage, transformasjon og fortetting av bustadområdet og endring av trafikale forhold med blant anna meir fortau langs Stokkalandsvegen. Området er sentralt på Brusand ved Stokkalandsvegen og Fuglestadvegen og langs jernbanen. I dag er det litt sprette bygg og landbruksjord på området. Det er viktig med ei befolkningsauke for å oppretthalda grunnlaget for jernbanestasjon og nærbutikk.
<b>Bakgrunn:</b>	Endring i tråd med plan 1169.

	Bakgrunnen for B12b kjem frå behandling av merknad 108 frå J. Skaara i <u>merknadshefte til behandling i KPU-møte 17. oktober 2023.</u>
--	---

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Førar til befolkningsauke, kan vera kriminalitetsførebyggjande, nytt mindre turdrag, ny barnehage og fortau langs Stokkalandsvegen.
Negative konsekvensar:	Området slitar med overvatn og krevjar investeringar for å handtera mykje nedbør. I tillegg er det nedbygging av landbruksjord.
Oppsummert:	Planlagt utbyggings- og transformasjonsområde til barnehage og bustader som er utsett for naturfare (flaum). Noko negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Brusand er ikkje innanfor regionalt prioriterte utviklingsområde, men bidreg til vidareutvikling av eksisterande tettstad. Mykje av utbyggingsområdet skjer på landbruksjord og strir med nasjonalt og regionalt jordvernmål. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi om å konsentrera bustadbygging i stasjonsbyane og miljøvennleg transport. Endringa strir noko med lokalt jordvernmål då noko areal endrar føremål frå LNFR-føremål til utbyggingsføremål og nebygging av landbruksareal. Men området ligg ikkje innanfor kjerneområde landbruk og mykje av området var allereie avsett til utbyggingsområde. Både positiv og negativ konsekvens. Uendra konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endring av føremål kan gje befolkningsauke. Det kan bidra til meir balansert befolkning-samansetning.

		Utbygginga bidreg til meir sosial infrastruktur. Stor positiv konsekvens.
Mobilitet og transport		Det er kort distanse til kollektivtransport. Det er for tida pågåande arbeid med ny omkøyringsveg nord for tettstaden, ferdigstilling av denne vil medføra ein betydeleg reduksjon av trafikkmengda i og langs området. Barnehagebygging og større bustadfelt krevjar ny tilkomstveg. Det skal også etablerast fortau langs Stokkalandsvegen som koblar saman to eksisterande fortau. Endringa i området er positivt for mobiliteten i tettstaden. Noko positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Endringa vil gjera det naudsynt med investeringar i infrastruktur som ny tilkomstveg og lengre fortau langs Stokkalandsvegen. Vatn og avløp må byggast ut. Uteopphaldsareal må etablerast. Ved regn samlar vatn seg ofte i området. Det må arbeidast med betre handtering av flaumsituasjonar enn det som er tilfelle i dag. Ny breiare og djupare vassdrag kan hjelpe på reduksjonen av overvatn. Det nye feltet Kvermefloen vil krevja betrakteleg med ny infrastruktur. Stor negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fleire bustader i tettstaden vil antakeleg gi eit tryggare miljø, sidan fortetting legg til rette for trygge bumiljø. Eit betre barnehagetilbod kan gje barna betre start på livet som kan vær kriminalitetsforebyggande. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Ved regn blir det ofte overvatn i området og endra arealbruk vil gje

		fleire harde flater enn i dag som aukar risikoen for flaum. Forutsett tiltak for å betre handtera flaumsituasjonar ved å fyller opp terreng og legge inn flaumvegar, slik at ein unngår dagens store oppsamlingar av vatn ved mykje nedbør. Området ligg i sone med middels moglegheit for at det finst kvikkleire. Høg risiko.
Store ulykker		Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer. Det vil bli betre trafikktryggleik på grunn av nye fortau. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ingen kjende registreringar. Består i dag av nokre bustadeigedommar og mindre landbruksjord. Landskapet vert endra ved fortetting og flytting av vassdrag. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		Området er ikkje nytta til friluftaktivitetar og rekreasjon. Området ligg i gangavstand frå det statleg sikra friluftsområdet <a href="#">Brusanden</a> . Ny barnehage er positivt for barnas oppvekstvilkår. Stor positiv konsekvens.
Forureining		Det er ein del støy frå jernbanen, nye leilegheitsbygg kan verta utsette, men kan skjerma resten av området. I tillegg er det støy frå Stokkalandsvegen, sjølv om ny omkøyringsveg vil kunne redusera støyen. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Berggrunnen består av lausmasser (marin strandavsetting). Råker ikkje område registrerte med bergrettar, i uttaksregister eller forekomstar. Ubetydeleg verknad for mineralressursar. Området er delvis utbygd og delvis mindre feltar med landbruksjord. Det er fulldyrka landbruksjord som ofte får overvatn. Fortettinga vil resultera i tap av landbruksjord som er i strid med

1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

		jordvernmål. Middels negativ konsekvens.
--	--	--

### 3.5.1.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.5.1.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på barnehage og bustadområde.

#### 3.5.1.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar byggverk rekna for bustad, skule og barnehage. Årleg sannsyn 1/200. Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.5.1.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet
- Overfløyming av Bjåvatnet og tilbakestuing i kanal (Fuglestadvassdraget – stort nedslagsfelt)
- Harde flater og manglande flaumveger
- Auka mengde vatn i nærliggjande bekker, og avrenning frå nordvest (Stokkalandsmarka-området)
- Avrenning frå eksisterande bustadområde

#### 3.5.1.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.
- Flaumsikringstiltak på Brusand/Stokkelandsmarka
- Landbruksareal i nærleiken av planområdet som kan ha ein drenerande effekt.
- Nyleg oppgradert overvassledningar
- Flaumrapport i samband med plan 1169.

#### 3.5.1.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.5.1.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### **Grunngjeving for sannsynet:**

- Området har tidlegare vert utsett for flaum og det vert gjort flaumsikringstiltak fleire stadar på Brusand.
- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.
- Flaumutredning viser at sjølv med eksterne tiltak er området utsett for flaum, men i mindre grad

3.5.1.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Konsekvensane for stabilitet vurderast til middels, då ein flaum i planområdet kan vaske ut massar og øydelegge vegkroppen og redusere framkjømda i området for ein kort periode
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Overfløyming kan gi store materielle skadar på bygningsmassar og vegar.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.5.1.1.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Låg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er knytt låg usikkerheit til hendinga då det er utarbeida ein flaumutredning for området, sjå rapporten Flaumsikringskonsept Brusand (2016) og Notat Hydraulikk Brusand (2022) av Dr. Blasy og Dr. Øverland.</li> <li>• Historisk har området vore utsett, bla i 2014.</li> </ul>

3.5.1.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Heve byggeområde ca. 1 meter, til minimum kote +3,0 for å unngå oppsamling av flaumvatn, samt sikre minimum høgde på topp golv til kote +3,3.

- Legge inn flaumvegar som kan lede vatnet bort frå byggjeområder.
- Utvide eksisterande kanal slik at den kan brukast som ein flaumkanal som skal kunne bidra til å unngå overfløyming av landbruksarealet i nord.
- Sikre mot tilbakestuving frå Bjorvatnet med automatisk tilbakestuvingsventil i kanal.
- Sikre fordrøyning og mot overflauming av jernbane oppstraums.

### 3.5.1.2 ROS-analyse – Fare for skred/ustabil grunn

#### 3.5.1.2.1 Skildring av uønska hending

- Skred/områdeskred/utgliding

#### 3.5.1.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S3 omfattar byggverk som barnehagar og bustadblokk. Årleg sannsyn 1/1000.

#### 3.5.1.2.3 Årsaker

- Ligg i sone der er middels moglegheit for marin leire.

#### 3.5.1.2.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Balanse i grunnvatn
- Grunnundersøking er gjennomført i samband med plan 1169.

#### 3.5.1.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot utgliding av massar, men evna til gjenoppretting er god – moderat sårbart.

#### 3.5.1.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
		X	Grunnundersøking

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Det er utarbeida geoteknisk undersøking av planområdet, og ein er klar over kva tiltak som må gjennomførast for å unngå hendinga.

#### 3.5.1.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Kan i verste tilfelle føra til død.
Stabilitet	X				<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Utglliding av grunnmassane vil medføre store konsekvensar for stabiliteten i person- og varetransporten på jernbanen.
Materielle verdiar	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b>

					Hendinga kan medføre store materielle skader på jernbane og bygningar.
--	--	--	--	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskete hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- store konsekvensar for materielle verdier.

**3.5.1.2.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er middels usikkerheit knytt til vurderinga. Dette fordi det er gjennomført geologiske undersøkingar av planområdet, samtidig som det kan dukke opp uventa hendingar under byggeperioden.</li> </ul>

**3.5.1.2.9 Forslag til risikoreducerande tiltak**

- Avsett aktsemdssone i kommuneplankart.
- Grunnundersøking ved regulering og skredrapport.
- Fjerne matjord frå området før det fyllast opp med masser som har bære- og friksjonsevne, slik at området kan opparbeidast i samsvar med reguleringsformålet.
- Før området tas i bruk skal det godkjennast av geolog, både med omsyn til kvalitet på fyllingsmassar, lengde på prebelastningsperiode og eventuell maskinell massekomprimering.
- For arbeid nærare enn 45 meter frå jernbanen, skal Banenor varslast og føresetnad for opparbeidingstidspunkt og tekniske forhold avklarast.

### 3.5.2 Brusand 2 – Tidlegare bensinstasjon og Askeladden barnehage og oppgradering av Fuglestadvegen m/kryss

<b>Felt på kartet:</b>	B10, B11 og V9
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 108 bnr. 62 og 74

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	Tenesteyting, veg og næring
Nytt formål:	Tenesteyting og veg
Arealstorleik:	5,2 dekar (daa)
Arealrekneskap:	1,5 daa endrar føremål frå næring til tenesteyting. I tillegg til 2,3 daa veg som ikkje endrar formål, men vert oppgradert.
Omtale:	Ein eigedom som tidlegare har vore nytta som bensinstasjon (gnr. 108 bnr. 62). Tomta vert endra til tenesteyting. Barnehagen forblir på eksisterande tomt. Eigedommen det gjeld vert parkeringsareal for barnehagen. I tillegg vert krysset Fuglestad x Auren retta opp og Fuglestadvegen skal kunna oppgraderast med fortau.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi om å konsentrere tenesteyting i stasjonsbyane og gjev betre trafikktryggleik.
Negative konsekvensar:	Støyusatt område og fare for kvikkleire i tillegg til å ligga i aktsemdssone for flaum.
Oppsummert:	Nedlagt bensinstasjon vert endra til tenesteyting.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Krav om oppgradering av Fuglestadvegen med fortau og å retta opp krysset Auren x Fuglestadvegen. Avbøtende tiltak mot støy. Krav om grunnundersøking og eventuell utskifting av masser.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Brusand er ikkje innanfor regionalt prioriterte utviklingsområde, men bidreg til vidareutvikling av eksisterande tettstad. Endring i status samsvarar med regionalplan Jæren og Søre Ryfylke om fortetting «innanfrå og ut» i stasjonsbyane. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi, konsentrere tenesteyting i stasjonsbyane, fortetting, med høg arealutnytting og skape gode bumiljø. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Ingen endring.
Mobilitet og transport		Oppgradering av Fuglestadvegen gjer betre mobilitet og tryggleik for både mjuke og harde trafikantar. Barnehagen forblir sentralt plassert i Brusand. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det meste infrastruktur er på plass. Noko kostnader er knytt til endring av krysset Auren x Fuglestadvegen. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Auka aktivitet og oppgradering i sentrum legg til rette for gode og trygge bumiljø. Ubetydeleg konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum og i sone med middels moglegheit for at det finst kvikkleire. Endra arealføremål gjer ikkje auka risiko for naturfare. Høg risiko.
Store ulykker		Det er ikkje noko som tyder på at det er større risiko her enn eksisterande situasjon i stasjonsbyen.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Trafikksikkerheit vert betre ved etablering av fortau og utbetring av

		krysset Auren x Fuglestadvegen som vert retta opp. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Tidlegare bruk er nedlagt bensinstasjon. Bensinstasjonen kan potensielt ha etterlate forureining i bakken. Middels risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Ingen kjende registreringa, med unntak av tidlegare registrering i Viktige landskap i Rogaland (Kvassheim-Sirevåg). Ligg nær viktige kulturminne, men endra bruk råkar ikkje desse meir enn dagens situasjon. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		Det skal etablerast ny barnehage med leikeplass som vil kunna nyttast som leikeplass på kvelden og i helger. Positiv konsekvens.
Forureining		Det er ikkje kjend forureining i grunnen, men tidlegare bruk som bensinstasjon har potensiale for foreining i grunn, jf. omtale om verksemdsrisiko ovanfor. Området er råka av støy frå fv. 44 Nordsjøvegen og Fuglestadvegen i tillegg til noko frå jernbanen. Avbøtande tiltak vert naudsynte. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området er allereie utbygd og råkar ikkje landbruksjord eller andre mineralressursar. Ingen konsekvens.

### 3.5.2.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.5.2.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på bustadområde.

#### 3.5.2.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17) Sikkerheitsklasse F2 omfattar byggverk rekna for bustad. Årleg sannsyn 1/200.

#### 3.5.2.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet
- Overfløyming av Bjåvatnet og tilbakestuving i kanal (Fuglestadvassdraget – stort nedslagsfelt)
- Harde flater og manglande flaumveger
- Auka mengde vatn i nærliggjande bekker, og avrenning frå nordvest (Stokkalandsmarka-området)
- Avrenning frå eksisterande bustadområde

#### 3.5.2.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.
- Flaumsikringstiltak på Brusand/Stokkalandsmarka
- Landbruksareal i nærleiken av planområdet som kan ha ein drenerande effekt.
- Nyleg oppgradert overvassledningar
- Flaumrapport i samband med plan 1169.

#### 3.5.2.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.5.2.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

#### 3.5.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.

					Flaum kan varslast på førehand.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Konsekvensane for stabilitet vurderast til middels, då ein flaum i planområdet kan vaske ut massar og øydelegge vegkroppen og redusere framkjømda i området for ein kort periode
<b>Materielle verdiar</b>		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Overfløyming kan gi store materielle skadar på bygningsmassar og vegar.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

**3.5.2.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er knytt middels usikkerheit til hendinga då det er utarbeida ein flaumutredning for området i plan 1169 som ligg i nærleiken, sjå rapporten Flaumsikringskonsept Brusand (2016) og Notat Hydraulikk Brusand (2022) av Dr. Blasy og Dr. Øverland.</li> </ul>

**3.5.2.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Krav om flaumutgreiing ved regulering/byggesak.
- Heve byggeområdet

### 3.5.2.2 ROS-analyse – Fare for skred/ustabil grunn

#### 3.5.2.2.1 Skildring av uønska hending

- Skred/områdeskred/utgliding

#### 3.5.2.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S3 omfattar byggverk som barnehagar og bustadblokk. Årleg sannsyn 1/1000

#### 3.5.2.2.3 Årsaker

- Ligg i sone der er middels moglegheit for marin leire.

#### 3.5.2.2.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Eksisterande bygg og grunnundersøking er gjennomført i samband med plan 1169.

#### 3.5.2.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot utgliding av massar, men evna til gjenoppretting er god – moderat sårbart.

#### 3.5.2.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		1/1000

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Det er utarbeida ikkje utarbeida geoteknisk undersøking av området, men i nærleiken i plan 1169. Områda har tidlegare vore bygde.

#### 3.5.2.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Kan i verste tilfelle føra til død.
Stabilitet	X				<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Utglliding av grunnmassane vil medføre store konsekvensar for stabiliteten i person- og varetransporten på jernbanen.
Materielle verdjar	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b>

					Hendinga kan medføre store materielle skader på jernbane og bygningar.
--	--	--	--	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- store konsekvensar for materielle verdjar.

**3.5.2.2.8 Usikkerheit**


<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er stor usikkerheit knytt til vurderinga. Dette fordi det er ikkje gjennomført geologiske undersøkingar av områda, men i nærleiken i plan 1169.</li> </ul>

**3.5.2.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett aktsemdssone i kommuneplankart.
- Krav om grunnundersøking ved regulering og skredrapport.

## 3.5.3 Brusand 3 – Omkøyringsveg nord for Brusand

<b>Felt på kartet:</b>	LNF1, LNF2 og LNF3
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Tenesteyting, Parkering
Nytt formål:	LNFR
Arealstorleik:	12,7 dekar (daa)
Arealrekneskap:	11,5 daa tenesteyting og 1,2 daa parkering endrar føremål til LNFR
Omtale:	Tilbakeføring av avsett tenesteytingsområde, som var planlagt til barnehage, til LNFR-formål. Barnehagen vert etablert ved Kvermefloen, sjå omtale for Brusand 1. Tilbakeføring av avsett parkeringsareal til LNFR-føremål for å samkøyra kommuneplanen med detaljreguleringsplan omkøyringsveg nord for Brusand (plan 1102B) vedteken i 2015. Områda ligg nord/nordvest på Brusand.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Jordvern
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Tilbakeføring av avsette areal til tenesteyting og parkering til LNFR-formål. Ubetydeleg konsekvens.

Særskilt oppfølging ved regulering:	
-------------------------------------	--

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Endringa er i tråd med nasjonale og regionale føringar om å ta vare på landbruksareal. Stor positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Tilbakeføring av tenesteytingsområde bidreg til lokalt jordvernmål. Stor positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Ikkje råka av endringa. Ingen konsekvens.
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Formålsendringane aukar ikkje risikoen. Høg risiko. Då området ikkje lenger er avsett til utbygging, er det ikkje gjort vidare ROS-analyse her. Krav i føresegnene for flaumsoner varettek fagkyndig vurdering i eventuell byggesak.
Store ulykker		Formålsendringane aukar ikkje risikoen. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Redusera mogleg utbygging og vidareførar dagens situasjon. Råkar ikkje miljøverdiane. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Berggrunnen består av lausmasser. Råker ikkje område registrerte med

		<p>bergrettar, i uttaksregister eller forekomstar. Ubetydeleg verknad for mineralressursar.</p> <p>Areala vert tilbakeført til LNFR-formål. Gjer at eksisterande naturområde og område til landbruksproduksjon vert behalde. Positiv konsekvens.</p>
--	--	--

### 3.5.4 Brusand 4 – Gang- og sykkelveg langs fylkesveg 44 og busshaldeplass ved jernbanestasjon

<b>Felt på kartet:</b>	V7, V8, V9, V10
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Bustad og bane
Nytt formål:	Veg
Arealstorleik:	2,7 dekar (daa)
Arealrekneskap:	2,5 daa bustad endrar føremål til veg. 0,2 daa bane endrar føremål til veg.
Omtale:	Gang- og sykkelveg på Brusand langs nordsida av fylkesveg 44. Gang- og sykkelvegen vil ta noko av hagane til bustader langs fylkesveg 44. Busshaldeplassen er ved Coop i sentrum av Brusand, nær jernbanestasjonen.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Aukar mobiliteten for gåande og sykkistar, samt aukar trafikktryggleiken. Busshaldeplassen gir betre kollektivtilbod.
Negative konsekvensar:	Etablering av gang- og sykkelveg krev investeringskostnader.
Oppsummert:	Etablering av ny gang- og sykkelveg og busshaldeplass på Brusand.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Legg til rette for gåande og syklende i byar og tettstader som bidreg til trygg skuleveg og tilkomst til friområde i tråd med nasjonale forventningar. Bidreg til regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke sitt delmål om enklare kvardag. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Støttar opp om miljøvennleg transport i langsiktig arealstrategi og fleire satsingsområde. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Vil ikkje påverka befolkningsvekst. Gjer lokalbefolkninga fleire transport tenester. Ingen konsekvens.
Mobilitet og transport		Gjev meir gang- og sykkelveg og betre koplingar. Busshaldeplassen er positiv for kollektivreisande og til nytte for jernbanen. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Investeringskostnader knytt til gang- og sykkelveg. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ubetydeleg konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Overvatn må leiast vekk. Kan vera utsett for kvikkleire. Høg risiko.
Store ulykker		Endringa vil truleg redusera sannsynet for ulykker. Påverkar heller ikkje kritisk samfunnsfunksjonar og infrastruktur. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		Råkar stort sett hageareal. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Endring innanfor eksisterande tettstad.
Landskap		Ingen kjende registreringar.
Kulturmiljø		Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Gang- og sykkelvegen kan gi enklare tilkomst til turområde. Positiv konsekvens.
Forureining		Gang- og sykkelvegen er utsett for støv og støy frå fylkesveg 44. Støttar opp om miljøvennlege reiser. Gjev mindre klimagassutslepp. Positiv konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Endring innanfor eksisterande tettstad. Ubetydeleg konsekvens.

### 3.5.4.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.5.4.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på veganlegg.

#### 3.5.4.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggtknisk forskrift (TEK17)

Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.5.4.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet
- Overfløyning av Bjåvatnet og tilbakestuing i kanal (Fuglestadvassdraget – stort nedslagsfelt)
- Harde flater og manglande flaumveger
- Auka mengde vatn i nærliggjande bekker, og avrenning frå nordvest (Stokkalandsmarka-området)
- Avrenning frå eksisterande bustadområde

#### 3.5.4.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.
- Flaumsikringstiltak på Brusand/Stokkalandsmarka
- Landbruksareal i nærleiken av planområdet som kan ha ein drenerande effekt.
- Nyleg oppgradert overvassledningar
- Flaumrapport i samband med plan 1169.

#### 3.5.4.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.5.4.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

#### 3.5.4.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang:

					Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Konsekvensane for stabilitet vurderast til middels, då ein flaum i planområdet kan vaske ut massar og øydelegge vegkroppen og redusere framkjømda i området for ein kort periode
<b>Materielle verdiar</b>		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Overfløyming kan gi store materielle skadar på bygningsmassar og vegar.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.5.4.1.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er knytt middels usikkerheit til hendinga då det er utarbeida ein flaumutredning for området i plan 1169 som ligg i nærleiken, sjå rapporten Flaumsikringskonsept Brusand (2016) og Notat Hydraulikk Brusand (2022) av Dr. Blasy og Dr. Øverland.</li> </ul>

3.5.4.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Krav om flaumutgreiing ved regulering/byggesak.
- Heve byggeområdet

### 3.5.4.2 ROS-analyse – Fare for skred/ustabil grunn

#### 3.5.4.2.1 Skildring av uønska hending

- Skred/områdeskred/utgliding

#### 3.5.4.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S2 omfattar byggverk som einebustader (mindre enn 10 bueiningar). Årleg sannsyn 1/1000.

#### 3.5.4.2.3 Årsaker

- Ligg i sone der er middels moglegheit for marin leire.

#### 3.5.4.2.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Eksisterande bygg og grunnundersøking er gjennomført i samband med plan 1169.

#### 3.5.4.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot utgliding av massar, men evna til gjenoppretting er god – moderat sårbart.

#### 3.5.4.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		1/1000

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Det er utarbeida ikkje utarbeida geoteknisk undersøking av området, men i nærleiken i plan 1169. Områda har tidlegare vore bygde.

#### 3.5.4.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Kan i verste tilfelle føra til død.
Stabilitet	X				<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Utglliding av grunnmassane vil medføre store konsekvensar for stabiliteten i person- og varetransporten på jernbanen.
Materielle verdjar	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b>

					Hendinga kan medføre store materielle skader på jernbane og bygningar.
--	--	--	--	--	--

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- store konsekvensar for materielle verdiar.

**3.5.4.2.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er stor usikkerheit knytt til vurderinga. Dette fordi det er ikkje gjennomført geologiske undersøkingar av områda, men i nærleiken i plan 1169.</li> </ul>

**3.5.4.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Avsett aktsemdssone i kommuneplankart.
- Krav om grunnundersøking ved regulering og skredrapport.

### 3.5.5 Samla vurdering av verknader for Brusand

På Brusand vert meir areal tilbakeført til LNFR-føremål enn kva som blir nedbygd, noko som er positivt for landbruket. I tillegg skal det fortettast og transformerast i tettstaden, dette krevjar meir teknisk infrastruktur og litt landbruksjord. Ny busshaldeplass og gang- og sykkelveger er positivt for mobiliteten i tettstaden. Endringane vil gje positive verknader for samfunnstema og hovudsakleg ubetydelege eller litt positive verknader for miljøtema. For samfunnstryggleiken må tiltak gjerast mot naturfarer, då Brusand er både utsett for flaum og det er moglegheit for kvikkleire.

## 3.6 ENDRINGAR PÅ OGNA

### 3.6.1 Oгна 1 – Oгна sentrum ved idrettsanlegget

<b>Felt på kartet:</b>	LNF6, IDR6 og IDR7
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 95, bnr. 201 og 435

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Frionråde
Nytt formål:	LNFR og idrettsanlegg
Arealstorleik:	41,5 daa
Arealrekneskap:	22 daa frionråde endrar formål til idrettsanlegg. 9,8 daa frionråde endrar formål til idrettsanlegg. 9,7 daa frionråde endrar formål til LNFR.
Omtale:	Eksisterande idrettsanlegg på Oгна med moglegheit for å etablera ein ekstra fotballbane. Formålsendringane frå frionråde til idrettsanlegg er tekniske og endrar ikkje bruken. Noko av tidlegare utvidingsområde vert tilbakeført til landbruksformål. Anlegget ligg sentralt på Oгна, ved sidan av Oгна skule og langs fylkesveg 44 og Salthelleren (fv. 4328).

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Vidare bruk av fulldyrka LNFR- areal er positivt.
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Områda består i dag av idrettsanlegg og landbruksareal til grasproduksjon. Formålsendringa skiftar til kva området i dag blir brukt som. Ingen konsekvens.

Særskilt oppfølging ved regulering:	
-------------------------------------	--

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Tilbakeføring til LNFR-formål er positivt for jordvernmålet. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til levande og attraktivt sentrum på Oгна i tråd med arealstrategien. Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Støttar opp om vern av jord. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Kriminalitetsforebyggande då anlegget bidreg til varierte og «sunne» aktivitetar for barn og unge, men anlegget er allereie etablert. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Stor moglegheit for marin leire. Høgareliggande vassdragsregulering med tilhøyrande dam. Formålsendringa aukar ikkje risikoen. Høg risiko.
Store ulykker		Formålsendringa råkar ikkje risikoen. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie i bruk som idrettsanlgg og landbruksområde. Ingen kjende registreringar innanfor området og truleg lågt potensiale for funn av kulturminne i landbruksområdet. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		

Bygde- og friluftsliv		Eksisterande idrettsanlegg som er eit viktig nærmiljø-, leike- og rekreasjonsområde. Det ligg nært <a href="#">Ogna skule</a> som òg har leikeområde. Ingen konsekvens.
Forureining		Noko utsett for trafikkstøy frå fv. 44 og Salthelleren. Formålsendring endrar ikkje konsekvensen. Ingen konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Berggrunnen består av lausmasser (marin strandavsetting). Råker ikkje område registrerte med bergrettar, i uttaksregister eller forekomstar. Ubetydeleg verknad for mineralressursar. Fører til mindre nedbygging av dyrka mark enn plansituasjonen i kommuneplanen frå 2014. Elles teknisk endring av arealformål som ikkje endrar bruken. Ubetydeleg konsekvens.

### 3.6.1.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.6.1.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på idrettsområde.

#### 3.6.1.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar byggverk rekna for personopphald. Årleg sannsyn 1/200.

#### 3.6.1.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet

#### 3.6.1.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.6.1.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.6.1.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

#### 3.6.1.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Framtidige samfunnsfunksjonar kan verta råka.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Ogna er utsett for flaum.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

**3.6.1.1.8 Usikkerheit**

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"><li>• NVE aktsemdssone</li></ul>

**3.6.1.1.9 Forslag til risikoreducerande tiltak**

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Krav om flaumutgreiing ved regulering/byggesak.
- Heve byggeområdet

### 3.6.1.2 ROS-analyse – Fare for skred/ustabil grunn

#### 3.6.1.2.1 Skildring av uønska hending

- Skred/områdeskred

#### 3.6.1.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S3 omfattar byggverk som der fleire enn 25 personar oppheld seg. Årleg sannsyn 1/5000.

#### 3.6.1.2.3 Årsaker

- Ligg i sone der er stor moglegheit for marin leire.

#### 3.6.1.2.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.

#### 3.6.1.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Vanskeleg å varsle/forutsjå på førehand.

#### 3.6.1.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		1/5000

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Kartdata (NGU)

#### 3.6.1.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Kan i verste tilfelle føra til død.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Framtidige samfunnsfunksjonar vert kortvarig råka.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på bygg og anlegg.

#### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskte hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.6.1.2.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kartdatat frå NGU</li> <li>• Begrensa kunnskap</li> </ul>

3.6.1.2.9 Forslag til risikoreducerande tiltak

- Avsett aktsemdssone i kommuneplankart.
- Grunnundersøking ved regulering og skredrapport.

<b>Felt på kartet:</b>	LNF6, IDR6 og IDR7
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 95, bnr. 201 og 435

Eksisterande situasjon:	Kommuneplan vedtatt i 2014:	Endring i ny kommuneplan:
		

Om endringa	
Eksisterande formål:	Friområde
Nytt formål:	LNFR og idrettsanlegg
Arealstorleik:	41,5 daa
Arealrekneskap:	22 daa friområde endrar føremål til idrettsanlegg. 9,8 daa friområde endrar føremål til idrettsanlegg. 9,7 daa friområde endrar føremål til LNFR.
Omtale:	Eksisterande idrettsanlegg på Oгна med moglegheit for å etablera ein ekstra fotballbane. Formålsendringane frå friområde til idrettsanlegg er tekniske og endrar ikkje bruken. Noko av tidlegare utvidingsområde vert tilbakeført til landbruksformål. Anlegget ligg sentralt på Oгна, ved sidan av Oгна skule og langs fylkesveg 44 og Salthelleren (fv. 4328).

Samla vurdering	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Vidare bruk av fulldyrka LNFR- areal er positivt.
Negative konsekvensar:	



Oppsummert:	Områda består i dag av idrettsanlegg og landbruksareal til grasproduksjon. Formålsendringa skiftar til kva området i dag blir brukt som. Ingen konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Tilbakeføring til LNFR-føremål er positivt for jordvernmålet. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til levande og attraktivt sentrum på Oгна i tråd med arealstrategien. Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Støttar opp om vern av jord. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Teknisk endring som ikkje endrar bruken. Kriminalitetsforebyggande då anlegget bidreg til varierte og «sunne» aktivitetar for barn og unge, men anlegget er allereie etablert. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Stor moglegheit for marin leire. Høgareliggande vassdragsregulering med tilhøyrande dam. Formålsendringa aukar ikkje risikoen. Høg risiko.
Store ulykker		Formålsendringa råkar ikkje risikoen. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie i bruk som idrettsanlegg og landbruksområde. Ingen kjende registreringar innanfor området og truleg lågt potensiale for
Landskap		
Kulturmiljø		

		funn av kulturminne i landbruksområdet. Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Eksisterande idrettsanlegg som er eit viktig nærmiljø-, leike- og rekreasjonsområde. Det ligg nær <a href="#">Ogna skule</a> som òg har leikeområde. Ingen konsekvens.
Forureining		Noko utsett for trafikkstøy frå fv. 44 og Salthelleren. Formålsending endrar ikkje konsekvensen. Ingen konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Berggrunnen består av lausmasser (marin strandavsetting). Råker ikkje område registrerte med bergrettar, i uttaksregister eller forekomstar. Ubetydeleg verknad for mineralressursar. Fører til mindre nedbygging av dyrka mark enn plansituasjonen i kommuneplanen frå 2014. Elles teknisk endring av arealføremål som ikkje endrar bruken. Ubetydeleg konsekvens.

## 3.6.2 Onga 2 – Onga sentrum

<b>Felt på kartet:</b>	LNF4, LNF5, SF1, SF2, SF3
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterende formål:</b>	Kombinert- og næringsformål, parkering, næringsbebyggelse og tenesteyting
<b>Nytt formål:</b>	Sentrumsformål, LNFR, gang- og sykkelveg.
<b>Arealstorleik:</b>	18,6 daa
<b>Arealrekneskap:</b>	3,2 daa kombinert bebyggelse endrar til sentrumsformål. 9,1 daa næring endrar til sentrumsformål. 6,4 daa parkering endrar føremål til LNFR.
<b>Omtale:</b>	<p>I denne kommuneplanen vert sentrum tydelegare definert på Onga for å kunna støtta opp om den langsiktige arealstrategien.</p> <p>Onga har sentrumsfunksjonar som butikk, bensinstasjon, leilegheiter/bustader, jernbanestasjon og parkering til jernbanestasjonen. Desse ligg på begge sider av fv. 44. I tidlegare kommuneplan er desse sentrumsfunksjonane avsett som næringsareal og kombinerte bebyggelse. Dette inkluderar tidlegare plassering av biblioteket. Desse vert no endra til sentrumsføremål og kombinert bebyggelse. Gnr. 95 bnr. 619 vert endra frå kombinert bebyggelse til sentrumsformål. Nabotomta gnr. 95 bnr. 98 vert endra frå næring til sentrumsformål. Endringane opnar for etablering av fleire sentrumsfunksjonar.</p> <p>Det er òg planlagt gang- og sykkelveg i Lagaberget og langs Salthelleren ved idrettsanlegget.</p> <p>I tillegg vert deler av parkeringsområdet vest for jernbanen mellom Lyptingen og Tubergget tilbakeført til LNFR-formål. Arealet som er behalde til parkering tek utgangspunkt i slik området er i dag.</p>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Nytt LNFR område og ny gang- og sykkelveg. Meir tilrettelegging for sentrumsfunksjonar.
Negative konsekvensar:	Utsett for flaum og mogleg fare for kvikkleire.
Oppsummert:	Formålendringar som i stor grad har same bruk som før, sjølv om fleire sentrumsfunksjonar vert mogleg. Ingen konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Er i tråd med nasjonale forventningar om levande sentrum. Ognar er ikkje innanfor regionalt prioriterte utviklingsområde, men bidreg til vidareutvikling av eksisterande tettstad. Endringa samsvarer med at eksisterande tettstader skal utviklast «innanfrå og ut». Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Er i tråd med mål om å styrka og fortetta sentrum i tettstadene i kommunen. Tilbakeføring av LNFR-føremål er dessutan positivt for jordvernmål. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Meir fokus på sentrum kan gjer ein tettstad meir attraktiv og dermed tiltrekka fleire innbyggjarar. Truleg vil ein slik effekt vera liten på Ognar då mykje allereie er utbygd og det er ein liten stad. Dessutan er det god kapasitet på barnehagar og skule ved eventuell auka innbyggartal. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Ligg nær jernbanestasjon og det er gang- og sykkelveg langs fylkesveg 44. Forbindelse til jernbanestasjonen inneber kryssing av fylkesveg 44. Det vil òg etablerast ny gang- og sykkelveg som er positivt. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det er ikkje naudsynt med store investeringar i infrastruktur. Utbygging av sentrumsareal på vestsida av

		fylkesveg 44 krev noko investeringar. Endring i arealføremål endrar ikkje behovet for investering i infrastruktur. Ingen konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Eit godt fungerande sentrum vil gjere at vil gi større sosial sikkerheit, sjølv om talet på innbyggjarar aukar. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone flaum. Middels moglegheit for marin leire. Formålsendringa aukar ikkje risikoen. Krev avbøtande tiltak for å handtera overvatn og flaum. Det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot kvikkleireskred før eventuelt tiltak kan tillatast. Då området ikkje legg opp til utbygging er det ikkje gjort vidare ROS-analyse. Middels risiko.
Store ulykker		Formålsendringa råkar ikkje risikoen, då situasjonen ikkje vert vesentleg endra. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd, vore tidlegare utbygd eller regulert til utbygging. Ingen kjende registreringar innanfor området med unntak av avsett parkeringsområde der mykje vert tilbakeført til LNFR-formål. Ogna sentrum ligg nær viktige eller verna område for natur og landskap, men desse vert ikkje meir råka enn vedteken plansituasjon. Endringane kjem truleg i liten konflikt med desse miljøverdiane. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		Sidan det ligg fleire sentrumsfunksjonar i området, er det eit samlingspunkt for innbyggjarane. Det er også eit nært viktige natur- og friluftsområde. Men

		endringa til sentrumsområde og LNFR vil ikkje endre bruken av området. Ingen konsekvens.
Forureining		Det er ikkje kjend forureining i grunnen. Det har vore bensinstasjonsdrift tidlegare på «bibliotektomta». Denne er rydda og ein må tru at restar av bensinstasjonsdrifta er fjerna på forskriftsmessig måte. Nå er det bensinstasjonsdrift knytt til Joker-butikken. Fv44 kryssar området. Veggen har mykje trafikk, som vil gi støy og støv. Fartsgrensa er sett til 40 km/t og det er fleire fartsdumpar. Ingen konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området aust for jernbanen er allereie utbygd. Vest for jernbanen vert avsett parkeringsareal redusert i tråd med eksisterande bruk og meir avsett til LNFR-formål. Ikkje aktuelt område for mineraluttak, sjølv om bergarten anortositt er registrert her. Positiv konsekvens.


### 3.6.3 Samla vurdering av verknader for Oгна

Arealendringane på Oгна er stort sett meir i tråd med eksisterande og planlagt bruk av areala. Det er ingen endringar som vil gje auka inngrep i natur, landskap, landbruket enn kommuneplanen frå 2014. Endringane vil gje ubetydelege verknader for miljøtema. For samfunnstema er dei positive. For samfunnstryggleiken må tiltak gjerast mot naturfarer, då Oгна er bade flaumutsett og det er moglegheit for kvikkleire.

## 3.7 ENDRINGAR PÅ SIREVÅG

### 3.7.1 Sirevåg 1 – Skoga

<b>Felt på kartet:</b>	NÆ5, NÆ20, LNFR8
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	95/58, 95/68, 95/185, 95/301 og 95/545

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterende formål:</b>	LNFR, FRI
<b>Nytt formål:</b>	Næringsverksemd, Veg, LNFR
<b>Arealstorleik:</b>	99,7 daa
<b>Arealrekneskap:</b>	76,7 daa endrar føremål frå LNFR til næringsverksemd. 17,5 daa endrar formål frå næringsverksemd/veg til LNFR. 2,8 daa endrar føremål frå LNFR til gang- og sykkelveglinje. 17,5 daa endrar føremål frå næringsverksemd og vegareal til LNFR. 2,7 daa endrar føremål frå friområde til næringsverksemd.
<b>Omtale:</b>	Utviding av Skoga næringsområde mot nord langs fylkesveg 44. Utvidinga skjer langs austsida av Nordsjøvegen (fv. 44) og nord for Sørskogvegen. Skoga næringsområde er for arealkrevjande verksemdar (kategori 3 i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke). Området grenser mot LNFR-område mot nord og aust. Det er òg avsett gang- og sykkelveg langs nordsida av Sørskogvegen, som går til hyttefeltet ved Sørskog.  Nordre areal har LNFR-føremål i gjeldande kommuneplan. Det råka området er hovudsakleg innmarksbeite med mindre innslag av dyrka mark og inneheld to bustadar.

	Avgrensa høyring: I tillegg er allereie regulert friområde og LNFR-område (veg i reguleringsplan) i austre del av næringsområdet endra til næringsverksemd (NÆ20), då Skoga næringsområde ikkje vil verta utvida mot aust i framtida.
Bakgrunn:	Jf. <a href="#">avgjerde ifølge meklingsprotokoll datert 21. august 2023</a> . Etter mekling med Statsforvaltaren og Rogaland fylkeskommune, er det opprinneleg føreslåtte arealet justert og redusert. Om lag 17,5 daa dyrka mark med næringsføremål i gjeldande kommuneplan på gnr/bnr 95/60 sør for Sørskogvegen vert i tillegg tilbakeført til LNFR. Viser til protokollen etter mekling med Statsforvaltaren og Rogaland fylkeskommune.

Samla vurdering	
Alternativ:	Opprinneleg vart to alternativ for NÆ5 vurderte og lagde ut på høyring. Arealet er no justert og redusert i tråd semje i meklinga etter motsegna frå Statsforvaltaren og fylkeskommunen.
Positive konsekvensar:	Plass til arealkrevjande verksemder. Ikkje utsett for naturfare.
Negative konsekvensar:	Råkar miljøverdiar, noko negativt for jordvern og friluftsliv.
Oppsummert:	Utviding av næringsområdet på Skoga til arealkrevande verksemd. Middels negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Næringsområdet skal nyttast til næringsverksemder i RPJSR

Verknad		
Samfunn		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Nasjonale og regionale mål og føringar		Er i tråd med nasjonale forventningar til langsiktige og framtidige rammer om arealbruk for næringslivet. Området si plassering er i tråd med prinsippet om «rett verksemd på rett stad», då det er eit arealkrevjande næringsområde i utkanten av Sirevåg, om lag 700 meter frå jernbanestasjonen. Utvidinga strir noko med nasjonale og regionale jordvernmål. Middels negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Utviding av næringsområdet er i tråd med lokalt mål om tilrettelegging av næringsområde i tilknytning til

		tettstadane. Plasseringa legg til rette for bruk av jernbanen. Endringa inneber tap av landbruksareal som strir med lokalt jordvern mål. Noko negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bidreg til fleire arbeidsplassar. Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Det er om lag 700 meter til jernbane. Er gang- og sykkelveg langs fv. 44 og undergang for 200 meter nord for utkjørsel frå Sørskogvegen. Vegnettet er oppgradert i samband med første utbygging av Skoga. Ingen konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Krev omfattande investeringar til veg, vatn og avløp, og overvatn. Middels negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum eller kvikkleire. Utbygging vil føra til harde flater. Ved regulering må omsyn til overvatn og auka avrenning handterast. Låg risiko.
Store ulykker		Risiko vil vera knytt til kva type verksemdar som etablerer seg. Verksemdar som oppbevarer og nyttar materiale med potensiell fare vil auka risikoen for ei ikkje ønska hending. Middels risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Verksemdene i området vil vera utsette for bortfall av infrastruktur på same vis som liknande verksemdar. Påverkar ikkje kritiske samfunnsfunksjonar. Aukar risikoen for trafikkulykke på veg. Middels risiko.
Verksemdsrisiko		Risikoen vil vera lik tilsvarande verksemdar. Bedriftene må følgja gjeldande føresegner for forureining, brannvern og handsaming av farleg stoff. Middels risiko.

Miljø		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Området er hovudsakleg kupert innmarksbeite med lauvskog og fjell, med innslag av dyrka mark. Restar av kystlynghei. Området ligg nær <a href="#">Ognadalen- Hellvik</a> som inneheld kystlynghei. Det ligg òg nær <a href="#">Jærstrendene plantefredningsområde</a> og <a href="#">Jærstrendene landskapsvernområde</a> , men desse ligg på motsett side av fylkesveg 44. Det er gjort naturregistreringar i 2023. Noko negativ konsekvens.
Landskap		Arealet er hovudsakleg beitemark med innslag av fjell og skog. Restar av kystlynghei. Karakteren og terrenget vil verta noko endra. Noko negativ konsekvens.
Kulturmiljø		Det er ikkje registrert kulturminne i området, men det kan vera potensiale for funn. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Området er lite brukt til leike -og rekreasjonsområde. Utvidinga skjer innanfor delar av friluftslivområdet <a href="#">Brubakken</a> . Bruks- og opplevingsverdiar vert råka. Noko negativ konsekvens.
Forureining		Det er ikkje kjend forureining i bakken. Næringsområdet vert råka av trafikkstøy og støv frå fv. 44. I tillegg vert område råka av støy frå eksisterande og ny næringsverksemd. Ny og eksisterande næring vil kunne laga støy til omgjevnadane. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Hovudbergarten i området er <u>anortositt</u> som er sett på som ein viktig bergart. Område med registrerte bergrettar er ikkje råka. Det er heller ikkje registrert uttak eller forekomstar av grus, pukk eller andre mineral. Derfor liten verknad for mineralressursverdiar. Føresegnene opnar for å ha masseuttak før opparbeiding som næringsområde.

		Området er LNFR-formål, hovudsakleg innmarksbeite. Inneber noko tap av jordbruksjord. Noko negativ konsekvens.
--	--	--

### 3.7.1.1 ROS-analyse - Eksplosjonsfare

#### 3.7.1.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann i bygg og anlegg.
- Håndtering av farlige stoffer fra industrivirksomhet.

#### 3.7.1.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggeteknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.7.1.1.3 Årsaker

- Branntilløp i bygning av tekniske, konstruksjonsmessige eller menneskelig årsaker.

#### 3.7.1.1.4 Eksisterende barrierer

- Krav til brannsikkerhet i byggeteknisk forskrift (TEK17), blant annet krav til dimensjonering av konstruksjoner. Utbygger må til enhver til forholde seg til gjeldende krav.
- Sikkerhetsrutiner for håndtering av farlige stoffer.
- Brannstasjon på Vigrestad
- Oppbevaring av større mengder eksplosiver krever tillatelse

#### 3.7.1.1.5 Sårbarhetsvurdering

- Bygninger med mennesker og eventuelt farlige kjemikalier eller lignende.
- Menneskelig svikt av sikkerhetsrutinene. Konstruksjonene gir etter.

#### 3.7.1.1.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
X			Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år.

#### **Begrunnelse for sannsynligheten:**

- Eventuell virksomhet etablerer seg med oppbevaring av farlige stoffer gjør at sannsynligheten for brann er høy.

#### 3.7.1.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Brannhendelse kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige

					skader og i verste fall dødsfall.
<b>Stabilitet</b>	X				<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Langvarig tap eller stenging av anlegg.
<b>Materielle verdier</b>	X				<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan påvirke store eiendomsverdier og gi betydelige tap.

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse,
- store konsekvenser for materielle verdier,
- store konsekvens for stabilitet.

**3.7.1.1.8 Usikkerhet**

<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Høy	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglende kunnskap om hvilken virksomhet som vil etablere seg i området.</li> <li>• Det er vanskelig å si hvordan en brann vil arte seg.</li> <li>• Vi har manglende kunnskap om virksomhetenes rutiner for å motvirke brannfare.</li> <li>• Skadeomfang</li> </ul>

**3.7.1.1.9 Forslag til risikoreducerende tiltak**

- Egne beredskapsplaner for virksomhetene
- Krav i bestemmelsene om dokumentering av løsninger for brannhindrende tiltak ved regulering eller i byggesak. Blant annet krav om å dokumentere brannvannskapasitet og etablering av brannkummer.
- Eksisterende industrivern med døgnkontinuerlig beredskapsstyrke.
- Eventuelt krav til sikringssone der vurdering av tilstrekkelig avstand, mellom virksomheter som kan påvirke hverandre, må gjøres.

### 3.7.1.2 ROS-analyse – Fare for trafikkulykke

#### 3.7.1.2.1 Skildring av uønska hending

- Kollisjon mellom køyretøy og mjuk trafikant.
- Kollisjon mellom køyretøy.

#### 3.7.1.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Ikkje relevant.

#### 3.7.1.2.3 Årsaker

- Auka trafikkmengde.

#### 3.7.1.2.4 Eksisterande barrierar

- Gang- og sykkelveg langs veg
- Krav til vegutforming i håndbok N100

#### 3.7.1.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Mjuke trafikanter vil vera sårbare i ulykker som involverar (store) køyretøy.
- Kryss/avkøyrslø på fv. 44.

#### 3.7.1.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Risiko for trafikkulykke er alltid til stades.

#### 3.7.1.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Det er alltid en fare for store skader eller i verste fall dødsfall ved en påkjørsel.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Kortvarig skade på eller tap av samfunnsverdier/-funksjon.
Materielle verdier		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi materielle skader på involverte

					køretøy, eventuelt skader på infrastruktur.
--	--	--	--	--	---

### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskete hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

#### 3.7.1.2.8 Usikkerheit


Usikkerheit	Grunngjeving
Stor	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Liten kunnskap om trafikkmengde og type trafikantar.</li> <li>• Trafikksikringstiltak er ikkje konkret vurdert.</li> </ul>

#### 3.7.1.2.9 Forslag til risikoreducerande tiltak

- Trafikkseparering av ulike trafikantar
- Oversiktlege kryss
- God frisikt

## 3.7.2 Sirevåg 2 – Indre vågen

<b>Felt på kartet:</b>	FRI4, FRI5, FTU1, PA1, SF3, H1, SH1, V13, V14, ST1, ST2, P2, NÆ7, NÆ8, V15, KBA4, BSV1, BSV2
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Indre vågen i Sirevåg, hovedsakleg ved vegen Nygårdsidå.

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterende formål:</b>	Næringsbebyggelse, Parkering, Småbåthamn, Ferdsel, Veg, Hamn; Friområde
<b>Nytt formål:</b>	Fritids- og turistformål, Park, Sentrumsformål, Hamn, Veg, Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, Parkering, Næringsbebyggelse, Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone.
<b>Arealstorleik:</b>	50,1 dekar
<b>Arealrekneskap:</b>	<p>6,2 dekar endrar føremål til sentrumsformål, frå næring, parkering og småbåthavn.</p> <p>3,5 dekar endrar føremål til kombinert bebyggelse og anlegg, frå næring.</p> <p>0,9 dekar endrar føremål til næring, frå veg og hamn.</p> <p>4,9 dekar endrar føremål til fritids- og turistformål, frå næring.</p> <p>0,5 dekar endrar føremål til park, frå næring.</p> <p>2,7 dekar endrar føremål til friområde, frå næring og parkering.</p> <p>2,4 dekar endrar føremål til veg, frå næring, hamn og parkering.</p> <p>0,4 dekar parkering vert vidareført.</p> <p>0,6 dekar endrar føremål til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, frå veg.</p> <p>17,3 dekar endrar føremål til bruk og vern av sjø og vassdrag, frå ferdsel og hamn.</p> <p>1,2 dekar endrar føremål til hamn, frå næring.</p>

Omtale:	<p>11,7 dekar endrar føremål til småbåthamn, frå ferdsel.</p> <p>I denne kommuneplanen vert sentrum tydelegare definert i Sirevåg for å kunna støtta opp om den langsiktige arealstrategien.</p> <p>Kommuneplanen vert samkøyrd med vedteken detaljregulering for indre vågen i Sirevåg (PlanID 202111). Intensjonen er leggja til rette for fleire sentrumsfunksjonar som forretning, tenesteyting, daglegvarehandel, servering og fiskeutsalg, samt torg og liknande. I tillegg legg reguleringsplanen til rette for ny småbåthamn med flytebrygge innerst i vågen og bensinpumpe/bunkring, samt bubilparkering og servicebygg med toalett og dusj. Sjøhus for fiskarar er vidareført. Dei allereie eksisterande funksjonane knyta til forretning/kontor/industri/sentrum m.m. skal vidareførast.</p> <p>Det er òg sett av nye friområde ved Svinholmen.</p> <p>Området er lokalisert i indre deler av Sirevåg hamn og grensar mot Sirevåg sentrum i aust og, ytre deler av Sirevåg i vest, Vedafjell og bustadbebyggelse i sør og Vetten og bustadbebyggelse i nord.</p> <p>I området er det òg lagt inn kulturmiljøsoner for å ta omsyn til kulturverdiar.</p>
Bakgrunn:	<p>Sirevåg manglar eit definert sentrumsområde.</p> <p>Stadsanalysen til plan 1005 peika på områda rundt jernbanen og nede ved indre vågen som moglege sentrumsområde for Sirevåg. Rundt jernbanen har det tidlegare vore bakeri og bank som anten er nedlagde, flytta eller i dårleg tilstand.</p> <p>Plan 1005, som først vart vedteken i 1999, har føresegner for «sentrumsbebyggelse i indre vågen» som opnar for fiskeriretta forretning, kontor og industriverksemd.</p> <p>Seinare har det vorte etablert skatepark nere ved kaia.</p> <p>Indre vågen vert òg nytta som samlingsstad for innbyggjarar og til store arrangement som «Tall Ship Races». Desse forholda peikar på at indre vågen er den rette staden for sentrumsfunksjonar i Sirevåg. I arbeidet med detaljregulering for indre vågen i Sirevåg (PlanID 202111) var det derfor naturleg å vidareføra sentrumsfunksjonar som forretning, daglegvarehandel, kontor og torg/møteplassar m.v. for å fremja levande sentrumsutvikling i tråd med mål i regionalplan for Jæren og søre Ryfylke. På kommuneplankartet er desse areala difor avsett til sentrumsformål.</p>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Indre vågen i Sirevåg kan verta aktivisert og meir attraktivt med fleire sentrumsfunksjonar, småbåthamnanlegg og bubilparkering. Området vert ein felles møteplass i Sirevåg.
Negative konsekvensar:	Noko negative konsekvensar tilknytt naturfare og naturmangfald.
Oppsummert:	Utbygginga av området får stort sett negative konsekvensar for naturmangfaldet, men positivt for bygdelivet og utviklinga av Sirevåg. Ingen konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Detaljreguleringsplanen for indre vågen i Sirevåg (planID 202111) legg opp til maritim byggestil, torg som møteplass og fleire grøntområde, og har dessutan krav retta mot samfunnstryggleik.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Er i tråd med nasjonale forventningar og regionalplan for Jæren og søre Ryfylke om levande sentrum. Ogna er ikkje innanfor regionalt prioriterte utviklingsområde, men bidreg til vidareutvikling av eksisterande tettstad. Endringa samsvarer med at eksisterande tettstader skal utviklast «innanfrå og ut». Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Er i tråd med kommunal strategi om levande og attraktive sentrumsområde med gode bumiljø, og satsinga på reiseliv sør i kommunen. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringane i seg sjølv bidreg ikkje til befolningsauke eller auka belastning til sosiale tenestebehov. Meir fokus på sentrum kan gjer ein tettstad meir attraktiv og dermed tiltrekka fleire innbyggjarar, men dette vi truleg gå langsamt på Sirevåg. Det er god kapasitet på barnehagar og skule ved eventuell auka innbyggartal. Endringa kan bidra til å sikra næringa betre rammevilkår. Uendra konsekvens.

Mobilitet og transport		Området ligg i kort avstand på om lag 700 meter frå jernbanestasjon. Endringane vil auka både ved- og sjøtrafikken. Det er gode atkomstforhold frå sør med fv. 4324 Stormolovegen. Det er òg atkomst frå nord med fv. 4326 Vågen. Vegen Nygårdsidå er ein tverrforbindelse mellom adkomstvegane og denne skal verta oppgradert med trafikkseparering. Indre vågen er bred og har god plass til auka trafikk frå fiskeri og småbåthamna. Adkomstvegane har relativt låg trafikkmengde og spesielt frå sør er det god kapasitet. Noko negativ konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det vil vera aktuelt med investering i vatn og avløp i forbindelse med samferdselsanlegg med tilhøyrande teknisk infrastruktur. Det er behov for å flytta vegen Nygårdsidå. Hamneanlegg og bubilparkering må opparbeidast. Dessutan må torg og liknande etablerast. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Eit godt fungerande sentrum vil gjere at vil gi større sosial sikkerheit, sjølv om talet på besøkande/brukarar aukar. Positiv konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Planområdet er utsett for stormflo og overskylling kan skje på kaia ved sterk vind. Framherskande vindretning er nord/nordvest. Ettersom vindretning treff frå opent hav kan vindforholda vera meir utfordrande. Dette kan påføre skader på bygg, anlegg og fartøy. Høg risiko.
Store ulykker		Det finnes industri innanfor og i nærleik av planområdet som utgjør ein risiko. Bunkringsanlegg skal etablerast innanfor planområdet med diesel- og

		bensintank som også utgjør risiko for eksplosjon. Middels risiko.
Kritiske samfunnsfunksjoner og infrastruktur		Hamna legg til rette for småbåthamn og større båtar. Faren for ein kollisjon mellom båtar eller båt mot kai er alltid ein risiko som kan oppstå. Men vågen har god breidde. Låg trafikkmengde, men mykje tungtrafikk og gang- og sykkelveggar som ikkje er samanhengande gjer at trafikkulykke kan skje. Oppgradering av vegnettet vil gje trafikkseparering som reduserer risikoen. Middels risiko.
Verksemdsrisiko		For næringsverksemd kan det alltid vera ein fare for brann/eksplosjon, men endringa endrar ikkje risikoen i høve gjeldande plansituasjon. Brann/eksplosjon frå fartøy som følge av drivstofflager, samt bunkringsanlegg, kan oppstå. Planlagte tiltak som småbåthamn og bunkringsanlegget kan føra til utslepp til vatn. Det kan oppstå akutt forureining som følge av lekkasje frå båt og bunkringsanlegg eller ved uhell av lossing/lasting. Middels risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Vikitge naturområde nord for Sirevåg langs kysten vert truleg lite råka av endringane. I indre vågen er det taeskokogforekomstar og området vert nytta av fugl, inkludert raudlistearter. Stor taeskokogforekomst lengre ut i vågen vert ikkje råka. Utbygging på land og tiltaka på sjøen vil råka og forringa leveområda til sjøfuglane (betydeleg miljøskade). Middels negativ konsekvens.
Landskap		Landskapet består av kaianlegg, sjøhus og skatepark og leikeområde, òg mange ubebygde tomter. Sentrumsbygg, torg, med vidare som tek vare på det maritime preget kan

		vera positivt for indre vågen og tettstadens landskap. Positiv konsekvens.
Kulturmiljø		Sirevåg har ei historie som fiskehamn og det finst fleire bygg som fortel om denne historia. I sjøen er det registrert eit skipsvrak og på land er det blant anna barkekumme. Det er òg krigsminne på Vedafjellet. Dei kulturhistoriske bygga og kulturminna kan verta forringa av dei nye bygga og tiltaka og dermed råka kulturmiljøverdiane noko. Maritim byggestil vert ført vidare og vil vera positivt kulturmiljøverdiane. Noko negativ konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Det er eit svært viktig område for fritid og rekreasjon. Endringa vil vera positiv for området då plan 202111 planlegg for etablering av torg som møteplass, småbåthamn med flytebrygge, daglegvarehandel, servicebygg med toalett og dusj, fiskeutsalg med servering, samt eit eget område for bubilparkering. Det er òg fleire nye grøntområde. Omdisponeringa vil truleg trekka til seg fleire folk. Stor positiv konsekvens.
Forureining		Området er utsett for støy frå hamna og noko frå vegtrafikken. Fartøy som ligg ved kai- og hamneanlegg genererer støy i området. Trafikk frå begge fylkesvegane Vågen og Stormolovegen genererer gul støysone. Næringsverksemda vil kunna gje noko større utslepp frå båt og biltrafikk. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Allereie utbygd område. Uendra konsekvens.

### 3.7.2.1 ROS-analyse – Sterk vind påfører skade på fartøy, kai, industri eller bygg

#### 3.7.2.1.1 Skildring av uønska hending

Skadar på bygg, anlegg og fartøy. Fartøy slit seg laus frå fortøyning eller har problem med å leggja til kai. Flygande gjenstandar kan førekoma. Det kan òg oppstå lekkasje/forureining frå båt som krasjer i kaianlegg. Mindre fritidsbåtar velter i havna, eller tek inn vatn.

#### 3.7.2.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Tryggleiksklasse F2 omfattar dei fleste byggverk berekna for personopphald. Industri- og kontorbygg er i sikkerhetsklasse F2.

#### 3.7.2.1.3 Årsaker

Vindutsett særleg fra vest-nordvest som presser vassmasser inn i havna.

#### 3.7.2.1.4 Eksisterande barrierar

Moloen bidreg til å beskytta hamna mot bølger. Krav til manøvreringsareal i hamna i aktuelle lovverk. Har rutiner for varsling av behov for å sikra lause gjenstandar.

#### 3.7.2.1.5 Sårbarheitsvurdering

Eigarar må sjølv sikra eigne gjenstandar.

#### 3.7.2.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Førekjem årleg

#### **Grunngjeving for sannsynet:**

Grunna auka klimaendringar må det påreknast større sannsyn for ekstremver i form av vind i framtida.

#### 3.7.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstypar	Høg	Middels	Lav	Ikkje relevant	Forklaring
<b>Liv og helse</b>			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Få/små skadar.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Redusert framkomelegheit for naudetatar.
<b>Materielle verdiar</b>		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Store materielle skadar 10-100 mill. kr.

#### **Samla grunngjeving for konsekvens:**

Båtar kan skadast/søkka og bygg/anlegg kan skadast, dermed høgare økonomiske tap. Konskevensene er middels store.

### 3.7.2.1.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Høg	<ul style="list-style-type: none"> <li>Klimaendringar og variasjonar gjennom året gjev usikkerheit for omfang og tidspunkt.</li> </ul>

### 3.7.2.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Oppretthalda tidleg varsling for å tilrettelegga for tilfredsstillande beredskap.
- Båtar i småbåthavna som ligg til havn til konkrete datoar er på eigars kostnad.
- Beredskapsplan for fritidsbåthavna.

## 3.7.2.2 ROS-analyse – Stormflo påfører skade på fartøy, kai, industri eller bygg

### 3.7.2.2.1 Skildring av uønska hending

Vassinntrenging i bygg og anlegg som følgje av stormflo og/eller bølger.

### 3.7.2.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Tryggleiksklasse F2 omfattar dei fleste byggverk berekna for personopphald. Industri- og kontorbygg er i sikkerhetsklasse F2.

### 3.7.2.2.3 Årsaker

Sumverknad av vatn frå statisk stormflo og bølger gjev flaumfare.

### 3.7.2.2.4 Eksisterande barrierar

Moloen bidreg til å beskytta havna mot bølger frå ope hav. Hamna er dimensjonert med korte strøklengder som reduserer vindbølger. Bryggekanter reduserer bølgeeffekten.

### 3.7.2.2.5 Sårbarheitsvurdering

Bølger kan oppstå frå passerande båtar i høg fart.

### 3.7.2.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		Førekjem 1 gong i løpet av 10-100 år.

### Grunngjeving for sannsynet:

Statistikk syner frekvensen av hendingane.

### 3.7.2.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstypar	Høg	Middels	Lav	Ikkje relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang:

					Basert på berekningar av framtidig stormflonivå og bølgepåverknad vert det i liten grad vurdert å kunna medføra konsekvens for liv og helse.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Skade på eller tap av samfunnsverdiar med noko varigheit.
<b>Materielle verdiar</b>	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan føra til store materielle skadar dersom bygg og anlegg ikkje er dimensjonerte for å tola sjøvatn.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Bygg/anlegg kan skadast av vassinntrenging, dermed høgare økonomiske tap. Konsekvensen er vurdert å medføra opptil middels konsekvens.

3.7.2.2.8 Usikkerheit

Usikkerheit	Grunngjeving
Høg	<ul style="list-style-type: none"> <li>Klimaendringar og variasjonar gjennom året gjev usikkerheit for omfang og tidspunkt.</li> </ul>

3.7.2.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Identifisera kva område som kan vera utsette for vassinntrenging. Føresegner som krev at bygg og anlegg vert dimensjonerte for å tola vassinntrenging. Byggehøgder for dei ulike tryggleiksklassane.
- Kontinuerleg overvaking av havnivåstigning gjennom målingar.
- Oppretthalda tidleg varsling for å tilretteleggja for tilfredsstillande beredskap.
- Flytebrygge med forankring som gjer at ho følgjer havnivået.
- Fartsgrense for båtar i havnebassenget.
- Utandørsareal må ha utforming som sikrar avrenning mot sjøen.

### 3.7.2.3 ROS-analyse – Kollisjon mellom fartøy eller brann/eksplosjon frå industriverksemd, bunkringsanlegg eller fartøy

#### 3.7.2.3.1 Skildring av uønska hending

Brann/eksplosjon kan oppstå som følgje av utslepp frå olje/diesel/bensin fra fartøy og bunkringsanlegg, og handtering av farlige stoff frå industriverksemd. Fartøy kolliderer som følgje av menneskeleg eller mekanisk svikt.

#### 3.7.2.3.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Tryggleiksklasse F2 omfattar dei fleste byggverk berekna for personopphald. Industri- og kontorbygg er i sikkerhetsklasse F2.

#### 3.7.2.3.3 Årsaker

Svikt i konstruksjonar si bereevne eller stoff som kjem i kontakt og reagerer. Høg varme som utviklar seg til brann/eksplosjon. Menneskeleg eller mekanisk svikt som fører til at fartøy kjem ut av kontroll.

#### 3.7.2.3.4 Eksisterande barrierar

Industri er plassert ytterst på kai i avstand frå bustadbygg. Sikkerhetsrutinar for handtering av farlege stoff. Krav til dimensjonering av konstruksjonar. Utbyggjar må til ei kvar tid forhalda seg til gjeldande krav. Fartgrense i hamna.

#### 3.7.2.3.5 Sårbarheitsvurdering

Menneskeleg svikt i overhalding av sikkerhetsrutiner. Konstruksjonar gir etter.

#### 3.7.2.3.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år.

#### **Grunngjeving for sannsynet:**

Nasjonal statistikk syner frekvensen av utslepp og hendingar.

#### 3.7.2.3.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstypar	Høg	Middels	Lav	Ikkje relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Kvar brannhending har store konsekvensar for liv og helse. Store krefter er i sving ved kollisjonar. Kan føra til store skader, i verste fall dødsfall.

<b>Stabilitet</b>	X				<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Skade på eller tap av samfunnsverdiar med noko varigheit.
<b>Materielle verdiar</b>	X				<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan føra til store materielle skadar på eigedom.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Konsekvensen er vurdert til å ha små til middels store konsekvensar, som følge av at konsekvensen er alvorleg ved personskade.

**3.7.2.3.8 Usikkerheit**


<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Høg	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mengd utslepp avgjer kor fort hendinga kan løysast. Materielle verdier vil vera avhengige av kor store skadar som skjer på konstruksjonen.</li> </ul>

**3.7.2.3.9 Forslag til risikoreduserande tiltak**

- Fartsgrense for fartøy i hamnebassenget.
- Sikra nok manøvreringsareal i hamna.
- Plassera bunkringsanlegg i optimal avstand frå bygg.
- Bunkringstank må dimensjonerast for å tåla sjøvassinntrenging. Ved svikt av konstruksjon må tanken dimensjonerast på ein slik måte at drivstoff ikkje kjem på avveie.
- Oljevernberedskap ved brann/eksplosjon av fartøy i hamna.
- Årleg kvalitetskontroll av konstruksjonar og jamlege målingar av utslipp.

## 3.7.3 Sirevåg 3 – Stormolovegen

<b>Felt på kartet:</b>	
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Næring, friområde, bustad, veg
Nytt formål:	Gang- og sykkelveg
Arealstorleik:	2,1 daa
Arealrekneskap:	0,5 dekar næring vert endra til gang- og sykkelveg. 0,5 dekar friområde vert endra til gang- og sykkelveg. 0,2 dekar veg vert endra til gang- og sykkelveg. 0,9 dekar bustad vert endra til gang- og sykkelveg.
Omtale:	Moglegheit for gang- og sykkelveg langs fv. 4324 Stormolovegen frå Litla Krokavatnet til lokalvegen Nygårdsidå. Gang- og sykkelvegen vil gå på nordsida av vegen der det er område avsett til næring, friområde og bustad.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Trafikkseparering som gjer det trygt og meir attraktivt å bruka gange- og sykkel.
Negative konsekvensar:	Kan føra til noko dominerande forstøtningsmur langs vegenlegget. Truleg store investeringskostander per løpemeter.
Oppsummert:	Bidreg til samanhengande gang- og sykkelveg langs Stormolovegen. Ein gang- og sykkelveg vil gjere det meir trafikksikkert for gåande og syklende. Det vert også lettare å velje miljøvennleg transport. Positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Samsvarer med nasjonale forventningar om å legge til rette for sykkel og gange i tettstader. Støttar opp om regionalt mål om enklare kvardag, og føring til kommuneplanens arealdel om å legge til rette for gang- og sykkelforbindelser. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Er i tråd med målsettinga om meir miljøvennleg transport. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Vil ikkje gi befolkningsvekst og vil ikkje belasta tenesteyting ekstra. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Vil gi betre trafikktryggleik for gåande og syklende. Gir betre og lettare tilgang for gåande og syklende til områda rundt. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Krev investeringar i veg og sikring av overvatn. Utfordringar med fjell og høgdeforskjell i skrent opp mot bustader. Tilkomst til eigedom kan også kome i konflikt med endringa og må løysast ved detaljprosjektering. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Gang- og sykkelvegen får belysning, kjem til å gå langs bilveg og fleire bustader. Dette bidreg til tryggleik for brukarar og vil truleg vera kriminalitetsforebyggande. Bygging av gang- og sykkelveg vil truleg ikkje endra konsekvensen noko særleg. Ingen konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Delar av strekningen ligg i aktsemdssone flaum eller er utsett for oppstuing av vatn. Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Endra

		arealføremål gir ikkje vesentleg auka risiko for naturfare. Strekningen ligg over marin grense. Låg risiko.
Store ulykker		Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Gang- og sykkelveg vil gi betre trafikktryggleik og redusera risikoen for trafikkulykker.
Verksemdsrisiko		Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Delar av strekningen er utbygd adkomstveg. Delar av strekningen går gjennom eit område registrert som fulldyrka areal kor det truleg ikkje er viktig biologisk mangfald. På sørsida av fv. 4324 Stormolovegen er viktig naturmangfald registrert. Dette kan verta noko råka dersom veganlegget må forskyvast mot sør. Under anleggspæriden kan det òg vera behov for tiltak. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		Bebygd landskap vert råka. Det er utmark med fjell og knausar i tillegg er det bustadeigedommar med tilkomst. Bustadane ligg høgare i terrenget slik at det er ein mur i naturstein mellom dei og vegen under. Tiltaket kan gje fleire høge forstøtningsmurar som kan skjemma noko i landskapet og nærverknad frå Vedafjellet. Noko negativ konsekvens.
Kulturmiljø		Det er ingen kjende kulturminne i området. Gang- og sykkelvegen kjem langs eksisterande veg. Difor er truleg potensiale for funn lågt. Det ligg eit SEFRAK-registrert hus nær området. På Vedafjellet er det fleire krigsminner frå andre verdskrigen, men desse vert ikkje råka. Ubetydeleg konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Strekningen er ikkje noko viktig nærmiljø, leike- og rekreasjonsområde. Stormolovegen går langs dei viktige

		friluftslivområda <a href="#">Vedafjellet</a> og <a href="#">Kråfjellet</a> . Gang- og sykkelvegen kan gje betre forbindelse til desse. Positiv konsekvens.
Forureining		Noko råka av støy frå fylkesveg 4324. Er normalt ved viss ein skal bruke gang- og sykkelveggar. Ingen konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Areala er allereie regulerte. Eit mindre område er registrert som fulldyrka, men dette er svært lite og uegna til produksjon. Endringa inneber derfor ikkje tap av jordbruksjord. Uendra konsekvens.

## 3.7.4 Sirevåg 4 – Nylund industriområde

<b>Felt på kartet:</b>	V16
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	LNFR
Nytt formål:	Veg
Arealstorleik:	1,3 daa
Arealrekneskap:	1,3 daa endrar føremål frå LNFR til veg.
Omtale:	<p>Utviding av veganlegg langs veg på Nylund industriområde for å kunna etablera gang- og sykkelveg. Gang- og sykkelveglinje var tidlegare inne i kommuneplankartet vedteke i 2014. Er derfor i stor grad ein teknisk endring med å nytta arealflate.</p> <p>Området ligg i mellom næringsområde, veg i sør og LNFR-område i nord. I LNFR-området ligg det fritidseigedommar nær vegen.</p>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	LNFR-areal får endra føremål til veg. Der skal leggest til rette for etablering av gang- og sykkelveg langs veg til næringsområde i Nylund.
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Endringa gjev betre vilkår for gåande og syklende. Det vert lettare og sikrere for dei å ta seg fram. Ingen konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Samsvarer med nasjonale forventningar om å legge til rette for sykkel og gange i tettstader. Støttar opp om regionalt mål om enklare kvardag, og føring til kommuneplanens arealdel om å legge til rette for gang- og sykkelforbindelser. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Er i tråd med målsettinga om meir miljøvennleg transport. Endringa strir noko med målsetningar om å verne natur og jordbruksjord. Gang- og sykkelveglinje var allereie i kommuneplankartet frå 2014. Ingen konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje gi befolkningsvekst og vil ikkje belasta tenesteyting ekstra. Ingen konsekvens
Mobilitet og transport		Endringa gir betre tilgang for gåande og syklande til næringsområde og vidare til sentrum Sirevåg og til fv. 44. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Krev investeringar i veg og handtering av overvatn. Deler av området vil ligge delvis på nokre fritidseigedommar. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Bygging av gang- og sykkelveg vil truleg ikkje endra konsekvensen noko særleg. Ingen konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Ønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdsone for flaum. Ligg i middels risiko for marin leire, men det er fjell i dagen som tilseier at sannsynet er svært låg for marin leire i området. Endra arealføremål aukar ikkje risiko for naturfare. Låg risiko.
Store ulykker		Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Gang- og sykkelveg vil gi betre trafikktryggleik og redusera risikoen for trafikkulykker.
Verksemdsrisiko		Låg risiko.

Miljø		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Det er ingen registrerte funn i området. Uendra konsekvens.
Landskap		Området består av noko skog, areal knytt til bustader og fulldyrka mark nær fv. 44 Nordsjøvegen og ligg langs industriområde. Utviding av veganlegg vil ikkje endra landskapet. Ingen konsekvens.
Kulturmiljø		Det er ingen registrerte kulturminne i området. Ubetydeleg konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Vil råka ytterkanten av friluftslivområdet <a href="#">Jerbaneskogen</a> . Då det kun gjeld ei mindre utviding av veganlegget i ytterkanten vert ikkje verdiane spesielt råka. Ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Støy frå trafikk og næringsområde. Er normalt ved viss ein skal bruke gang- og sykkelveggar. Ubetydeleg konsekvens
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Endringa inneber tap av noko fulldyrka jordbruksjord, på mindre enn ein dekar. Resten er skogdekt og berg og lite egna til jordbruk. Noko negativ konsekvens.

## 3.7.5 Sirevåg 5 – Sirevåg HB

<b>Felt på kartet:</b>	ØK2
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Sirevåg høydebasseng

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		


<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	LNFR
Nytt formål:	Andre typer bebyggelse og anlegg
Arealstorleik:	2,9 daa
Arealrekneskap:	2,9 daa endrar formål frå LNFR til andre typer bebyggelse og anlegg.
Omtale:	Eksisterande Sirevåg høgdebasseng vert endra i tråd med eksisterande bruk til formålet andre typer bebyggelse og anlegg – øvrig kommunalteknisk anlegg. I hovudsak teknisk justering.
Bakgrunn:	Behandling av merknad 28 og 105 frå IVAR IKS i <a href="#">merknadshefte til behandling i KPU-møte 17. oktober 2023</a> .

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Hovudsakleg teknisk justering.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Endring i tråd med eksisterande bruk. Ubetydeleg konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		
Mobilitet og transport		
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ikkje utsett for flaum. Endra arealformål endrar ikkje bruken eller risiko for brann eller andre uønska hendingar. Låg risiko.
Store ulykker		
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Arealet er allereie i bruk. Uendra konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		

### 3.7.6 Sirevåg 6 – Ytre vågen - Brann-/eksplosjonsfare- og evakueringszone H350\_1, H350\_2


<b>Felt på kartet:</b>	H350_1, H350_2
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterende formål:	
Nytt formål:	
Arealstorleik:	
Arealrekneskap:	
Omtale:	Brann- og eksplosjonsfare-soner basert på røykutvikling og evakueringsmoglegheiter. Sona gjelde område i ytre vågen i Sirevåg.
Bakgrunn:	Motsegn frå Statsforvaltaren, jf. merknadsheftet.

## 3.7.7 Sirevåg 7 – Lunden

<b>Felt på kartet:</b>	B15
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	95/65, Klemmå 6

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Kombinert bebyggelse
Nytt formål:	Bustad
Arealstorleik:	2,5 dekar
Arealrekneskap:	2,5 dekar endrar føremål til bustadformål, frå kombinert bebyggelse. Fjerne vernesoner frå plankartet.
Omtale:	<p>Området er lokalisert aust for Sirevåg hamn. Gardstunet på eigedommen vart registrert som verna i kommuneplanen i 2014. Tunet fekk samstundes kombinert arealføremål. Årsaka til det kombinerte føremålet var å leggja til rette for handel, kafeverksemd e.l. i den verna bygningsmassen.</p> <p>Bygningsmassane på eigedommen er no i svært dårleg forfatning. Verneverdien er difor vurdert å vera begrensa, og Klemmå 6 vert teke ut av Hå kommune sitt kulturmiljøregister. Bygningane er fortsatt SEFRAK-registrerte og registrerte som bevaringsverdige.</p> <p>Då bygningsvernet i kommuneplanen, vert teke bort er det heller ikkje hensiktsmessig å leggja til rette for handelsverksemd i området. Slik verksemd bør leggst til sentrumsareal.</p>
Bakgrunn:	Vedtak i <a href="#">KPU-sak 04/24</a>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Bustadbygging i stasjonsbyen medfører fortetting noko som er ei ønska utvikling. Stasjonsbyane skal utviklast med attraktive bustadmiljø.
Negative konsekvensar:	Noko negative konsekvensar knytt til mogleg tap av bevaringsverdige bygg.
Oppsummert:	Begrensa konsekvensar.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Rasfare må avklarast.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Endring i status samsvarar med regionalplan Jæren og Søre Ryfylke om å utvikle tettstader «innenfra og ut», i tillegg til fortetting i allereie bygde område. Positiv konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bygger på kommunen sin langsiktige arealstrategi, konsentrere bustadbygging i stasjonsbyane gjennom fortetting og transformasjon. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Vil kunne gi fleire innbyggjarar i tettstaden. Det vil vera kapasitet til å handtere auken i offentleg tenesteyting. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Dert er kort veg til jernbanen. Godt utbygde gang- og sykkelveggar. God tilkomst med bil. Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Infrastruktur er hovudsakeleg på plass. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Fleire bustader i tettstaden vil antakeleg gi eit tryggare miljø. Ubetydeleg konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i hensynssone H310 grunna fare for marin leire. Ifølge karttenesta Temakart Rogaland er moglegheiten for marin leire stort sett fråverande. Det er fjell i dagen rundt. Middels risiko.

Store ulykker		Bustadfelt kan vera utsett for td straumstans eller svikt i vassforsyning. Men risikoen her er ikkje større enn det den vil vera i andre bustadfeil i området og desse er ikkje kritisk samfunnsfunksjon. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området er allereie utbygd. Ubetydeleg konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		Sirevåg har ei historie som fiskehamn og bygga på eigedommen fortel om denne historia. Eventuell riving vil dermed råka kulturmiljø-verdiar. Noko negativ konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Det er ikkje kjend forureining i grunnen. Området er skjerma frå trafikkstøy. Ingen konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Allereie utbygd område. Uendra konsekvens.


### 3.7.8 Samla vurdering av verknader for Sirevåg

For Sirevåg vil dei samfunnsmessige konsekvensane vera gode med fleire nye sentrums- og fritidsfunksjonar i indre vågen, utviding av industriområde og fleire gang og sykkelveggar. Men utvidinga av Skoga industriområde vil ha negative verknader for fleire miljøtema. Endringane i indre vågen råkar òg naturmangfaldet noko negativt, men har fleire positive effekter for bygdelivet. Fleire gang- og sykkelveggar er positivt for trafikktryggleiken og mobiliteten for innbyggjarane. For delar av indre vågen må risiko for naturfarer handterast på reguleringsplannivå.

## 3.8 ENDRINGAR PÅ HOVUDKARTET

### 3.8.1 Hovudkart 1 – Bekkeheien/Rimestad (Legevakt)

<b>Felt på kartet:</b>	T11, NÆ19
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./bnr. 4/45 - Rimestad 16, 4365 NÆRBØ

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Offentleg tenesteyting, næringsbebyggelse
Arealstorleik:	6,7 daa
Arealrekneskap:	5,4 daa endrast frå LNFR til tenesteyting. 1,3 daa endrast frå LNFR til næringsbebyggelse.
Omtale:	Området til legevakta ligg langs fylkesveg 44 på Bekkeheien/Rimestad, mellom Bryne og Nærbø. Området har parkeringsplass til ansette og brukarar. Ambulansar er òg stasjonert i anlegget. Anlegget er felles med Time og Klepp kommunar. Omdisponering av området er prioritert då området er til ein offentleg samfunnsoppgåve.  A.V.E. systemer AS held òg til på Rimestad og det føreslås å endra formålet til å vera i tråd med bruken.
Bakgrunn:	Angående behandling av A.V.E systemer AS, sjå behandling av merknad 57 frå A.V.E. systemer AS i <u>merknadshefte til behandling i KPU-møte 17. oktober 2023</u> .

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	-

Positive konsekvensar:	-
Negative konsekvensar:	Noko i strid med kommunens jordvernmål og ligg ikkje inntil kollektivakse.
Oppsummert:	Hovudsakleg ubetydeleg endring.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Nasjonalt jordvernmål vert ikkje råka då området allereie er utbygd og teken i bruk. Sjølv om det er mål om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging er plasseringa inntil fylkesveg 44 strategisk god då legevakta server heile Hå og andre kommunar, i tillegg til uttrykking. Ubetydeleg konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Påverkar kommunalt jordvernmål, sjølv om endringa ikkje førar til meir nedbygging av dyrka mark. Bidreg ikkje til miljøvennleg transport. Noko negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bidreg til godt tenestetilbod for befolkninga. Arealformålsendringa endrar ikkje bruken. Ingen konsekvens.
Mobilitet og transport		Området ligg ikkje langs kollektivakse som er negativt, men ligg langs hovudvegen fv. 44 som er strategisk god plassering for brukarområdet som skal dekkast. Er gang- og sykkelveg til området. Utrykkingskøyretøya har felles utkøyring med bustader, gatekjøkken og handverksbedrift. Denne ligg 100 meter i frå kryss mellom Rimestad og fv44. Kan gi noko uoversiktleg trafikkbilete her. Noko negativ konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Endringa krev ikkje investeringar i infrastruktur. Uendra konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Uendra konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b>	<b>Kommentar</b>

	(sannsyn x konsekvens)	
Naturfare		Ligg ikkje spesielt utsett eller i aksemdområde for flaum eller skred. Allereie utbygd. Låg risiko.
Store ulykker		Ikkje større risiko enn andre stader. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Formålsendringa endrar ikkje situasjonen. Forutsett eigne beredskapsplanar ved bortfall av straum, telekommunikasjon/IKT, vassforsyning eller liknande. Kan vera noko uoversiktleg trafikksituasjon og avkøyringar. Middels risiko.
Verksemdsrisiko		Det er mogleg at verskemda handterer nokre farlege kjemikalie, men forutsett interne rutinar for dette. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Legevakta har vore etablert i fleire år.
Landskap		Endring av føremål endrar ikkje bruken.
Kulturmiljø		Nærliggande naturområde er
Bygde- og friluftsliv		<u>Søylandsvatnet naturreservat</u> (400
Forureining		meter) og <u>Søylandsvatnet NV for S</u>
Jord- og mineralressursar (jordvern)		(150 meter). Desse vert ikkje råka. Ingen konsekvens.

### 3.8.1.1 ROS-analyse – Svikt i infrastruktur til kritisk samfunnsfunksjon

#### 3.8.1.1.1 Skildring av uønska hending

- Bortfall av vatn, avløp, straum, og/eller kommunikasjon (IKT)

#### 3.8.1.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F3 omfattar bygg som skal fungera i lokale beredskapssituasjonar. Legevakt er i sikkerheitsklasse F3. Årleg sannsynleik 1/1000.

#### 3.8.1.1.3 Årsaker

- Vasslekkasjer, brot på ledningar, driftsstans på vasspumper
- Manglande nedbør
- Straumutfall

#### 3.8.1.1.4 Eksisterande barrierar

- Beredskapsplan for vassforsyning, høgdebasseng, vaktordning for vatn og avlaup.
- Beredskapsplanar hjå legevakten.
- Vassforsyningsreserver (f.eks. høgdebasseng og tankbil)
- Heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune

#### 3.8.1.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Sårbare grupper / brukere
- Helseinstitusjon

#### 3.8.1.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
X			Oftare enn 1 gong i løpet av 10 år

#### Grunngeving for sannsynet:

- Sannsynet for bortfall av ein eller fleire av slike typar infrastruktur skjer er truleg høg.

#### 3.8.1.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader.
Stabilitet	X				Vurdert ut frå tal og varigheit: Forstyrningar i kritiske samfunnsfunksjoner.
Materielle verdiar			X		Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:

					Medfører sjeldan vesentlege skader på materielle verdiar.
--	--	--	--	--	---

### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- store konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdiar.

Endring av føremål endrar ikkje bruken sidan føremålsendringa samsvarar i større grad med eksisterande bruk. Bortfall kan gje store forstyrrelser i stabilitet, men har sjeldent store konsekvensar for liv og helse og materielle verdiar.

#### 3.8.1.1.8 Usikkerheit



Usikkerheit	Grunngjeving
Lav	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Historisk statistikk for slike hendingar.</li> </ul>

#### 3.8.1.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Sikra naudsynt kapasitet av vassforsyning.
- Eventuelt skaffa fleire naudvasstankar.
- Naudstraumaggregat
- Samarbeid med Jæren Everk
- Jamn oppdatering/revidering av heilskapleg ROS-analyse for Hå kommune for å vurdera tiltak

## 3.8.2 Hovudkart 2 – Elgane (øvingsområde for brann)

<b>Felt på kartet:</b>	T12
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./Bnr. 59/84

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Idrettsanlegg
Nytt formål:	Tenesteyting
Arealstorleik:	5,5 daa
Arealrekneskap:	Eit område på 5,5 daa med arealføremål idrettsanlegg vert endra til tenesteyting for å vera brannøvingsområde.
Omtale:	Området ligg på Høggjæren ved sidan av Elgane motorsportssenter som er nytta til motorsykkelsport. Det er ein open grusplass som ligg høgare enn terrenget rundt. Har felles adkomst med motorsenter, pluss frå gårdsveg.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	-
Positive konsekvensar:	-
Negative konsekvensar:	Fare for forureining mot vassdrag.
Oppsummert:	Uendra til noko negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Området bør skjermast mot Elgane (vegen) og mot innkøyring til motorsportanlegget. Kapasitet på brannvatn må avklarast. Tilstrekeleg adkomstveg må sikrast.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Sjølv om det er mål om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging

		er plasseringa eigna då brannøvingar på området vil råka færre, og det er mogleg å gjera rask utrykking frå området medan ein er på øving. Ubetydeleg konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Ikkje relevant
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bidreg til godt tenestetilbod for befolkninga. Ingen konsekvens.
Mobilitet og transport		Det er ikkje kollektivtilbod som omfattar området. Men plasseringa er sentral i kommunen for utrykking under øving. Noko negativ konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Tilkomstvegen er smal (3,4 m etter måling på kart), og er ikkje godt eigna for dei største utrykkings-køyretøya. Brannvannskapasitet må avklarast. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum nær akdsemsområde, men endra arealformål kan gje fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Låg risiko.
Store ulykker		Brannøvingssområde utgjer noko risiko for eksplosjonsfare. Kan vera utsett for bortfall av kritisk infrastruktur og dette vert forutsett teken hand om i eigen beredskapsplan. Flaum kan påverka alternativ adkomstveg. Middels risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		Det vil vera noko fare for brann og eksplosjon eller kjemikalieustlepp frå brannøvingssområdet. Verksemda må følga gjeldande føresegner for brannvern og handsaming av farleg stoff. Middels risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Det er ikkje nokre registreringar i sjølve området. Etableringa av øvings-

		anlegget vil ikkje påverka desse områda. Uendra konsekvens.
Landskap		Endringa av arealformål vil ikkje vere så stor at det endrar landskapskarakteren til området. Uendra konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i området. Området er opparbeidd og vil ikkje innehalde kulturminne. Det er ei fylling som er planert. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Ikkje nytta som rekreasjonsområde. Påverkar truleg motorsportanlegget i liten grad. Uendra konsekvens.
Forureining		Noko støyutsett frå motorsportanlegget. Elden som blir brukt, kjem frå gassbrennarar. Kan gje små problem med avrenning av forureina vatn frå øvingsaktiviteten til nærliggande vassdrag. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Ikkje relevant.

### 3.8.2.1 ROS-analyse – Brann- og eksplosjonsfare

#### 3.8.2.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann- og eksplosjon
- Spreiing av brann ved øving.
- Håndtering av farlige stoffer ved øving.

#### 3.8.2.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.8.2.1.3 Årsaker

- Branntilløp av tekniske, konstruksjonsmessige eller menneskelig årsaker.
- Brannøving
- Vind, tørt gras/vegetasjon

#### 3.8.2.1.4 Eksisterende barrierer

- Ligg utan mykje bygg rundt.
- Sikkerhetsrutiner for håndtering av farlige stoffer.
- Brannstasjon på Nærbø

#### 3.8.2.1.5 Sårbarhetsvurdering

- Eventuelt farlege kjemikalier, objekt eller liknande.
- Menneskelig svikt i øvings- og sikkerhetsrutinene.

#### 3.8.2.1.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
		X	Sjeldant

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Plasseringa ligg for seg sjølve.

#### 3.8.2.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Brannhendelse kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige skader og i verste fall dødsfall.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Kan gje kortvarig tap av tilgjengelege ressursar.

<b>Materielle verdier</b>		X			<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Vil truleg råka få verdier, men ligg i nærleiken av motorsportanlegg.
---------------------------	--	---	--	--	--

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse,
- låge konsekvenser for materielle verdier,
- middels konsekvens for stabilitet.

3.8.2.1.8 Usikkerhet



<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Høy	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglende kunnskap</li> </ul>

3.8.2.1.9 Forslag til risikoreduserende tiltak

- Egne beredskapsplaner for brannvesenet.

## 3.8.3 Hovudkart 3 – Grødaland næringsområde (utviding)

<b>Felt på kartet:</b>	BG2, BG3, NÆ10, ØK1
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	41/1, 41/2

<b>Eksisterende situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
<b>Eksisterende formål:</b>	LNFR, grønnstruktur, andre typer bebyggelse og anlegg
<b>Nytt formål:</b>	Næring, blå/grønnstruktur, andre typer bebyggelse og anlegg (ØK)
<b>Arealstorleik:</b>	103 dekar (daa)
<b>Arealrekneskap:</b>	68,7 daa LNFR endrar føremål til næring. 0,4 daa grønnstruktur endrar føremål til næring. 30,4 daa LNFR endrar føremål til blågrønnstruktur. 0,2 daa andre typer bebyggelse og anlegg endrar føremål til blå/grønnstruktur. 1,9 daa grønnstruktur endrar føremål til blå/grønnstruktur. 1,3 daa grønnstruktur endrar føremål til andre typer bebyggelse og anlegg.
<b>Omtale:</b>	Gjeld utviding av Grødaland næringsområde som ligg mellom Varhaug og Nærbø, vest for fv. 44. Hensikten med utvidinga er å få på plass biogassanlegg. Utvidinga skjer mot sør på sørsida av eksisterande tilkomstveg. Grødalandsbekken renn i utkanten og vert flytta med formålet blå/grønnstruktur. Krev omlegging av Grødalandsbekken. Forutsett opning av bekken. Utviding av IVAR sitt renseanlegg i sørvest. I avgrensa høyring er forslaget i høve mekling i plan 202105 med Statsforvalter og Rogaland fylkeskommune gjennomført i februar 2024.
<b>Bakgrunn:</b>	Heng saman med områdeplan for Grødaland næringsområde, plan 202105. Utvidinga har vorte avklart gjennom drøfting i plan 202105.

**Samla vurdering**

Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Positivt for utviklinga av kommunens næringsliv. Den blå/grøne delen vil vera positiv i høve til natur- og miljøverdiar.
Negative konsekvensar:	Nedbygging av LNFR. Kan truleg påverka naturmangfaldet i området, i tillegg er industriverksemd verre for landskapet enn LNFR.
Oppsummert:	Grødaland næringsområde vert utvida. Ein blå/grønstruktur vert ivaretatt. Middels negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Avbøtande tiltak for Grødalandsbekken må krevjast som rekkefølgekav i førsegner til kommuneplanen og ved regulering. Veg- og trafikkmengde må vurderast mot forventa bruk. Førsegne avbøtande flaum- og branntiltak er naudsynte for å redusera risikoen frå uakseptabel til akseptabel.

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Strir med nasjonalt jordvernmål og samordna areal- og transportplanlegging. Stor negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir med lokalt jordvernmål. Positivt at utvidinga støttar opp om vidareutvikling av Grødaland næringsområde. Middels negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bidreg til fleire arbeidsplassar. Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Det er gang- og sykkelveg langs fv. 44. Næraste kollektivtilbod er på Varhaug (ca. 4 km) eller Nærbø (ca. 6 km). Avkøyring til fv. 44 må vurderast om er tilstrekkeleg i plan 1052A. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det krev investeringar i infrastruktur ved etablering av nytt næringsområde og blå/grønnstruktur. Middels negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>

Naturfare		<p>Deler av området ligg under marin grense og i sone med liten moglegheit for marin leire (kvikkleire). Grunnundersøkingar visar at det er svært lite sannsyn for kvikkleire. Skredfare er derfor vurdert å ha liten risiko.</p> <p>Deler av området og tilkomstvegen er i aktsemdssone flaum. Ved regulering må omsyn til overvatn, flaum frå vassdrag og auka avrenning handterast. Endra arealføremål kan auka risiko for naturfare. Høg risiko.</p>
Store ulykker		<p>Renseanlegg og biogassanlegg handterer farlege stoff og farleg avfall. Høg risiko.</p>
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		<p>Det kan vera fare for ulykker i samband med transport av masse ut av området. Veggen vert brukt til persontransport i tillegg. Låg risiko.</p>
Verksemdsrisiko		<p>Fare for brann, eksplosjon eller kjemikalieustlepp er til stades i biogassanlegg og renseanlegg. Bedriftene må følge gjeldande føresegner for brannvern og handsaming av farleg stoff. Middels risiko.</p>
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		<p>Vassdraget Grdøalandsbekken kan vera viktig for biologisk mangfald. Økologisk miljøtilstand i Grdøalandsbekken er moderat og dette skyldast i stor grad avrenning frå fulldyrka mark, jf. <a href="#">Vann-nett-portalen kontrollert august 2023</a>.</p> <p>Årsaken til miljøtilstanden er at bekken mangler kantsoner som fører til direkte avrenning fra landbruket. Utviding av Grdøalandsbekken som følgja av ROS-avbøtande tiltak for å redusera flaumkonsekvensar, og omlegging av bekken, vil kunna påverka naturmangfaldverdiar og vannmiljøet i bekken om ikkje</p>

		<p>avbøtande tiltak vert sikra ved regulering.</p> <p>Naturområde i nærleiken er <a href="#">Stemmen</a> og <a href="#">Jærstrendene landskapsvernområde</a>.</p> <p>Skogen ved Stemmen og skogen rundt eksisterande næringsanlegg er viktig for fuglar på trekk, spesielt om hausten. Det er årleg observasjonar av sjeldne arter der. Endringa vil truleg ikkje påverke dette, men naturmangfaldet vil verta noko råka.</p> <p>Stor negativ konsekvens før avbøtande tiltak.</p> <p>Avbøtande tiltak som rekkefølgjekrav: Ved omlegging og utviding av Grødalandsbekken må det setjast krav om breie soner til kantvegetasjon i tråd med NVE sin rettleiar for kantvegetasjon langs vassdrag. Delar av desse buffersonene må vera nedsenka til flaumvatn. Bekken må vera utforma slik at vasshastigheten ikkje blir for låg pga. gjengroing og at vassmengde dybde på bekken må vera gunstig for fisk. Ovannemde tiltak er vurdert til å betra tilstanden i bekken, jf. vassforskrifta § 12.</p>
Landskap		<p>Området er kulturlandskap brukt til gras- og husdyrproduksjon. Det er både fulldyrka mark, utmarksbeite og skog rundt området. Endringa av planføremaal vil endre landskapskarakteren til området slik at industripreget vert større. Noko negativ konsekvens.</p>
Kulturmiljø		<p>Ligg innanfor KULA-område. Ingen kjende kulturminne på området. Truleg potensiale for funn der eventuelle tiltak må vurderast ved regulering. Likevel ubetydeleg verknad for kulturmiljø. Uendra konsekvens.</p>
Bygde- og friluftsliv		<p>Utvidinga vil ikkje direkte råka friluftslivområde, men kjem nær</p>

		<p>friluftslivområdet <a href="#">Grødaland</a>, som har stor brukerfrekvens og vert mellom anna nytta som turområde, og <a href="#">Kongevegen</a>, som òg er eit viktig friluftslivområde. Opplevingsverdien av desse kan verta noko råka.</p> <p>Noko negativ konsekvens.</p>
Forureining		<p>I reguleringsplanen for eksisterande næringsområde er det krav til støy og luktutslepp. I reguleringa av utvidinga må tilsvarande sikrast.</p> <p>Noko negativ konsekvens</p>
Jord- og mineralressursar (jordvern)		<p>Hovudbergarten i området er lausmasser (moreneavsetning). Område med registrerte bergrettar er ikkje råka. Det er heller ikkje registrert uttak eller forekomstar av grus, pukk eller andre mineral. Derfor liten verknad for mineralressursverdiar.</p> <p>Endringa inneber varig tap av dyrka mark i kjerneområde landbruk.</p> <p>Svært stor negativ konsekvens.</p>

### 3.8.3.1 Ros-analyse – Flaum og erosjon i vassdrag

#### 3.8.3.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

Grødalandsbekken er registrert som aktsomhetssone for flaum og renner over sine bredder ved sørlig del av planområdet hvor det er planlagt utvidelse.

#### 3.8.3.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggt teknisk forskrift (TEK17)

TEK17 kap. 7 angir sikkerhetskrav til naturpåkjenninger for flaum. Planområdet er utsatt for flaum fra vassdrag.

Generelt sikkerhetsnivå ved flaum er satt til årlig sannsynlighet på 1/200, 200-årsregn, jf. TEK17 § 7-1.

**Sikkerhetsklasse:** F2 og F3

#### **Forklaring til sikkerhetsklassen:**

Sikkerhetsklasse F2 omfatter de fleste byggverk beregnet for personopphold. Industri- og kontorbygg er i sikkerhetsklasse F2. Årlig sannsynlighet 1/200.

Sikkerhetsklasse F3 omfatter byggverk for sårbare samfunnsfunksjoner og byggverk der oversvømmelse kan gi stor forurensning på omgivelsene. Byggverk som skal fungere i lokale beredskapssituasjoner, for eksempel sykehus, brannstasjon, politistasjon, sivilforsvarsanlegg og infrastruktur av stor samfunnsmessig betydning. Avfallshåndteringsanlegget til IVAR er vurdert å være i sikkerhetsklasse F3, men anlegget ligger ikke i aktsomhetssone for flaum.

#### 3.8.3.1.3 Årsaker

Klimaendringene fører ifølge framskrivningene til at antallet dager med kraftig nedbør vil øke, og det vil bli en økning i nedbøren. Dersom man legger til grunn medianverdien for RCP8.5-scenariet vil økningen i nedbør være ca. 11 % og økningen i dager med kraftig nedbør være ca. 81 % på Sørvestlandet. (Klima i Norge 2100).

Flaumrapport påpeker at deler av eksisterende bygningsmasse og nytt byggeområde vil bli berørt av en flaumsituasjon.

#### 3.8.3.1.4 Eksisterende barrierer

- Nedslagsfeltet er forholdsvis lite og består hovedsakelig av jordbruksareal og grøntområder.
- Da terrenget i tillegg er flatt, bidrar det til å dempe og forsinke spissavrenningen fra nedslagsfeltet og hindrer stor akkumulering av flaumvann.
- Området ligger sjønært og langs vassdraget er det store områder med dyrka mark flaumvannet kan flyte utover.
- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Værmeldinger og andre meldinger til befolkningen.

3.8.3.1.5 Sårbarhetsvurdering

Vassdraget Grødalandsbekken er smalt på flere steder smal som gjør at flaumvann stuves opp.

3.8.3.1.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
X			Økt frekvens for store nedbørsmengder som følge av klimaendringer.

**Begrunnelse for sannsynligheten:**

Økning i nedbørsmengder og frekvens gjør det sannsynlig at Grødalandsbekken flaummer over.

3.8.3.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
<b>Liv og helse</b>			X		<b>Vurdert ut fra antall:</b> Medfører sjeldent alvorlige skader. Flaum kan varsles på forhånd.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Kan påvirke fremkommeligheten. Alternativ adkomst som er lett å bruke finnes ikke dersom andre hendelser inntreffer samtidig.
<b>Materielle verdier</b>		X			<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Det kan trolig bli noe skadeomfang på bygninger fra flaum og erosjon fra Grødalandsbekken. Deler av Biosirk sitt anlegg ligger i et lavpunkt og kan være utsatt. Deler av framtidig anlegg kan også være utsatt hvis det ikke blir gjort flaumreducerende tiltak.

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Vi antar at flaum kan gi middels konsekvenser da enkelte steder i planområdet, både eksisterende bygninger og framtidig anlegg i utvidet område kan bli utsatt for flaum fra vassdraget Grødalandsbekken.

**3.8.3.1.8 Usikkerhet**

<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Middels	Flaumrapport bidrar til grundig grunnlag for å vite årsak til uønsket hendelse, konsekvenser av dette og nødvendig avbøtende tiltak. Men flaumrapporten har noen usikkerheter, blant annet ikke målt bunnbredde på bekken, bruker bare kartdata. Usikkerheter knyttet til verdier i enkelte utsatte bygg/anlegg.

**3.8.3.1.9 Forslag til risikoreducerende tiltak****Tiltak:**

- Øke tverrsnittarealet på Grødalandsbekken der det er redusert tverrsnitt – 3,5 meter bunnbredde og 0,8 meter dybde, jf. Flaumrapport for Grødaland og Kviamarka næringsområder utarbeidet av Head Energy.
- Etablering av flaumvoll på nordsiden av bekken for å kunne presse flaumvann ut mot jordet på sørsiden av bekken.
- Eventuelt heve terrenget for å beskytte eksisterende og framtidig bygningsmasse.
- Etablere vegetasjon med trerekke langs Grødalandsbekken for å minimere erosjonsfaren.

### 3.8.3.2 ROS-analyse – Brann- og eksplosjonsfare

#### 3.8.3.2.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann i bygg og anlegg.
- Eksplosjonsfare i biogassanlegg.
- Skog- eller gressbrann sprer seg til næringsområdet.

#### 3.8.3.2.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.8.3.2.3 Årsaker

- Økt tørke om våren og sommeren øker skog- og gressbrannfaren, jf. Klimaprofil Rogaland fra 2017, utgitt av Norsk Klimaservicesenter.
- Branntilløp i bygning av tekniske eller menneskelig årsaker.
- Økt utnyttelse øker faren for tettere bebyggelse og potensialet for brannspredning øker.

#### 3.8.3.2.4 Eksisterende barrierer

- Krav til brannsikkerhet i byggt teknisk forskrift (TEK17)
- De nærmeste brannstasjonene ligger på Nærbø og Vigrestad med avstander på 6,6 km og 10 km som bør kunne gi innsatstid innenfor 10 minutter.
- Gode rutiner og industrivern i virksomhetene.
- Felles utstyr på sør-Jæren (bl.a. EX-sikkert utstyr).
- To vannledninger til område på 160 mm og 110 mm.

#### 3.8.3.2.5 Sårbarhetsvurdering

- Kun én adkomst for nødeter.
- Sårbart for redningsoppdrag ved gasslekkasje uten EX-sikkert utstyr.
- Bygninger med mennesker og eventuelt farlige kjemikalier eller lignende.

#### 3.8.3.2.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
X			Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år.

#### **Begrunnelse for sannsynligheten:**

- \ Renseanlegg og biogassanlegg der farlige stoffer og farlig avfall blir håndtert gjør at sannsynligheten for brann er høy.

#### 3.8.3.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				Vurdert ut fra skadeomfang: Brannhendelse kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige

					skader og i verste fall dødsfall.
<b>Stabilitet</b>		X			<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Kan gi store skader på renseanlegg og biogassanlegg som regnes å være samfunnsverdier. Skaden kan bli langvarig.
<b>Materielle verdier</b>	X				<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan påvirke store eiendomsverdier.

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse
- middels konsekvenser for stabilitet
- store konsekvens for materielle verdier

Brann kan gi svært alvorlige konsekvenser for liv og helse og materielle verdier, samt noe alvorlig konsekvens for stabilitet.

**3.8.3.2.8 Usikkerhet**

<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Høy	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er vanskelig å si hvordan en brann vil arte seg.</li> <li>• Vi har manglende kunnskap om virksomhetenes rutiner for å motvirke brannfare.</li> </ul>

**3.8.3.2.9 Forslag til risikoreducerende tiltak**


- Plassering av oppstillingsplass på reguleringsplankart eller på situasjonskart i byggesak.
- Etablere alternativ adkomstveg for nødretter.
- Egne beredskapsplaner for virksomhetene (inkl. for biogassanlegget)

<b>UØNSKT HENDING</b>					
Brann, skogbrann- og eksplosjonsfare (store ulykker, verksemdsrisiko)					
<b>SKILDRING AV UØNSKT HENDING</b>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brann i bygg og anlegg.</li> <li>• Eksplosjonsfare i biogassanlegg.</li> <li>• Skog- eller gressbrann sprer seg til næringsområdet.</li> </ul>					
<b>OM NATURPÅKJENNINGAR (TEK17)</b>	<b>TRYGGLEIKSKLASSE FLAUM/SKRED</b>				<b>FORKLARING</b>
Ikkje relevant.	-				-
<b>ÅRSAKER</b>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Økt tørke om våren og sommeren øker skog- og gressbrannfaren, jf. Klimaprofil Rogaland fra 2017, utgitt av Norsk Klimaservicesenter.</li> <li>• Branntilløp i bygning av tekniske eller menneskelige årsaker.</li> <li>• Økt utnyttelse øker faren for tettere bebyggelse og poensialet for brannspredning øker.</li> </ul>					
<b>EKSISTERANDE BARRIERAR</b>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Krav til brannsikkerhet i byggt teknisk forskrift (TEK17)</li> <li>• De nærmeste brannstasjonene ligger på Nærbø og Vigrestad med avstander på 6,6 km og 10 km som bør kunne gi innsatstid innenfor 10 minutter.</li> <li>• Gode rutiner og industrivern i virksomhetene.</li> <li>• Felles utstyr på sør-Jæren (bl.a. EX-sikkert utstyr).</li> </ul>					
<b>SÅRBARHEITSVURDERING</b>					
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kun én adkomst for nødetater.</li> <li>• Sårbart for redningsoppdrag ved gasslekkasje uten EX-sikkert utstyr.</li> <li>• Bygninger med mennesker og eventuelt farlige kjemikalier eller lignende.</li> </ul>					
<b>SANNSYN</b>	<b>HØG</b>	<b>MIDDELS</b>	<b>LÅG</b>	<b>FORKLARING</b>	
	X			Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år.	
<p>Grunngjeving for sannsyn:</p> <p>Renseanlegg og biogassanlegg der farlige stoffer og farlig avfall blir håndtert gjør at sannsynligheten for brann er høy.</p>					
<b>KONSEKVENSVURDERING</b>					
	Konsekvenskategoriar				
<b>KONSEKVENSTYPAR</b>	<b>HØG</b>	<b>MIDDELS</b>	<b>SMÅ</b>	<b>IKKJE RELEVANT</b>	<b>FORKLARING</b>
Liv og helse	X				<p>Vurdert ut frå skadeomfang</p> <p>Brannhendelse kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige skader og i verste fall dødsfall.</p>
Stabilitet		X			Vurdert ut frå antall og varighet

					Kan gi store skader på renseanlegg og biogassanlegg som regnes å være samfunnsverdier. Skaden kan bli langvarig.
Materielle verdier	X				<i>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom</i>  Kan påvirke store eiendomsverdier.
Samla grunngjeving for konsekvens: Brann kan gi svært alvorlige konsekvenser for liv og helse og materielle verdier, samt noe alvorlig konsekvens for stabilitet.					
<b>USIKKERHEIT</b>			<b>GRUNNGJEVING</b>		
Høy			Det er vanskelig å si hvordan en brann vil arte seg. Vi har manglende kunnskap om virksomhetenes rutiner for å motvirke brannfare.		
<b>FORSLAG TIL TILTAK OG MOGLEG OPPFØLGING I AREALPLANLEGGINGA OG ANNA</b>					
Tiltak			Oppfølging gjennom planverktøy/info til kommunen		
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plassering av oppstillingsplass ved detaljregulering eller på situasjonskart i byggesak.</li> <li>• Etablere alternativ adkomstveg for nødetater.</li> <li>• Egne beredskapsplaner for virksomhetene (inkl. for biogassanlegget)</li> </ul>			<ul style="list-style-type: none"> <li>• Legge inn alternativ adkomstveg for nødetater i plankartet og ha rekkefølgekrav om å etablere denne.</li> <li>• Krav i bestemmelsene om dokumentering av løsninger for brannhindrende tiltak ved regulering eller i byggesak. Blant annet krav om å dokumentere brannvannskapasitet og etablering av brannkummer.</li> </ul>		

## 3.8.4 Hovudkart 4 – Kviamarka næringsområde (utviding)

<b>Felt på kartet:</b>	NÆ11, NÆ12, NÆ13, NÆ14 og NÆ15
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	12/5, 12/10, 13/3, 18/3, 39/2, 39/3, 39/18

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Næring
Arealstorleik:	63,6 dekar (daa)
Arealrekneskap:	62,9 daa LNFR endrar føremål til Næring. 1,7 daa LNFR endrar føremål til samleveg-linje.
Omtale:	<p>Endringa gjeld utviding av Kviamarka næringsområde, som ligg mellom Varhaug og Nærbø, aust for fv. 44. Næringsområdet utvidast mot vest til for å legge til rette for meir næringsmiddelindustri, og sør for veksthuset for å kunna utvida dette. Adkomst skjer frå fv. 44.</p> <p>Areala er reduserte etter avklaring og meking med Statsforvaltaren og Rogaland fylkeskommune. Fleire utbyggingsområde og landbruksområde innanfor langsiktig grense landbruk ved tettstader er tilbakeført til LNFR-føremål.</p>
Bakgrunn:	<p>Areala er justerte basert på meking hjå Statsforvaltaren. Sjå behandling av merknadar frå Statdforvaltaren og Rogaland fylkeskommune i <u>merknadshefte til behandling i KPU-møte 17. oktober 2023</u>. Sjå òg <u>meklingsprotokoll datert 21. august 2023</u>.</p>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	-
Positive konsekvensar:	Endringa gir næringsareal til bedrifter som er knytt til landbruksnæringa.

Negative konsekvensar:	Endringa vil vera negativ for natur- og miljøverdiar. Også utbygging på landbruksjord vil vera negativ.
Oppsummert:	Utviding av næringsområdet i Kviamarka på LNFR-område. Fleire område vert tilbakeførte til LNFR-føremål. Middels negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

Verknad		
Samfunn		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Nasjonale og regionale mål og føringar		Strir med nasjonalt jordvernmål og samordna areal- og transport-planlegging. Støttar opp om Kviamarka som regionalt viktig næringsområde til matforedling og produksjon. Stor negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir med lokalt jordvernmål. Positivt at utvidinga støttar opp om vidareutvikling av Kviamarka næringsområde. Dessutan vil utvidinga styrke vidare vekst og samlokalisering av næringsmiddelindustri i kommunen. Middels negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Bidreg til fleire arbeidsplassar. Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Vil føra til meir trafikk i Næringsvegen som ikkje har gang- og sykkelveg. God kapasitet på fv. 44, men kapasitet i avkøyringa til fv. 44 må vurderast ved regulering. Det er gang- og sykkelveg nordover frå Kviamarka til Hanabergmarka og Jærmuseet og langs fv. 44. Ikkje kollektivtilbod i næringsområdet. Ingen konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Mykje av infrastrukturen er på plass, men det krev noko utbygging og investering. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse		
Uønska hending	Risiko (sannsyn x konsekvens)	Kommentar

Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum. Endra arealføremål gir fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Låg risiko.
Store ulykker		Risikoen for eksplosjon vil vera lik tilsvarande verksemdar. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Påverkar ikkje kritiske samfunnsfunksjonar eller infrastruktur. Låg risiko.
Verksemdsrisiko		Risikoen for vil vera lik tilsvarande verksemdar. Bedriftene må følgja gjeldande føresegner for brannvern og handsaming av farleg stoff. Middels risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ingen kjende registreringar i området. Området kan vera hekkestad for fugleartar som held til i kulturlandskapet. I eksisterande næringsareal er det merka arter (vipe og fiskemåke) av nasjonal forvaltningsinteresse. Det er svært viktig kystlynghei i <a href="#">Hanabergmarka</a> som ligg nært opptil den vestleg delen av utvidinga. Noko negativ konsekvens.
Landskap		Landbruksdominert landskap brukt til gras- og husdyrproduksjon. Det er både fulldyrka mark og næringsområdet som grensar til området. Sidan endringa ikkje er stor si høve til jordbruksområda rundt, blir ikkje landskapskarakteren endra. Uendra konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i området. Det er fulldyrka mark, noko som kan gjere sannsynet for funn mindre. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Kan påverka bruken og opplevinga av friluftslivområdet <a href="#">Hanabergsmarka</a> som ligg nord for området. Noko negativ konsekvens.
Forureining		Det kan vera støy i frå næringsverksemda og trafikk. Dette må avklarast og vurderast ved regulering. Utslepp og avfallshandtering må løysast etter gjeldande reglar.

		Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		<p>Hovudbergarten i området er lausmasser (moreneavsetning). Område med registrerte bergrettar er ikkje råka. Det er heller ikkje registrert uttak eller forekomstar av grus, pukk eller andre mineral. Derfor liten verknad for mineralressursverdiar.</p> <p>Endringa inneber varig tap av dyrka mark i kjerneområde landbruk. Likevel positivt at området bidreg til matforedling. Stor negativ konsekvens. Avbøtande tiltak: Tilbakeføring av fleire moglege utbyggingsområde til LNF, jf. <u>mekling</u>.</p>

### 3.8.4.1 ROS-analyse – Brann- og eksplosjonsfare

#### 3.8.4.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann i bygg og anlegg.
- Håndtering av farlige stoffer fra industrivirksomhet.

#### 3.8.4.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggeteknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.8.4.1.3 Årsaker

- Branntilløp i bygning av tekniske, konstruksjonsmessige eller menneskelig årsaker.
- Tett bebyggelse

#### 3.8.4.1.4 Eksisterende barrierer

- Krav til brannsikkerhet i byggeteknisk forskrift (TEK17), blant annet krav til dimensjonering av konstruksjoner. Utbygger må til enhver til forholde seg til gjeldende krav.
- Sikkerhetsrutiner for håndtering av farlige stoffer.
- Brannstasjon på Nærbø og Vigrestad
- Oppbevaring av større mengder eksplosiver krever tillatelse

#### 3.8.4.1.5 Sårbarhetsvurdering

- Bygninger med mennesker og eventuelt farlige kjemikalier eller lignende.
- Menneskelig svikt av sikkerhetsrutinene. Konstruksjonene gir etter.

#### 3.8.4.1.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
X			Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år.

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Eventuell virksomhet etablerer seg med oppbevaring av farlige stoffer gjør at sannsynligheten for brann er høy.

#### 3.8.4.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Brannhendelse kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige skader og i verste fall dødsfall.
Stabilitet	X				<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b>

					Langvarig tap eller stenging av anlegg.
<b>Materielle verdier</b>	X				<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan påvirke store eiendomsverdier og gi betydelige tap.

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse
- store konsekvenser for stabilitet
- store konsekvenser for materielle verdier

3.8.4.1.8 Usikkerhet

Usikkerhet	Begrunnelse
Høy	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Manglende kunnskap om hvilken virksomhet som vil etablere seg i området.</li> <li>• Det er vanskelig å si hvordan en brann vil arte seg.</li> <li>• Vi har manglende kunnskap om virksomhetenes rutiner for å motvirke brannfare.</li> <li>• Skadeomfang</li> </ul>

3.8.4.1.9 Forslag til risikoreducerende tiltak

- Egne beredskapsplaner for virksomhetene
- Krav i bestemmelsene om dokumentering av løsninger for brannhindrende tiltak ved regulering eller i byggesak. Blant annet krav om å dokumentere brannvannskapasitet og etablering av brannkummer.
- Eksisterende industrivern med døgnkontinuerlig beredskapsstyrke.
- Eventuelt krav til sikringssone der vurdering av tilstrekkelig avstand, mellom virksomheter som kan påvirke hverandre, må gjøres.

## 3.8.5 Hovudkart 5 – Søyland

<b>Felt på kartet:</b>	NÆ16
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./Bnr. 3/31

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Næringsbebyggelse
Arealstorleik:	10,5 daa
Arealrekneskap:	10,5 daa LNFR-føremål endrar føremål til næring.
Omtale:	Arealet blir brukt som base og verkstad av ein entreprenørbedrift. Anlegget har eksistert sidan midten av 1960-talet og tilhørte opprinneleg til Statens vegvesen.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	
Oppsummert:	Bruken blir ikkje endra. Arealformålet er i tråd med bruken. Ubetydeleg konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Strir noko med mål om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Er i tråd med prinsippet «rett verksemd på rett stad».
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir noko med lokalt jordvernmål sjølv om det ikkje førar til meir fysisk

		nedbygging av dyrka mark. Noko negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Området er ikkje særleg tilrettelagd for gåande og syklende, men området er eigna til anleggsretts verksemd med få ansatte og besøkande. Kapasiteten på vegnettet skal vera stor nok for næringsverksemda. Uendra konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Endringa krev ikkje investeringar i infrastruktur i området. Uendra konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum. Området er allereie i bruk. Endra arealføremål vil kunna gi fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Låg risiko.
Store ulykker		Dagens situasjon blir ikkje endra som følgja av endra arealformål. Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Området har ingen kjende registreringar og er allereie i bruk. Uendra konsekvens.
Landskap		Området ligg i eit landbrukslandskap som er prega av at det vert drive intensiv grasproduksjon. I tillegg er det veg og bustader nært opptil. Sida området er utbygd vil ikkje endringa råke miljøverdiane. Uendra konsekvens.
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Endringa frå LNFR til næringsbebyggelse inneber tap av LNFR-areal, men endrar ikkje faktisk



1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

		nedbygd landbruksareal. Ubetydeleg for mineralressursar. Noko negativ konsekvens.
--	--	--

## 3.8.6 Hovudkart 6 – Njølstad

<b>Felt på kartet:</b>	NÆ9, LNF6, LNF7
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./Bnr. 29/5

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	Næring, LNFR
Nytt formål:	LNFR, Næring
Arealstorleik:	91,5 daa
Arealrekneskap:	Eit næringsareal på 44,7 daa blir tilbakeført til LNFR. Medan eit område på 46,8 daa med arealføremål LNFR vert endra til næring. Samla omdisponering frå LNFR-føremål til næring er 2,1 dekar.
Omtale:	Vidareutvikling av nærings- og råstoffutvinningsområde på Njølstad, som ligg aust for Nærbø. Området er nytta til produksjon av betong. Noko av anlegget er lokalisert i Time kommune. Eit areal i nord og eit i vest får endra føremål frå næring til LNFR, medan eit areal i sør får endre føremål frå LNFR til næring.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Noko næringsareal skal tilbakeførast til LNFR-formål.
Negative konsekvensar:	Området ligg i landbrukslandskap, inngrepet vil vera negativt for miljø- og naturverdiar. Driftsperioden vil kunne vera belastande for naboar.
Oppsummert:	Det dreier seg om å gjer masseuttak større, som er negativt for miljø- og naturverdiar. Delar skal tilbakeførast til LNFR. Noko negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Krav til støy- og støvhandtering i reguleringsplan. Det skal òg settast krav til handtering av overvatn for området.

	Avsette landbruksområde LNF6 og LNF7 skal vera tilbakeført til produktiv LNFR-føremål før igangsettings-tillatelse for opparbeiding av NÆ9 er tillate.
--	--

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Støttar opp nasjonale forventningar til uttak av byggeråstoff til bygge- og anleggspåremål med korte transportavstander og reduserte klimautslepp. Er i tråd med prinsippet «rett verksemd på rett stad» og dannar grunnlag for arbeidsplassar. Strir med nasjonalt jordvernmål, men vil bli tilbakeført til landbruksjord ved avslutning. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Følgjer kommunen sin arealstrategi om at Njølstad skal vera langsiktig masseuttaksområde i kommunen. Anlegget har dessutan moglegheit for sambruk mellom uttak og mottak. Det støttar òg opp om satsingsområdet «God utdanning» ved å vera eit øvingsområde for anleggselevar. Strir med strategien om vern av jord og natur. Positive og negative konsekvensar gjer (nøytral) ubetydeleg konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Området har allereie tilkomst. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Kan nytta investeringar vidare, sjølv om nokre investeringar vil truleg vera naudsynte. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Deler av nytt LNFR-område ligg i aktsemdsone flaum, men vert ikkje

		<p>vyurdert vidare då det ikkje er sett av til utbygging.</p> <p>Det vil vera fare for ras i samband med anleggsdrift og masseuttak.</p> <p>Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Endra arealføremål gir fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Middels risiko.</p>
Store ulykker		<p>Under arbeid i masseuttaket kan det vera risiko for eksplosjonar på grunn av bruk og oppbevaring av eksplosivar og brennstoff til køyretøy. Middels risiko.</p>
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		<p>Det kan vera fare for ulykker i samband med transport av masse ut av området. Vegen vert brukt til persontransport i tillegg. Låg risiko for stengte veger utanfor anlegget.</p>
Verksemdsrisiko		<p>Det vil kunne oppstå ras i samband med anleggsdrifta. I samband med sprengingsarbeid vil det kunne vera fare for steinar på avvege. Middels risiko.</p>
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		<p>Innanfor området er det registrert viltområde som kan vera leveområde for rådyr og sporvefugl. Men desse registreringane er gamle. Likevel kan skogen innehalda mykje natur- og biologisk mangfald. Ligg nært (ca 500 meter) <a href="#">Risaskogen</a> som er rik edellauvskog. Den delen av området som blir endra til næring, var tidlegare barskog.</p> <p>Noko negativ konsekvens.</p>
Landskap		<p>Området er lokalisert i kulturlandskap brukt til gras og husdyrproduksjon. Det er både fulldyrka mark, utmarksbeite og skog rundt området. Endringa av planføremål vil endre landskapskarakteren til området.</p> <p>Delar av areala vert tilbakeført til LNFR og kan verta ein naturleg del av jordbruksområda rundt.</p> <p>Noko negativ konsekvens.</p>

Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i området. Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Truleg lite nytta som friluftslivområde og rekreasjon. Opplevinga av den nærliggande <a href="#">Risaskogen</a> kan verta noko negativt påverka. Noko negativ konsekvens.
Forureining		Næringsverksemd på området gir både støv- og støyforureining for omgjevnadane. I tillegg kan det vera eit problem med avrenning av forureina vatn til nærliggande vassdrag. Noko negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Hovudbergartar i området er metasandstein. Området er allereie i drift som uttak av byggeråstoff og registrert sin grus- og pukkforekomst. Område med registrerte bergrettar er ikkje råka. Utviding av eksisterande uttaksområde gir positiv verknad for mineralressursar.  Tap av LNFR-areal er ein negativ konsekvens. Endring frå næring til LNFR blir sett på som positivt. Uendra konsekvens.

### 3.8.6.1 ROS-analyse – Fare for ras/skred ved sprenging og steinsprang

#### 3.8.6.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Ras/skred frå skjæring ved masseuttak som treff mennesker og/eller maskiner
- Ras/utgliding som følge av sprengingsarbeid som råkar stabiliteten i grunnen.

#### 3.8.6.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggeteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S1. Årleg sannsyn 1/100.

#### 3.8.6.1.3 Årsaker

- Skred/jordras kan skje ved sprengning av massar.

#### 3.8.6.1.4 Eksisterende barrierer

- Fortløpande rutine og sikring av bruddveggar/skråning.

#### 3.8.6.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Vanskeleg å forutsjå kva slags massar som ligg lagra under lausmassane.

- Mannskap og materiell på jobb i masseuttaket vil vera sårbare i høve skred/ras.

### 3.8.6.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
		X	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år.

### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Lågare sannsyn med rutinar.

### 3.8.6.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Ras kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige skader og i verste fall dødsfall.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Kortvarig blokkering for framkomsten til nødeter.
Materielle verdier		X			<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan gje skadar på maskinar og infrastruktur.

### Samlet begrunnelse for konsekvens:

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse
- låge konsekvenser for stabilitet
- middels konsekvenser for materielle verdier

### 3.8.6.1.8 Usikkerhet

Usikkerhet	Begrunnelse
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avheng av kor det skjer, omfang og kor mange som er involvert.</li> </ul>

### 3.8.6.1.9 Forslag til risikoreduserende tiltak

- Sikringsgjerde, fjellsikring i bratte parti.
- Lause steinar skal fjernas, større fjellparti skal sikrast med boltar.

1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

- Geologisk grunnundersøking og ev. vurdering av grunnstabiliserande tiltak må iverksetjast før graving.

### 3.8.6.2 ROS-analyse – Brann- og eksplosjonsfare

#### 3.8.6.2.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann i anleggsmaskinar under anleggsarbeid.

#### 3.8.6.2.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.8.6.2.3 Årsaker

- Branntilløp grunna menneskeleg eller teknisk svikt.
- Påsett brann

#### 3.8.6.2.4 Eksisterende barrierer

- Rutinar for korleis ein hådterar oppstått brann.

#### 3.8.6.2.5 Sårbarhetsvurdering

- Kan ikkje sjå vekk frå at brann kan oppstå.
- Fleire har tilgang til området som dermed aukar sannsynet.

#### 3.8.6.2.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
		X	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år.

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Sannsynet for brann i anleggsmaskinar er vurdert som låg. Avvik i elektrisk anlegg kan likevel oppstå.

#### 3.8.6.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse		X			Vurdert ut fra skadeomfang: Kan gje alvorlege personskadar.
Stabilitet			X		Vurdert ut fra antall og varighet: Kan føre til luftforureining, men omfanget er mindre.
Materielle verdier		X			Vurdert ut fra direkte skade på eiendom: Kan gje skadar på maskinar og vegetasjon.

#### Samlet begrunnelse for konsekvens:

Brann kan gi:

- middels konsekvenser for liv og helse

1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

- låge konsekvenser for stabilitet
- middels konsekvenser for materielle verdier

#### 3.8.6.2.8 Usikkerhet


<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"><li>• Usikkerheit er knytta til kor stor brannen er, utrykkingstid for ambulande, politi og brannvesen, samt omfanget av skader.</li></ul>

#### 3.8.6.2.9 Forslag til risikoreduserende tiltak

- Egne Ha sikkerheitsrutinar for slike hendingar og jamnleghge kontrol/vedlikehald av anleggsmaskinar.
- Sikre slukningsapparat i maskinar og i anleggsbrakke.

## 3.8.7 Hovudkart 7 – Kinnarvåg, Sirevåg

<b>Felt på kartet:</b>	RU2
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 88 bnr. 1, gnr. 89 bnr 3

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Råstoffutvinning
Arealstorleik:	15 dekar (daa)
Arealrekneskap:	15 daa LNFR endrar føremål til råstoffutvinning
Omtale:	<p>Området ligg sør for Sirevåg ved fv. 44 nær Kinnarvåg. Planområdet ligger ved tidlegare regulert plan (1196) for ny trase fv. 44. Området består av fjell og ein del vegetasjon. Den vestlege delen av området skal tilbakeførast til LNFR etter driftsperioden.</p> <p>Råstoffutvinningsområdet i samband med utbygging av ny fv. 44.</p> <p>Området er allereie vedteke i reguleringsplan 1195 detaljreguleringsplan for masseuttak/dyrking sør for Sirevåg.</p>

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Etter driftsperioden skal delar av området bli matjord som er positivt for landbruket. Industri i Hå.
Negative konsekvensar:	Støy og støv som er sjenerande for naboar.
Oppsummert:	Fv. 44 skal få ny trasé ved Kinnarvåg og samstundes vert eit eksisterande masseuttak utvida. Driftsperioden vil kunne vera belastande for naboar. Området har LNFR-føremål i dag og får endra føremål til råstoffutvinning. Delar av området skal bli matjord etter driftsperioden. Middels negativ konsekvens.

Særskilt oppfølging ved regulering:	Krav om tilbakeføring til LNFR-formål. Føresegnene set krav til regulering av råstoffutvinningsområde.
-------------------------------------	--

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Støttar opp nasjonale forventningar til uttak av byggeråstoff til bygge- og anleggsmål med korte transportavstander og reduserte klimautslepp. Er i tråd med prinsippet «rett verksemd på rett stad» og dannar grunnlag for arbeidsplassar. Strir med nasjonalt jordvernmål, men vil bli tilbakeført til landbruksjord ved avslutning. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir med strategien om vern av jord og natur, men vert i tråd med strategien om tilbakeføring til landbruk etter avslutta drift. Middels negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Endringa av arealføremål heng saman med bygging av ny trasé for fv. 44. Saman med nye kryssløysingar med betre sikt og gang- og sykkelveg vil dette bidra positivt for trafikktryggleiken. Det vert òg enklare å ta seg fram miljøvennleg. Positiv konsekvens
Teknisk infrastruktur		Det må investerast i ny infrastruktur i området med endring til råstoffproduksjon. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Nordre deler ligg i aktsemdssone flaum. Det vil vera fare for ras i samband med anleggsdrift og masseuttak. Endra arealføremål kan gi

		fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Høg risiko. Ikkje vurdert vidare her då området allereie inngår i vedteken reguleringsplan. Sjå ROS-analyse for vedteken plan 1195.
Store ulykker		Under arbeid i masseuttaket kan det vera risiko for eksplosjonar på grunn av bruk og oppbevaring av eksplosivar og brennstoff til køyretøy. Middels risiko. Ikkje vurdert vidare her då området allereie inngår i vedteken reguleringsplan. Sjå ROS-analyse for vedteken plan 1195.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Det kan vera fare for ulykker i samband med transport av masse ut av området. Vegen vert brukt til persontransport i tillegg. Låg risiko for stengte veger utanfor anlegget. Ikkje vurdert vidare her då området allereie inngår i vedteken reguleringsplan. Sjå ROS-analyse for vedteken plan 1195.
Verksemdsrisiko		Det vil kunne oppstå ras eller steinar på avvege i samband med anleggsdrifta. Middels risiko. Ikkje vurdert vidare her då området allereie inngår i vedteken reguleringsplan. Sjå ROS-analyse for vedteken plan 1195.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Det er ingen verneområde innanfor området. Det er funnet få eksemplar av kokkesøte (sårbar) og fagerrogn i tillegg til eit rødlista insektart. Det er òg <a href="#">kystlynghei</a> av moderat verdi som vert forringa. Ligg nært opp mot fuktig kystlynghei i <a href="#">Ognadalen-Helvik</a> som er eit svært viktig naturområde. Naturmangfald har derfor noko verdi. Direkte påverknad. Middels negativ konsekvens.
Landskap		Området er fleire fjellknausar med noko vegetasjon som ligg nært eksisterande

		fv. 44. Endringa vil påverke landskapskarakteren til området og etablering av jorde kan oppfattast som eit framandelement. Ny trasé for fv. 44 vil vera litt lengre unna enn i dag. Noko negativ konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i området. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Antakeleg vore lite brukt til friluftsliv og rekreasjon. Uendra konsekvens.
Forureining		Eksisterande verksemd på området gir både støv- og støyforureining som er sjenerande for naboar. I tillegg kan det vera eit problem med avrenning av forureina vatn til nærliggande vassdrag. Dette skal takast omsyn til gjennom detaljreguleringa av området. Middels negativ konsekvens
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området består i dag av fjell og vegetasjon. Hovudbergarten i området er anortositt. Området er regulert til masseuttak av grus og pukk i detaljregulering for masseuttak/dyrking sør for Sirevåg (plan 1195). Råstoffutvinning er positivt for byggeråstoff. Etter driftsperioden skal delar av området bli matjord. Positiv konsekvens for både jord- og mineralressursar.

## 3.8.8 Hovudkart 8 – Friestad/Roligheden

<b>Felt på kartet:</b>	RU3
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr./Bnr. 105/23

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Råstoffutvinning
Arealstorleik:	28 daa
Arealrekneskap:	28 daa LNFR endrar føremål til råstoffutvinning.
Omtale:	Utviding av eksisterande masseuttaksområde for å auke omfanget av fulldyrka jordbruksareal. Området ligg nord for Brusand, mellom fv. 44 (ca. 600 meter), og jernbanen (ca. 500 meter). Det er for det meste beitemark rundt området. Eksisterande masseuttak har reguleringsplan (Friestad masseuttak 2).

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	Området er eit LNFR-areal og det ligg eit landskap med verdifulle landbruksområde. I tillegg er det utfordringar i med støy og anna knytt til driftsperioden.
Oppsummert:	Eit etablert masseuttak i landskapsområde vert utvida frå LNFR-område til råstoffutvinning. Middels negativ konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Støttar opp nasjonale forventningar til uttak av byggeråstoff til bygge- og anleggspålegg med korte transportavstander og reduserte klimautslepp. Er i tråd med prinsippet «rett verksemd på rett stad» og dannar grunnlag for arbeidsplassar. Strir med nasjonalt jordvernmål, men vil bli tilbakeført til landbruksjord ved avslutning. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Strir med strategien om vern av jord og natur, men vert i tråd med strategien om tilbakeføring til landbruk etter avslutta drift. Middels negativ konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Bør kunna nytta eksisterande tilkomst til anlegget. Vil antakeleg ikkje føre til noko stor auke i trafikk. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Kan nytta investeringar vidare, sjølv om nokre investeringar vil truleg vera naudsynte. Ubetydeleg konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum. Det vil vera fare for ras i samband med anleggsdrift og masseuttak. Ved store nedbørsmengder må det vera kapasitet for bortleding av overvatn. Endra arealføremål gir fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Middels risiko.
Store ulykker		Under arbeid i masseuttaket kan det vera risiko for eksplosjonar på grunn av bruk og oppbevaring av eksplosivar og brennstoff til køyretøy. Middels risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Det kan vera fare for ulykker i samband med transport av masse ut av området. Vegen vert brukt til persontransport i

		tillegg. Låg risiko for stengte veger utanfor anlegget.
Verksemdsrisiko		Det vil kunne oppstå ras i samband med anleggsdrifta. I samband med sprengingsarbeid vil det kunne vera fare for steinar på avvege. Middels risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Ingen registreringar i sjølve området. Ligg nær, men vil ikkje direkte påverka kystlynghei-områda <a href="#">Kvalbein-nord</a> og <a href="#">Grønhaugen</a> . Uendra konsekvens.
Landskap		Ligg i jordbruksdominert landskap, brukt til gras- og husdyrproduksjon. Det er både fulldyrka mark og utmarksbeite rundt området. Ligg nær KULA-området. Endringa av arealføremål vil endre landskapskarakteren til området. Noko negativ konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i sjølve området. Uendra konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Privat gardsområde. Uendra konsekvens.
Forureining		Kan sjenera omgjevnadane og naboar med støv og støy. Dessutan må overvatn handterast. Ved regulering er det sett krav om handtering av desse forholda. Middels negativ konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Hovudbergartar i området er jotunitt og granitt. Området er allereie i drift som uttak av byggeråstoff. Område med registrerte bergrettar er ikkje råka. Utviding av eksisterande uttaksområde gir positiv verknad for mineralressursar  Endringa inneber tap av LNFR-areal. Det er nå utmarksbeite. Området skal tilbakeførast til LNFR etter driftsperioden. Middels negativ konsekvens.

### 3.8.8.1 ROS-analyse – Fare for ras/skred ved sprenging og steinsprang

#### 3.8.8.1.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Ras/skred frå skjæring ved masseuttak som treff mennesker og/eller maskiner
- Ras/utgliding som følge av sprengningsarbeid som råkar stabiliteten i grunnen.

#### 3.8.8.1.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse S1. Årleg sannsyn 1/100.

#### 3.8.8.1.3 Årsaker

- Skred/jordras kan skje ved sprengning av massar.

#### 3.8.8.1.4 Eksisterende barrierer

- Fortløpande rutine og sikring av bruddveggar/skråning.

#### 3.8.8.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Vanskeleg å forutsjå kva slags massar som ligg lagra under lausmassane.
- Mannskap og materiell på jobb i masseuttaket vil vera sårbare i høve skred/ras.

#### 3.8.8.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
		X	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år.

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Lågare sannsyn med rutinar.

#### 3.8.8.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Ras kan føre til stor konsekvenser for liv og helse – alvorlige skader og i verste fall dødsfall.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Kortvarig blokkering for framkomsten til nødetater.
Materielle verdier		X			<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan gje skadar på maskinar og infrastruktur.

**Samlet begrunnelse for konsekvens:**

Brann kan gi:

- svært alvorlige konsekvenser for liv og helse
- låge konsekvenser for stabilitet
- middels konsekvenser for materielle verdier

**3.8.8.1.8 Usikkerhet**

<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"><li>• Avheng av kor det skjer, omfang og kor mange som er involvert.</li></ul>

**3.8.8.1.9 Forslag til risikoreduserende tiltak**

- Sikringsgjerd, fjellsikring i bratte parti.
- Lause steinar skal fjernas, større fjellparti skal sikrast med boltar.
- Geologisk grunnundersøking og ev. vurdering av grunnstabiliserande tiltak må iverksetjast før graving.

### 3.8.8.2 ROS-analyse – Brann- og eksplosjonsfare

#### 3.8.8.2.1 Beskrivelse av uønsket hendelse

- Brann i anleggsmaskinar under anleggsarbeid.

#### 3.8.8.2.2 Sikkerhetskrav til naturpåkjenninger i byggt teknisk forskrift (TEK17)

Ikke relevant.

#### 3.8.8.2.3 Årsaker

- Branntilløp grunna menneskeleg eller teknisk svikt.
- Påsett brann

#### 3.8.8.2.4 Eksisterende barrierer

- Rutinar for korleis ein håndterer oppstått brann.

#### 3.8.8.2.5 Sårbarhetsvurdering

- Kan ikkje sjå vekk frå at brann kan oppstå.
- Fleire har tilgang til området som dermed aukar sannsynet.

#### 3.8.8.2.6 Sannsynlighet for at hendelsen inntreffer

Høy	Middels	Lav	Forklaring til valgt sannsynlighet
		X	Sjeldnare enn 1 gong i løpet av 100 år.

#### Begrunnelse for sannsynligheten:

- Sannsynet for brann i anleggsmaskinar er vurdert som låg. Avvik i elektrisk anlegg kan likevel oppstå.

#### 3.8.8.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
<b>Liv og helse</b>		X			<b>Vurdert ut fra skadeomfang:</b> Kan gje alvorlege personskadar.
<b>Stabilitet</b>			X		<b>Vurdert ut fra antall og varighet:</b> Kan føre til luftforureining, men omfanget er mindre.
<b>Materielle verdier</b>		X			<b>Vurdert ut fra direkte skade på eiendom:</b> Kan gje skadar på maskinar og vegetasjon.

#### Samlet begrunnelse for konsekvens:

Brann kan gi:

- middels konsekvenser for liv og helse

1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

- låge konsekvenser for stabilitet
- middels konsekvenser for materielle verdier

#### 3.8.8.2.8 Usikkerhet

<b>Usikkerhet</b>	<b>Begrunnelse</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"><li>• Usikkerheit er knytta til kor stor brannen er, utrykkingstid for ambulande, politi og brannvesen, samt omfanget av skader.</li></ul>

#### 3.8.8.2.9 Forslag til risikoreduserende tiltak

- Ha sikkerheitsrutinar for slike hendingar og jamnleghge kontroll/vedlikehald av anleggsmaskinar.
- Sikre slukningsapparat i maskinar og i anleggsbrakke.

## 3.8.9 Hovudkart 9 – Holmane fritidsbustadområde

<b>Felt på kartet:</b>	FB1
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	Gnr. 86 bnr. 5

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Fritidsbebyggelse
Arealstorleik:	0,2 daa
Arealrekneskap:	0,2 daa LNFR endrar føremål til fritidsbebyggelse.
Omtale:	Området ligg i eit hytteområde i Holmane. Det er ei tomt som ligg i LNFR- området utanfor området avsett til fritidsbebyggelse. Tomta er med i reguleringsplan 948B. Området er nær kysten og landskapet er bergknausar og svaberg med låg vegetasjon innimellom.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	
Negative konsekvensar:	Noko negativ for naturmangfald og nasjonale omsyn til strandlinja. Men området er allereie råka av fritidsbustader og tomta var opprineleg regulert til fritidsbustad. Omsynet til nasjonale mål vert derfor lite råka av endringa.
Oppsummert:	Ei lita tomt i eit etablert hyttefelt får endra arealføremål til fritidsbebyggelse frå tidlegare LNFR. Ubetydeleg konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	Ligg langs eksponert kystnær landskap og må derfor følgja føresegnar om lågare og mindre volum som tek omsyn til natur og landskapssilhuetten.

<b>Verknad</b>
----------------

<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Nasjonale og regionale mål og føringar		Noko privatisering langs strandlinje (100-meterssone). Likevel liten verknad då omkringliggende område òg er utbygd med fritidsbustader. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		I tråd med arealstrategien turisme og reiseliv. Ikkje vesentleg betydning for strategien om friluftsliv og grønt. Ubetydeleg konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebhov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Ubetydeleg konsekvens.
Mobilitet og transport		Det er ikkje godt kollektivtilbod, eller gang- og sykkelveg. Er lagt opp til bruk av privatbil med fellesparkering. Ubetydeleg konsekvens.
Teknisk infrastruktur		
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko (sannsyn x konsekvens)</b>	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum. Dagens situasjon blir ikkje spesielt endra som følgja av endra arealformål. Låg risiko.
Store ulykker		
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		Ikkje større risiko enn omkringliggende fritidsbustader. Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Innanfor området er det registrert <a href="#">Kystlynghei</a> med stor verdi. Direkte inngrep vil forringa området, men ny tomt er svært liten. Noko negativ konsekvens.
Landskap		Ligg nær tidlegare viktig landskap i Rogaland. Området ligg innanfor friluftslivområdet <a href="#">Holmane</a> . Området er allereie prega av fritidsbustader. Ei ekstra tomt vil ikkje påverka landskapskarakteren. Ubetydeleg konsekvens.
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		Vil ikkje forureina meir enn andre fritidsbustader. Ingen konsekvens.

Jord- og mineralressursar (jordvern)		Det aktuelle området har ikkje vært jordbruk på lenge. Ubetydeleg lita endring. Ingen konsekvens.
---	--	---

## 3.8.10 Hovudkart 10 – Jærmuseet-Motland

<b>Felt på kartet:</b>	
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	18/5, 19/5, 19/7, 19/17 19/24,19/30, 19/31, 19/35, 20/1, 20/3, 20/93, 20/597, 21/3, 21/7

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR-formål, offentlig tenesteyting
Nytt formål:	Gang- og sykkelveg langs køyreveg og turdrag langs vassdrag/jordbruksområde
Arealstorleik:	6,8 daa
Arealrekneskap:	2,0 daa endrar føremål frå offentlig tenesteyting til gang- og sykkelveg. 2,4 daa endrar føremål frå LNFR til gang- og sykkelveg. 2,4 daa endrar føremål frå LNFR til turdrag.
Omtale:	Nytt turdrag og gang- og sykkelveg utanfor Nærbø mellom Dalabekk og Jærmuseet/vitengarden og Motland/Klokkarhølen.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Bidreg til fleire forbindelsar mellom grøntstruktur/friluftslivområde og auka bruk av desse.
Negative konsekvensar:	Utbygging på landbruksjord. Noko naturfare i flaumsone langs vassdrag.
Oppsummert:	Etablering av gang- og sykkelsti på Motland mellom Dalabekk og Jærmuseet. Positiv konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>
<b>Samfunn</b>

Tema	Konsekvens	Kommentar
Nasjonale og regionale mål og føringar		Strir noko med regionalt mål om varige naturressursar.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Støttar opp om tilgang til gode turområde og samanhengande grøntstruktrområde i langsiktig arealstrategi. Noko negativt for vern av jord og natur. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Etablering av gang- og sykkelveg vil vera positivt for mobiliteten til mange. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Krev investeringar for å etablere gang- og sykkelvegen. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
Ønska hending	Risiko (sannsyn x konsekvens)	Kommentar
Naturfare		Delar av strekningen går gjennom aktsemdssone flaum. Etablering av gang- og sykkelveg gir fleire harde flater som aukar risikoen for naturfare. Høg risiko.
Store ulykker		Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Førar til betre trafikktryggleik.
Verksemdsrisiko		Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
Tema	Konsekvens	Kommentar
Naturmangfald		Jordbruksdominert landskap like utanfor stasjonsbyen Nærbø.
Landskap		Påverkar ikkje natur og landskapsverdiar. Ingen konsekvens.
Kulturmiljø		Ligg nær fleire kulturminne. Kan bidra til auka oppleving av kulturminne. Det er potensiale for fleire funn. Ingen konsekvens.
Bygde- og friluftsliv		Bidreg til auka bruk av Vitengarden og friluftslivområda <a href="#">Hanabergmarka</a> og <a href="#">Dalabekk</a> . Positiv konsekvens.

Forureining		<p>Vil kunna gje støy og støv under anleggsperioden. Forureinar ikkje meir enn andre gang- og sykkelveggar. Bidreg til fleire miljøvennlige reiser og dermed mindre klimagassutslepp. Ubetydeleg konsekvens.</p>
Jord- og mineralressursar (jordvern)		<p>Hovudbergart er lausmasser (moreneavsetning). Råkar registrert grus- og pukkforekomst. Lite hensiktsmessige å ha uttak av denne forekomsten då området ligg i ytterkant av tettstad og bygde område. Derfor liten verknad for mineralressursverdiar.</p> <p>Utbygging på landbruksområde, men arealet er lite og deler er allereie i bruk som turdrag. Noko negativ konsekvens.</p>

### 3.8.10.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.8.10.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på veg, gang- og sykkelveg, turdrag.

#### 3.8.10.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.8.10.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum langs vassdrag.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet

#### 3.8.10.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.8.10.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.8.10.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

#### 3.8.10.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Konsekvensane for stabilitet vurderast til middels, då ein flaum i planområdet kan vaske ut massar og øydelegge vegkroppen

					og redusere framkjømda i området for ein kort periode
<b>Materielle verdiar</b>		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Overfløyming kan gi store materielle skadar på veganlegg.

**Samla grunngjeving for konsekvens:**

Den uønskte hendinga kan gje:

- låge konsekvensar for liv og helse,
- middels konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.8.10.1.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Middels	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Rekningar frå Dr. Øverland føreligg er for 200-årsflaum</li> <li>• Uvist korleis klimaendringar påverkar lokalt.</li> </ul>

3.8.10.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Krav om flaumutgreiing ved regulering/byggesak.
- Eventuelle terrengmessige grep (voll).

## 3.8.11 Hovudkart 11 – Sirevåg-Egersund

<b>Felt på kartet:</b>	
<b>Gnr./bnr. og ev. adresse:</b>	

<b>Eksisterande situasjon:</b>	<b>Kommuneplan vedtatt i 2014:</b>	<b>Endring i ny kommuneplan:</b>
		

<b>Om endringa</b>	
Eksisterande formål:	LNFR
Nytt formål:	Samferdselslinje (gang- og sykkelveg)
Arealstorleik:	24,5 dekar (daa)
Arealrekneskap:	24,5 daa LNFR endrar føremål til samferdselslinje
Omtale:	Vidare planlegging av gang- og sykkelveg langs fv. 44 sør for Sirevåg og fram til kommunegrensa mot Egersund. Endringa gjeld to delstrekningar. Ved Stemmavatnet/nedkøyning til Holmane har gang- og sykkelvegtrasé mangla. Den andre delen er frå Vatnamot forbi Moivika og her vert traséen noko endra.

<b>Samla vurdering</b>	
Alternativ:	
Positive konsekvensar:	Auke mobiliteten for mjuke trafikantar. Gjer større trafikktryggleik, mindre sjanse for påkøyningar.
Negative konsekvensar:	Mogleg nedbygging av landbruksjord og kan forringa natur. Store investeringar i infrastruktur. Utsett for skredfare på eit kort strekk.
Oppsummert:	Vidareutvikling av gang- og sykkelveg mellom Sirevåg og Egersund kommunegrense, med både positive og negative verknader. Ubetydeleg konsekvens.
Særskilt oppfølging ved regulering:	

<b>Verknad</b>		
<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Strir noko med nasjonalt jordvernmål og regionalt mål om varige naturressursar. Noko negativ konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Mogleg tap av landbruksjord som er negativt for jordvern. Støttar opp om miljøvennlege reiser. Både positivt og negativt konsekvens. Ubetydeleg konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Endringa vil ikkje føra til større behov for offentleg tenesteyting. Uendra konsekvens.
Mobilitet og transport		Etablering av gang- og sykkelveg vil vera positivt for mobiliteten til mange då det støttar opp om miljøvennleg reise og aukar trafikktryggleiken for mjuke trafikantar. Positiv konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Det krev relativt store investeringar i infrastruktur ved utbygging av gang- og sykkelveg. Terrenget tilseier også at det må bli resurskrevjande. Noko negativ konsekvens.
Kriminalitetsforebygging		Ikkje relevant.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg ikkje i aktsemdssone flaum. Men ved Holmane ligg gang- og sykkelvegen nært i nordre del. Endra arealføremål gir fleire harde flater som gir auka risiko for naturfare. Ved Moivika er gang- og sykkelvegen noko skredutsatt og utsatt for stormflo. Høg risiko.
Store ulykker		Tiltaket (endring i arealformål) vil ikkje forandra risikosituasjonen for at ei ikkje ønska hending skjer.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		Førar til betre trafikktryggleik.
Verksemdsrisiko		Låg risiko.
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		På trasèen sør for Stemmavatnet er det registrert noko <a href="#">myrområde</a> med fleire naturtypar osv. av viktig verdi. Ved

		Moivika er det registrert naturbeitemark (lokalitetane <a href="#">Moifjellet</a> og <a href="#">Moivika vestre del</a> ) av viktig verdi, <a href="#">semi-naturleg strandeng</a> av moderat verdi, og langs austsida av fylkesveg 44 er det registrert <a href="#">jærtistel</a> av svært viktig verdi som kan verta råka dersom heile veganlegget vert utvida mot aust. I sjøen er det noko <a href="#">tareskog</a> av svært viktig verdi. Noko negativ konsekvens.
Landskap		Området ligg i eit landskap som er prega av fjell og svaberg med låg vegetasjon mellom. Ligg nær tidlegare viktig landskap i Rogaland Nordavågen-Skadberg-Holmane. Ved Moivika er det òg registrert middels verdifullt kulturlandskap. Noko negativ konsekvens.
Kulturmiljø		Ingen kjende kulturminne i området. Uendra konsekvens
Bygde- og friluftsliv		Ligg i ytterkant av registrerte friluftslivområde ( <a href="#">Holmane</a> , <a href="#">Stølen-Vatnamot</a> , <a href="#">Tua-Moivika</a> ) som har viktige verdier. Gang- og sykkelvegtraséane er hovudsakleg i yttergrensene av friluftslivområda nær eksisterande hovudveg og har derfor antakeleg ikkje vorte nytta til rekreasjon. Ubetydeleg konsekvens.
Forureining		Gang- og sykkelvegen kan verta noko utsett for støy frå køyreveg. Avbøtande tiltak kan vera naudsynte. Ubetydeleg konsekvens.
Jord- og mineralressursar (jordvern)		Området består for det meste av bart fjell. Hovudbergart er anortositt. Område registrerte med bergrettar, uttak eller forekomstar vert ikkje råka. Derfor liten verknad for mineralressursverdier.  Noko vert truleg nytta til jordbruksproduksjon, men ligg ikkje i kjerneområde landbruk og truleg vert lite råka. Ubetydeleg konsekvens.

### 3.8.11.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.8.11.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum på veg, gang- og sykkelveg, turdrag.

#### 3.8.11.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Veganlegg er ikkje omtala i TEK17 § 7-2, men Statens vegvesen si håndbok N100 set krav til at vegbanen vert planlagt trygg mot 200-årsflaum (flaum og stormflo).

#### 3.8.11.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum langs vassdrag.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet

#### 3.8.11.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Håndbok N100 set krav til prosjektering av vegbane må ta omsyn til flaum/stormflo.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.8.11.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er ikkje særleg motstandsdyktig mot flaum, men evna til gjenoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.8.11.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

#### 3.8.11.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet		X			<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Konsekvensane for stabilitet vurderast til middels, då ein flaum i planområdet kan vaske ut massar og øydelegge vegkroppen

<b>Samfunn</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>

Nasjonale og regionale mål og føringar		Området er allereie regulert og nyttast som aktivitetsleir og golfbane m.m. Endringa råkar derfor i liten grad nasjonale og regionale føringar, inkludert jordvernålet. Ubetydeleg konsekvens.
Kommunale mål og strategiar (arealstrategi)		Bidreg til lokal arealstrategi om turisme og reiseliv. Positiv konsekvens.
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		Ikkje råka av endringa. Ingen konsekvens.
Mobilitet og transport		Aukar trafikken noko. Noko negativ konsekvens.
Teknisk infrastruktur		Ikkje råka av endringa.
Kriminalitetsforebygging		Ingen konsekvens.
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse</b>		
<b>Uønska hending</b>	<b>Risiko</b> (sannsyn x konsekvens)	<b>Kommentar</b>
Naturfare		Ligg i aktsemdssone for flaum. Middels høve for marin leire i området. Middels risiko.
Store ulykker		Situasjonen vert ikkje vesentleg endra. Låg risiko.
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		
Verksemdsrisiko		
<b>Miljø</b>		
<b>Tema</b>	<b>Konsekvens</b>	<b>Kommentar</b>
Naturmangfald		Arealet er allereie i bruk som aktivitetsleir/golfbane. Ingen konsekvens.
Landskap		
Kulturmiljø		
Bygde- og friluftsliv		
Forureining		
Jord- og mineralressursar (jordvern)		

### 3.8.22.1 ROS-analyse – Fare for flaum/stormflo

#### 3.8.22.1.1 Skildring av uønska hending

- Flaum i fritidsbustadområde med kolonihager / fritids- og turistformål.

#### 3.8.22.1.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)

Sikkerheitsklasse F2 omfattar byggverk for beregnet for personopphold som fritidsbustader og camping. Føresegnene for kolonihager opnar ikkje for overnatting, kun reiskapsbod i høve sikkerheitsklasse F1. Årleg sannsyn 1/200.

#### 3.8.22.1.3 Årsaker

- Ligg innanfor aktsemdssone for flaum.
- Ekstremnedbør, auka nedbørsintensitet

#### 3.8.22.1.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.
- Vêrmeldingar og andre meldingar til befolkninga.

#### 3.8.22.1.5 Sårbarheitsvurdering

- Tiltaket er relativt motstandsdyktig mot flaum. Gjennoppretting vil vere mogleg – vurderast som moderat sårbar.

#### 3.8.22.1.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		200-årsflaum

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Største nominelle årlege sannsyn er satt til 1/200.

#### 3.8.22.1.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse			X		Vurdert ut frå skadeomfang: Medfører sjeldan alvorlege skader. Flaum kan varslast på førehand.
Stabilitet			X		Vurdert ut frå tal og varigheit: Liten grad.
Materielle verdiar			X		Vurdert ut frå direkte skade på eigedom: Utsett for flaum.

#### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskte hendinga kan gje:

1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

- låge konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- låge konsekvensar for materielle verdiar.

3.8.22.1.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
stor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Manglande kunnskap. Må greiast ut ved regulering.</li></ul>

3.8.22.1.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett flaumsone i kommuneplankart
- Krav om flaumutgreiing ved regulering/byggesak.

### 3.8.22.2 ROS-analyse – Fare for skred/ustabil grunn

#### 3.8.22.2.1 Skildring av uønska hending

- Skred/områdeskred

3.8.22.2.2 Sikkerheitskrav til naturpåkjenningar i byggteknisk forskrift (TEK17)  
Sikkerheitsklasse S2 omfattar byggverk som fritidsbustader. Årleg sannsyn 1/1000.

#### 3.8.22.2.3 Årsaker

- Ligg i sone der det er middels moglegheit for marin leire.

#### 3.8.22.2.4 Eksisterande barrierar

- TEK17 stiller krav til byggverks mekaniske motstandsevne og stabilitet.

#### 3.8.22.2.5 Sårbarheitsvurdering

- Vanskeleg å varsle på førehand/forutsjå.

#### 3.8.22.2.6 Sannsyn for at hendinga inntreff

Høg	Middels	Lav	Forklaring til vald sannsyn
	X		1/1000

#### Grunngjeving for sannsynet:

- Kartdata (NGU)

#### 3.8.22.2.7 Konsekvensvurdering

Konsekvenstyper	Høg	Middels	Lav	Ikke relevant	Forklaring
Liv og helse	X				<b>Vurdert ut frå skadeomfang:</b> Kan i verste tilfelle føra til død.
Stabilitet			X		<b>Vurdert ut frå tal og varigheit:</b> Framtidige samfunnsfunksjonar vert kortvarig råka.
Materielle verdiar		X			<b>Vurdert ut frå direkte skade på eigedom:</b> Kan gi skade på fritidsbustader og anna anlegg.

#### Samla grunngjeving for konsekvens:

Den uønskte hendinga kan gje:

- store konsekvensar for liv og helse,
- låge konsekvensar for stabilitet,
- middels konsekvensar for materielle verdiar.

3.8.22.2.8 Usikkerheit

<b>Usikkerheit</b>	<b>Grunngjeving</b>
Stor	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kartdatat frå NGU</li><li>• Begrensa kunnskap</li></ul>

3.8.22.2.9 Forslag til risikoreduserande tiltak

- Avsett aktsemdssone i kommuneplankart.
- Krav om grunnundersøking og skredrapport ved regulering.

### 3.8.23 Samla vurdering av verknader for hovudkart

Endringane i hovudkartet har størst konsekvensar for jordvern. Det er spesielt utvidinga av næringsområda Grødaland og Kviamarka som vil råka landbruksjord. Som avbøtande tiltak til utvidinga av Kviamarka næringsområde er fleire område tilbakeført til LNF-føremål i plankartet. Masseuttaka vil råka både natur, landskap og jordressursar med negative verknader. Spesielt vil masseuttaket på bru vera negativt for naturmangfald. Det er òg fleire endringar som er ubetydelege då det gjeld allereie utbygde område eller relativt små tiltak.

Samla verknad for samfunnstema er middels negativ konsekvens. Samla verknad for miljøverdiar er middels negativ konsekvens.

Samfunnstryggleiken har ikkje spesielt høg risiko, men det er middels risiko for: brann/eksplosjon for nye næringsområde, for bortfall av infrastruktur hjå kritiske samfunnsfunksjonar, ulykke ved sprengningsarbeid i masseuttaksområde, og nokre stader som er utsette for flaum og ras. Desse må derfor handterast ved regulering, men dette vert handtert gjennom krav i føresegnene.

## 3.9 ANDRE ENDRINGAR

Omsynssoner og bandleggingssoner som er endra i plankartet.

### **Omsynssone – Faresone**

- Nye omsynssnone for ras (H310\_ras)
- Nye omsynssone for flaum (H320\_flaum) og stormflo (H320\_stormflo)

### **Omsynssone – H550 (landskap)**

- Kulturhistoriske landskap (KULA).

### **Omsynssone – H560 og H560\_VD (naturmiljø)**

- Fleire omsynssone langs vassdrag og over naturområde som i førre kommuneplan frå 2014 var avsett med omsynssone H190 er no endra til H560 då desse sonene referar til naturmiljø. Områda langs vassdrag er koda med H560\_VD.

### **Omsynssone – H570 (kulturmiljø)**

Nye omsynssone for kulturmiljø og -minner:

- H570\_14 Nærbø gamle kyrkjestad
- H570\_15 Varhaug gamle kyrkjestad
- H570\_16 Ognå kyrkjestad
- H4570\_K15 Vågen Sirevåg (krigsminne)
- Enkeltojekt på gnr./bnr. 105/3 Gardstun på Friestad (førebels ikkje vist i kart, men lista opp)
- Enkeltojekt på gnr./bnr. 105/3 Kvern og tørkehus på Friestad (førebels ikkje vist i kart, men lista opp)
- Hå sine lokale enkeltminne som er viste i eige temakart og tabell, og har vore på tidlegare høyringar, er no òg viste i plankartet som H570-soner.

1119-202000

Planomtale med kunnskapsgrunnlag

**Bandleggingssone – H730 (kulturminne)**

- Bandleggingssonene H730-sonene i plankartet.

## 4 Korleis er verknader vurdert i planarbeidet?

Lovverket set krav til gjennomføring av både risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse) og konsekvensutgreiing (KU) i planarbeid av dette omfanget, jamfør plan- og bygningslova § 4-3 og forskrift om konsekvensutredninger § 6.

Risiko handlar om sannsynet for at ei ikkje ønska hending skal oppstå og kva konsekvensar ho kan ha. Sårbarheit handlar om kor mykje utbyggingsformålet toler og kor fort det kan gjenoppsettast. I ROS-analysen skal me kartlegga kva uønskte hendingar som kan oppstå i eksisterande situasjon, eller som følge av planlagde tiltak. I analysen føreslår me tiltak som kan redusera risikoen for uønskte hendingar. Samfunnstryggleiktema er vurderte som ei forenkla ROS-analyse.

Ei konsekvensutgreiing beskriver kva verknadar planlagde tiltak kan få for til dømes miljø, natur, kulturminne eller samfunn. Utgreiinga kan gjera at me må endra dei planlagde tiltaka eller vurdere andre alternativ. Ho kan òg beskriva kva tiltak som må gjerast for å betre ta omsyn eller redusera negative verknadar av planen.

Tiltaka som vert føreslegne i ROS-analysen og konsekvensutgreiinga vert forankra i planen.

Me har basert oss på desse metodane for å vurdere verknadane:

- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sin rettleiar om «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» i ROS-analysen.
- Rettleiarane til Miljødepartementet «T-1493 Konsekvensutredninger Kommuneplanens arealdel» og «Veileder for konsekvensutredninger, kommunens arealdel». Statens vegvesen si håndbok V712 Konsekvensanalyser vert òg nytta for vurdering av verknad for mineralressursar.

Verknadar er vurdert på kommuneplannivå. Det vil seie eit overordna nivå og gjennom forenkla konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse. Ikkje alle forhold er nemde, kun forhold som kan ha særskilt verknad.

I arbeidet vart fyrst kvart område vurdert. Dette gav grunnlag for å vurdere det samla omfanget og verknadane av endringane til kommuneplanen.

## 4.1 KVA TEMA ER VURDERTE OG KORLEIS DEI ER GRUPPERTE

Tema som er vurderte i risiko- og sårbarheitsanalysen og konsekvensutgreiinga er lista opp nedanfor. Fleire tema er grupperte saman. I utgreiinga har me først vurdert samfunnstema, deretter samfunnstryggleiktema (risiko- og sårbarheitsanalyse) og til sist miljøtema.

Tema som er vurderte er henta frå forskrift om konsekvensutgreiingar § 21 og sjekklister for å identifisera uønska hendingar frå DSBs rettleiar og [Statsforvaltaren](#), i tillegg til andre tema som Hå kommune pleier vurderer.

Tema	Konsekvens	Kommentar
<b>Samfunn:</b>		
Forholdet til arealstrategi og overordna målsetningar		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mål i Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023</li> <li>• Mål i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke m.fl.</li> <li>• Mål i kommuneplanens samfunnsdel</li> </ul>
Befolkningsutvikling, helse og tenestebehov (sosial infrastruktur)		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Skulekapasitet</li> <li>• Barnehagekapasitet</li> <li>• Følgjer for barn og eldre</li> <li>• Tilgang for alle</li> <li>• Bumiljø</li> </ul>
Mobilitet og transport		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Miljøvennleg transport</li> <li>• Kollektiv tilgang</li> <li>• Gang- og sykkeltilgang</li> <li>• Tilkomsveggar</li> <li>• Kapasitet hovudvegnett</li> <li>• Auka miljøvennleg reisemiddelfordeling</li> </ul>
Teknisk infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Investering veg</li> <li>• Investering vatn og avløp</li> <li>• Vassforsyning</li> <li>• Energiforsyning (gass, fjernvarme)</li> </ul>
Kriminalitetsforebygging		

Tema	Risiko	Kommentar
<b>Samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse:</b>		
Naturfare		<p>Sikkerheit mot framtidige naturpåkjenningar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tryggleik mot flaum og stormflo (angi tryggleiksklasse for utbyggingstiltaket)</li> <li>• Tryggleik mot skred (angi tryggleiksklasse for utbyggingstiltaket)</li> </ul> <p>Naturfare</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Flaum</li> <li>• Overvann / urban flaum</li> <li>• Flaum i vassdrag/sjø</li> <li>• Stormflo/havnivåstigning/bølger</li> <li>• Store nedbørmengder</li> <li>• Nedbørmangel</li> <li>• Erosjon</li> <li>• Skred/ras/ustabil grunn</li> <li>• Snø/is/frost/tele/sprengkulde</li> <li>• Sterk vind</li> <li>• Skog- og lyngbrann, utmarksbrann (tørke)</li> <li>• Regulerte vann</li> <li>• Radon</li> <li>• Jordskjelv</li> <li>• Epidemi, pandemi, smittsom dyresykdom</li> </ul>
Store ulykker		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Atomulykke / radioaktivt nedfall</li> <li>• Eksplosjon</li> </ul>
Kritiske samfunnsfunksjonar og infrastruktur		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bortfall av energiforsyning (strøm/høyspent, gass, fjernvarme, osv.)</li> <li>• Bortfall av telekommunikasjon / IKT</li> <li>• Forurenset drikkevann</li> <li>• Svikt i vannforsyning</li> <li>• Svikt i avløpshåndtering / overvannshåndtering</li> <li>• Ulykker på veg / trafikktryggleik / trafikkulykker / farlig gods</li> <li>• Ulykker på bane, sjø eller luft</li> </ul>

		<ul style="list-style-type: none"><li>• Helseinstitusjoner, skoler, barnehager, nød og redningstjenester, og lignende tjenester</li><li>• Ivaretagelse sårbare grupper</li><li>• Brann (innsatstid, adkomstmuligheter, sårbare funksjoner / off. bygg og anlegg, overordna brannvannforsyning)</li><li>• Høyspent</li><li>• Beredskapstiltak</li><li>• Terror</li><li>• Skipsfart</li></ul>
Verksemdsrisiko		<ul style="list-style-type: none"><li>• Tidligere bruk</li><li>• Fare for brann og eksplosjon</li><li>• Kjemikalieutslipp eller annen akutt forurensing</li></ul>

Tema	Konsekvens	Kommentar
<b>Miljø:</b>		
Naturmangfold		Naturmangfold <ul style="list-style-type: none"> <li>• Verneområder</li> <li>• Utvalgte naturtyper</li> <li>• Naturtyper</li> <li>• Arter og økologiske funksjonsområder</li> <li>• Landskapsøkologisk funksjonsområde</li> <li>• Geologisk mangfold</li> <li>• Biologisk mangfold</li> <li>• Strandsone langs vassdrag</li> <li>• Strandsone langs sjø</li> <li>• Vilt- og fiskeforvaltning</li> <li>• Vassmiljø</li> </ul> Økosystemtenester <ul style="list-style-type: none"> <li>• Grunnleggende livsprosesser</li> <li>• Forsynende tjenester</li> <li>• Regulerende tjenester</li> <li>• Kunnskaps- og opplevelsestjenester</li> </ul>
Landskap		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Geologi og landformer, vann og vassdrag</li> <li>• Vegetasjonsdekke</li> <li>• Arealbruk</li> <li>• Bebyggelse</li> <li>• Kulturhistorie</li> <li>• Romlig-visuelle forhold</li> <li>• Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet</li> </ul>
Kulturmiljø		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kulturmiljø</li> <li>• Kulturminne</li> <li>• Kultur- og naturlandskap</li> </ul>
Bygde- og friluftsliv		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nærmiljø, leke- og rekreasjonsområde</li> <li>• Grøntstruktur</li> <li>• Friluftsområde</li> <li>• Samanhengende grøntstruktur</li> <li>• Barnetråkk</li> <li>• Barn og unges oppvekstvilkår</li> </ul>
Forureining		Forureining

		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Støy og vibrasjoner (trafikk, industri, vindmøller)</li> <li>• Luftforureining</li> <li>• Vannforureining (miljøkvalitet i vatn)</li> <li>• Vannmiljø (Vannets økologiske og kjemiske tilstand)</li> <li>• Grunnforureining</li> <li>• Radon</li> <li>• Elektromagnetisk stråling</li> <li>• Avfall</li> <li>• Energi</li> </ul> <p>Klimagassutslepp</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nedbygging av karbonrike arealer</li> <li>• Endringer i trafikk- eller transportmønster</li> <li>• Ny eller endret industrivirksomhet som gir økte klimagassutslepp</li> </ul>
Jordressursar (jordvern) og mineralressursar		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Nasjonalt jordvernmål</li> <li>• Fulldyrka</li> <li>• Inn- og utmarksbeite</li> <li>• Anna LNF-areal</li> <li>• Sand og grus</li> <li>• Mineral og bergartar</li> </ul>

## 4.2 KORT OM FRAMGANGSMÅTE FOR KONSEKVENSGREIING FOR SAMFUNNS- OG MILJØTEMA

Konsekvensutgreiinga er basert på metoden til Miljødirektoratets digitale rettleiar om konsekvensutredninger for klima- og miljøtema, men er gjennomført på ein forenkla og overordna måte. I metoden har me fulgt desse trinna:

1. Omtala alternativa: Det vil seie endringen i kommuneplanen (planlagte tiltak) og kva formålet var i førre kommuneplan (0-alternativet).
2. Innhenta kunnskap om området og omgjevnadane som er relevant for temaet: Kontrollera karttenester og offentlege databaser, ev. innhenta nadsynt informasjon frå grunneigar, myndigheit eller andre aktørar.
3. Vurdert verdi basert på kunnskapen:  
Då dette er ein overordna plan er omtalane korte. Derfor er ikkje verdiar eksplisitt omtalt, men det er gjort ei vurdering ut frå kunnskapsgrunnlaget. Verdiar er vurdert etter denne skalaen:


Ubetydelig verdi	Noe verdi	Middels verdi eller forvaltningsprioritet	Stor verdi eller høy forvaltningsprioritet	Svært stor verdi eller høyeste forvaltningsprioritet
------------------	-----------	---	--	--

4. Vurdert kva påverknad formålsendringa kan føre til:  
Det er vurdert om området vert forbetra eller forringa i forhold til temaet og førre kommuneplan / plansituasjon. Påverknad er omtala i den grad det er naudsynt.

Denne påverknadsskalaen er nytta:

Sterkt forringet	Forringet	Noe forringet	Ubetydelig endring	Forbedret
Ødelagt			Ingen endring	Stor forbedring

5. Vurdert konsekvens ut frå verdi og påverknad på KU-temaet:  
Konsekvens kjem fram ved å samanstillast verdi og påverknad for kvart tema. Konsekvensgraden kjem i utgangspunktet først fram gjennom å sjå kva miljøskade/-forbetring tiltaket får ifølge konsekvensvifta, for deretter å vurdere konsekvensgraden ut frå desse.  
Konsekvensvifta:



Konsekvensgrad for temaa følger skalaen som vist i tabellen nedanfor:

Konsekvensgrad	Kriterie for konsekvensgrad
Kritisk negativ konsekvens	Stor andel av alternativets område har særlig høy konfliktgrad. Vanligvis flere delområder med konsekvensgrad svært alvorlig miljøskade (----), og i tillegg store samlede virkninger. Brukes unntaksvis.
Svært stor negativ konsekvens	Stor andel av alternativets område har høy konfliktgrad. Det er delområder med konsekvensgrad svært alvorlig miljøskade (----), og ofte flere/mange områder med alvorlig miljøskade (--). Vanligvis store samlede virkninger.
Stor negativ konsekvens	Flere alvorlige konfliktpunkter for temaet. Ofte vil flere delområder ha konsekvensgrad alvorlig miljøskade (---).
Middels negativ konsekvens	Ingen delområder med de høyeste konsekvensgradene, eller disse er vektet lavt. Delområder med konsekvensgrad betydelig miljøskade (--) dominerer.
Noko negativ konsekvens	Kun en liten del av alternativets område har konflikter. Ingen delområder har de høyeste konsekvensgradene, eller disse er vektet lavt. Vanligvis vil konsekvensgraden noe miljøskade (-) dominere.
Ubetydeleg konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlige endringer sammenlignet med nullalternativet. Det er få konflikter og ingen konflikter med de høyeste konsekvensgradene.
Positiv konsekvens	Totalt sett er alternativet en forbedring for temaet sammenlignet med nullalternativet. Det er delområder med positiv konsekvensgrad og kun få delområder med låge

	negative konsekvensgrader. De positive konsekvensgradene oppveier klart delområdene med negativ konsekvensgrad.
Stor positiv konsekvens	Stor forbedring for temaet. Mange eller særlig store/viktige delområder med positiv konsekvensgrad. Kun ett eller få delområder med låge negative konsekvensgrader, og disse oppveies klart av delområder med positiv konsekvensgrad.

6. Vurdert avbøtande tiltak:

Løysningar for å redusera konsekvensar er vurderte og omtala der det er naudsynt. I fleire høve vil òg føresegnene innehalda krav som er avbøtande tiltak. Sjølv om avbøtande tiltak kan redusera konsekvensen er hovudsakleg opprinneleg konsekvens vektlagt då området/tiltaket ikkje er detaljert planlagt og det ikkje er mogleg på dette overordna nivået å sjå detaljert kva verknaden vert. I dei tilfella der det avbøtande tiltaket si verknad er meir kjent for konsekvensen kan me ha redusert konsekvensgraden.

7. Samla vurdering av konsekvensar:

Både tema for ROS og KU vert samamstilte og gjeven ei samla vurdering. Kva tema som er vekta er omtalt.

## 4.3 KORT OM FRAMGANGSMÅTE FOR RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE AV SAMFUNNSTRYGGLEIKTEMAA

Risiko- og sårbarheitsanalysen (ROS-analysen) for samfunnstryggleiktemaa er basert på metoden til Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) si rettleiar frå 2017, men er gjennomført på ein forenkla og overordna måte og er integrert med konsekvensutgreiinga.

I metoden har me fulgt desse trinna:

1. Identifisera moglege uønska hendingar på eit overordna nivå.
2. Vurdera risiko og sårbarheit for temaa liv og helse, stabilitet\*, materielle verdiar, miljø og natur. Sannsyn og konsekvens er vurdert og eventuelt gitt ei kort omtale.
3. Vurdera behov for skadereduserande tiltak. Tiltak vert henvist til i føresegnene.
4. Vurdera risikonivå ut frå trinn 2 og 3. Risikonivå for temaa følger skalaen som vist i tabellen nedanfor.

Risikonivå	Forklaring
Høg risiko	Uakseptabel risiko. Tiltak er naudsynte.
Middels risiko	Risiko der tiltak må vurderast ut frå kostnad og nytte.
Låg risiko	Akseptabel risiko. Rimelege tiltak vert gjennomførte.

Risikonivå er vurdert ut frå sannsyn x konsekvens til ROS-temaet.

	Ubetydelege konsekvensar	Små konsekvensar	Middels konsekvensar	Store konsekvensar
Svært høgt sannsyn				
Høgt sannsyn				
Middels sannsyn				
Lågt sannsyn				

\*: Konsekvenskategori stabilitet er omtalt som tap av samfunnsverdi – i samfunnsverdi inngår svikt i kritiske samfunnsfunksjonar og manglende dekking av grunnleggende behov hos befolkningen.

## 5 Planprosessen

### 5.1 POLITISKE AVKLARINGSSAKER OG FORARBEID

Kommuneplanarbeidet er ein omfattande planprosess med om lag 40 temasaker har blitt lagt til grunn. Arbeidet med planforslaget har føregått i tida mellom desember 2020 og desember 2022.

Bakgrunn:

- Boligprogram og forutsetninger [KPU-sak 9/20](#)
- Planstrategi for Hå kommune 2020-2023 [KST-sak 44/20](#)
- Områdereguering Kviamarka og Grødaland KPU-sak 21/20 og [KST-sak 122/20](#)
- Forslag til planprogram KPU-sak 22/20 og [KST-sak 123/20](#)
- Fastsatt planprogram [KPU-sak 10/21](#)

Samfunnsdel:

- Delmål til kommuneplanen [KPU-sak 12/21](#)
- Økonomi [KPU-sak 19/21](#)
- Satsingsområdet Berekraftig matproduksjon [KPU-sak 25/21](#)
- Satsingsområdet God utdanning [KPU-sak 14/22](#)
- Satsingsområdet God helse [KPU-sak 15/22](#)
- Satsingsområdet Innovasjon, infrastruktur og næringsutvikling [KPU-sak 34/22](#)
- Satsingsområdet Handling mot klimaendring [KPU-sak 35/22](#)
- Satsingsområdet Berekraftige stasjonsbyar og tettstader [KPU-sak 36/22](#)
- Satsingsområdet Me løfter i lag [KPU-sak 37/22](#)
  
- Jordvernmål [KPU-sak 22/21](#)
- Revidert jordvernmål [KPU-sak 30/22](#)
  
- Langsiktig arealstrategi [KPU-sak 17/21](#)
- Revidert langsiktig arealstrategi [KPU-sak 31/22](#)

Arealdel:

- Hensynssoner kulturmiljø [KPU-sak 16/21](#)
- Jærhus [KPU-sak 26/21](#)
- Orientering om prosess for kulturminnevern [KPU-sak 7/22](#)
- Justert forslag til vern av kulturmiljø og -minne [KPU-sak 20/22](#)
  
- Arealregnskap og -behov for Nærbø og Varhaug [KPU-sak 18/21](#)
- Arealplankart for Nærbø [KPU-sak 23/21](#)
- Arealplankart for Nærbø – Temasak om omkjøringsveg nord for Nærbø [KPU-sak 12/22](#)
- Detaljregulering for Halvmånen, Nærbø brannstasjon – Omkjøringsveg øst for Nærbø [KPU-sak 29/22](#)
- Arealplankart for Varhaug [KPU-sak 6/22](#)
- Arealplankart for Varhaug – forslag 2 [KPU-sak 21/22](#)

- Arealregnskap og -behov for Vigrestad og Stokkalandsmarka [KPU-sak 24/21](#)
- Arealplankart for Vigrestad [KPU-sak 23/22](#)
- Arealregnskap og -behov for Brusand, Oгна og Sirevåg [KPU-sak 3/22](#)
- Arealplankart for Oгна og Sirevåg [KPU-sak 5/22](#)
  
- Tema for hovedkart (tjenesteyting og næring) [KPU-sak 11/22](#)
- Orientering om videre behandling av næringsområde på Skjæret [KPU-sak 17/22](#)
- Statusoppdatering for næringsområde på Skjæret [KPU-sak 26/22](#)
- Framdrift på kommuneplanen og næringsområde på Skjæret [KPU-sak 33/22](#)
- Tema for hovedkart (energianlegg) [KPU-sak 22/22](#)
- Tema for hovedkart (råstoffutvinning, fritidsboliger, m.fl) [KPU-sak 24/22](#)
- Arealplankart for hele kommunen (hovedkartet) [KPU-sak 25/22](#)
- Kommuneplankart utkast august 2022 [KPU-sak 32/22](#)
  
- Tidlig forslag til bestemmelser [KPU-sak 41/22](#)

Kommuneplan forslag:

- Tidlig utkast til planforum [KPU-sak 40/22](#)
- Forslag til høringsutgåve [KPU-sak --/22](#)

## 5.2 MEDVERKNAD

Det har blitt gjennomført fleire omfattande medverknadstiltak undervegs i planprosessen, både internt og eksternt. Opne kontordagar vart gjennomførte på Oгна, Vigrestad, Varhaug og Nærbø, og fleire innbyggjarar nytta sjansen til å prata og spørja om saker som var viktige for dei. Gjennom heile arbeidsperioden har det vore gode moglegheiter for å henta informasjon og senda inn innspel, både for areal- og samfunnsdelen. Det vart òg køyrt ein eigen kampanje i sosiale media for å framheva moglegheitane til å gi innspel på samfunnsdelen. Her kunne innspela sendast inn via nett-skjema med konkrete spørsmål til temaa i samfunnsdelen. Næringslivet har vore inviterte på frokostmøte og det har vore gjennomført fleire møter i tillegg til dialog med berørte grunneigarar.

I løpet av høringsperioden vil kommunedirektøren leggja opp til ytterlegare medverknadstiltak for å informera om kommuneplanarbeidet, og gi innbyggjarar og andre interessentar moglegheiter til å koma med innspel til planforslaget. Mellom anna vil kommunedirektøren arrangera fleire opne kontordagar.

## 6 Langsiktig arealstrategi

Kommuneplanen sin arealstrategi har sju fokusområde:

- Vern av jord og natur
- Sentrum
- Miljøvennleg transport
- Næring
- Friluftsliv og grøntstruktur
- Turisme og reiseliv
- Råstoffutvinning

Arealstrategien bygger vidare på tidligare hovudgrep i langsiktig arealstrategi frå kommuneplan for Hå kommune 2014-2028. Arealstrategien støtter opp om Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke samstundes som den er tilpassa lokale forhold og forvaltningsbehov for å sikre ei berekraftig utvikling og arealbruk i kommunen. Fleire tema er tekne med då dei kan ha betydning for arealbruken i Hå. Temaa komplementarer kvarandre og følgjer opp satsingsområda og tilhøyrande delmål i kommuneplanen.

Fokus på «vern av jord og natur», «sentrum», «miljøvennleg transport» og «næring» støtter opp om regionalplan for Jæren og søre Ryfylke sine delmål og jordvernmål, samt prioriteringsområda og prinsippet om tettstadsutvikling «innenfrå og ut».

Arealstrategien legg til rette for arbeidsplassar i tettstadane og dei regionale næringsområda Kviamarka og Sirevåg. Kviamarka med Grødaland, og arealkrevjande sjø og industriområde i og rundt Sirevåg, er dei viktigaste næringsområda i Hå kommune.

«Friluftsliv og grøntstruktur», «turisme og reiseliv» og «råstoffutvinning» er område kommunen allereie forvaltar, men der kommunen treng overordna grep for å kunna handheva ei berekraftig samfunnsutvikling som ikkje kjem i konflikt med viktige miljøverdier som natur, friluftsliv, landskap, og jordbruk.

### 6.1 VERN AV JORD OG NATUR (JORDVERN MÅL)

Eitt av Hå kommune sine satsingsområde i kommuneplanarbeidet er berekraftig matproduksjon, jf. [fastsett planprogram for kommuneplanen](#). Satsingsområdet bygger på FNs berekraftsmål nummer 2 «utrydde svolt». For Hå kommune inneber dette at me skal jobba for å oppretthalda mattryggleiken og fremma berekraftig landbruk, gjennom mellom anna berekraftig forvaltning av jordressursane.

Hå kommune sitt mål om å verna jord og natur kjem frå forventningane i Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke, og frå nasjonalt jordvernmål med vedtak i 2021 om at «årlig omdisponering av dyrka jord skal være redusert til 3 000 dekar innen 2025». Det er forventta strengare målsetting i åra framover.

Intensjonen med nasjonalt jordvernmål er ikkje at kommunane skal «utnytte heile si kvote», men å gjera kommunane bevisste på å begrensa nedbygga mest mogleg.

Som ein av de største landbrukskommunane i landet, har Hå kommune eit særskilt ansvar for å begrensa tapet av matproduserande jord.

Hå kommune har om lag 1 % av Noregs jordbruksareal. Andelen av nasjonal jordvernmålsetting har vorte nytta som referansegrunnlag til å kunna setje ei lokal målsetting. For Hå vil nasjonalt jordvernmål frå 2025 bety at årleg nedbygging av jordbruksjord skal reduserast til 32 dekar. Då Hå kommune har eit særskilt ansvar som landbrukskommune er dette talet runda ner til 30 dekar.

Omdisponering av 30 dekar LNFR-formål i gjennomsnitt per år betyr at det kan avsettast 480 dekar nye utbyggingsområde frå landbruk-, natur-, og friluftsområde i kommuneplankartet for perioden fram til 2036.

Då verda òg står føre ei naturkrise er det valt å setja eit felles mål om å verna jord og natur. Intensjonen med lokalt jordvernmål er å kunna nytta kommuneplankartet som styringsverktøy. Difor er målsettinga knytta til landbruks-, natur- og friluftsmål og LNFR-areal som vert omdisponert til utbyggingsformål.

Sidan målsettinga omfattar både jord og natur og omhandlar omdisponering av LNFR-formål, er faktisk omdisponering av jordbruksareal lågare enn 30 dekar årleg. Målsettinga gjer at nedbygging av landbruksjord i kjerneområde for landbruk vert redusert og at utbygging på til dømes fjellområde vil råka vesentleg mindre landbruksjord. Til dømes vil utbygging på Skoga (alternativ 1) råka om lag 50 % landbruksjord, medan utbygging utanfor Varhaug er rundt 90-100 % landbruksjord. Dessutan vert omdisponering av område som allereie er tekne i bruk rekna med, som til dømes legevakta på Bekkeheien/Rimestad. Desse forholda gjer at faktisk nedbygging av landbruksareal er anslått å vera 21 dekar per år, dersom ein ser vekk frå råstoffutvinningsområda. Når råstoffutvinningsområda òg vert rekna med vert omdisponert landbruksjord estimert til 29 dekar per år. Desse anslaga er gjort med hjelp av [karttenesten Kilden frå Nibio](#).

Hå kommune sitt mål om å verna jord og natur er framtidsretta og set søkjelyset på det som kjem til å vera viktige utfordringar i samfunnet i tida framover.

Då det har vore behov for å avsetta nye utbyggingsområde utanfor stasjonsbyane og Stokkalandsmarka er følgjande prinsipp i stor grad nytta for å vurdere omdisponering av LNFR-formål:

- Utbyggingsområde og arealbruk i tråd med overordna føringar, regionale planar og kommunens langsiktige arealstrategi har høg prioritet, sjølv om området ligg innanfor kjerneområde landbruk.
- Område som ligg utanfor kjerneområde landbruk har høg prioritet.
- Ønska arealbehov må ikkje koma i stor konflikt med miljøverdiane natur, biologisk mangfald, kulturlandskap og friluftsliv. Tiltaket bør unngå faresoner eller sikrast mot desse. Konflikt med omkringliggande arealbruk bør òg verta unngått.
- Område og arealbruk som støtter opp om samfunnsmessige behov som er påpeikt av overordna myndegheiter eller kommunen, eller har

samfunnsmessige fordelar, har høgare prioritet enn omdisponering av område som gagnar enkelte private aktørar.

- Omdisponering og/eller utvidelse av allereie etablert anlegg har høgare prioritet enn å avsetja nye område med mindre nyetablering har fleire fordelar. Anlegg med relativt lite areal og hensiktsmessig bruk og plassering, vert òg prioritert høgare for å bli omdisponert.

Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke sitt andre jordvernmål om maksimal fysisk nedbygging av jordbruksareal i planområdet til regionalplanen er 550 dekar årleg. Hå kommune sin andel av planområdet gjer 116 dekar årleg som eit referansegrunnlag, eller 87 dekar dersom ein justerar ut frå nasjonalt jordvernmål frå 2025. Gjenverande arealreservar frå kommuneplanen vedteken i 2014 i landbruksområde er om lag 2400 dekar. Nye utbyggingsområde på tidlegare LNFR-formål og tidlegare arealreservar på landbruks- og naturområde er til saman om lag 2900 dekar. Dvs. at dersom alle areal vart bygde ned i løpet av planperioden ville årleg fysisk nedbygging ha vore om lag 180 dekar landbruks- og naturområde.

Likevel visar historiske data for Hå i perioden 2004-2015 at nedbygging av landbruksområde har i snitt vore på om lag 102 dekar årleg, jf. [Nedbygging av jordbruksareal rapport 2017/14 SSB/NIBIO](#).

For å i større grad kontrollera kor mykje som vert nedbygd årleg, kan rekkefølgekrav vera naudsynte, eller andre styringsreiskap i føresegnene til kommuneplanen.

## 6.1.1 Beregninger til jordvernmålet som referansegrunnlag

## Andel jordbruksareal basert på Norges jordbruksareal

	Areal (dekar)	Prosentandel
<b>Norge</b>	11 339 872	100 %
<b>Rogaland</b>	1 066 183	9,40 %
<b>Planområdet i Regionalplan (RPJSR 2050)</b>	566 994	5 %
<b>Hå kommune</b>	119 518	1,05 %

## Andel jordbruksareal basert på planområdet i regionalplanen (RPJSR 2050)

	Areal (dekar)	Prosentandel
<b>Planområdet i Regionalplan (RPJSR 2050)</b>	566 994	100 %
<b>Hå kommune</b>	119 518	21 %

## Andel årlig omdisponering i jordvernmål

	Nasjonalt jordvernmål gjeldende fra 2020		Nasjonalt jordvernmål gjeldende fra 2025	
	Areal (dekar)	Prosentandel	Areal (dekar)	Prosentandel
<b>Norge</b>	4000	100,00 %	3000	100,00 %
<b>Rogaland</b>	376,1	9,40 %	282,1	9,40 %
<b>Planområdet i Regionalplan (RPJSR 2050)</b>	200	5,00 %	150	5,00 %
<b>Hå kommune</b>	42,2	1,05 %	31,6	1,05 %

## Andeler i regionale jordvernmålsetninger

	Nasjonalt jordvernmål gjeldende fra 2020		Nasjonalt jordvernmål gjeldende fra 2025	
	RPJSR 2050	Hå kommune	RPJSR 2050*	Hå kommune
<b>Omdisponering i reg.plan årlig (daa)</b>	200	42	150	32
<b>Fysisk nedbygging årlig (daa)</b>	550	116	413	87
<b>Omdisponert i kommuneplan til enhver tid (daa)</b>	10 000	2108	7500	1581

\*: Beregna regionalt jordvernmål forutsatt oppdatert i tråd med nasjonalt jordvernmål fra 2025.

**Fordelt årlig omdisponering i Hå**

Omdisponert arealbruk	Areal omdisponert årlig (dekar)	Prosentandel
Landbruksbygg/-tiltak	3,2	10 %
Samferdsel*	6,6*	21 %*
Utbyggingsformål	21,8	69 %
<b>SUM</b>	31,6	100 %

\*: Foreløpig estimat. Historisk har samferdselsutbygging har stått for ca. 21 % av omdisponeringen av jordbruksjord i perioden 2004-2015 (NIBIO/SSB) i Rogaland, men 9 % i Hå kommune, jf. side 83 i [Nedbygging av jordbruksareal rapport 2017/14 SSB/NIBIO](#).

## 6.2 EVALUERING AV UBYGDE OMRÅDE

Regionalplanen for Jæren og søre Ryfylke forventar at kommunane evaluerer om ubygde område har høg måloppnåing av regionale mål eller kjem i konflikt med jordvernmålet.

I Hå kommune er Stokkalandsmarka ein tettstad med store arealreservar som må vurderast opp mot dei regionale måla. Langsiktig arealstrategi handler nettopp om å sikra måla i regionalplanen ved utvikling av stasjonsbyane og Stokkalandsmarka.

I Stokkalandsmarka pågår arbeidet med å regulera nytt sentrumsområde. Sentrumsplanen vil tilføra Stokkalandsmarka offentlege og private tenester, butikkar (nærbutikk), grøntområde og bustadar slik at Stokkalandsmarka får eit attraktivt sentrum og korte avstandar til daglege gjeremål. Stokkalandsmarka har næringsområde i tettstaden, og kort reise til regionalt havne- og næringsområde i Sirevåg. Stokkalandsmarka har ikkje jernbanestasjon og er meir bilbasert enn stasjonsbyane ved lengre reiser. Bysykkel kan vera eit viktig verkemiddel for å tilby miljøvennlige reiseforbindelsar til jernbanestasjonane på Vigrestad og Brusand. Nye område i Stokkalandsmarka skal utviklast som gode bumiljø og vil få kvalitetane som vert forventa å finnast i ein attraktiv tettstad. Kommunedirektøren sin vurdering er at arealreservane derfor oppfyller målsettingane i regionalplanen.

## 6.3 NÆRINGSBEHOV

Då Hå har ei målsetting om nærings- og arbeidsplasser i nærleiken til kvart tettsted, er det viktig å kunna vidareutvikla desse. Dette kan gjerast ved å støtta opp om auka arealeffektivitet på eksisterande område, som kan sikrast i føresegnene. Det er òg behov for å utvida fleire stader, då mykje av næringsareala er tekne i bruk eller solgte. Denne utviklinga er viktig då det er dårlig kollektivtransport i Hå.

På Nærbø er alle regulerte areal tekne i bruk eller solgte. Det er noko ledig areal i kommuneplankartet som no vert regulert i Krusemarka. Det er krevjande å finna fleire areal som kan verta nytta i denne planperioden.

På Varhaug er store delar av Tjemslandsmarka solgt eller bunde opp i intensjonsavtalar. Då det er ønskeleg å kunne tilby ledige tomter for planperioden som kommuneplanen skal gjelda, kan det vera naudsynt med nokre nye areal på Varhaug. Kommuneplanen har lagt inn om lag 30 dekar sør for Tjemslandsmarka.

I Stokkalandsmarka er det framleis noko kapasitet. Tilsvarande som Varhaug vil det vera naudsynt å kunna tilby meir areal for kommuneplanperioden. Derfor er det òg føreslege om lag 30-40 dekar i Stokkalandsmarka.

På Sirevåg er det framleis ledige areal på Nylund og Skoga næringsområde. Sirevåg er Hå kommune sitt satsingsområde for svært plasskrevende verksemder. Skoga har fleire ledige areal. Men for å kunna tilby større tomter til arealkrevande verksemder kan det raskt verta begrensa plass for den neste planperioden. Derfor bør det leggest inn fleire større areal på Skoga. For å sikra god utnytting av eksisterande areal kan det vera naudsynt med krav i føresegnene som sikrar høg utnytting før nye område vert regulerte og tekne i bruk.

## 7 Arealtabellar

### 7.1 AREALSTATUS PER NOVEMBER 2020 AV AREALA FRÅ FØRRE KOMMUNEPLAN SOM VART VEDTEKEN I 2014

#### Nærbø

<i>Arealbruk</i>	<i>Tatt i bruk</i>		<i>Reserve i fremtidig</i>	
	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>
<i>Bolig</i>	1 654	46,7 %	111	3,1 %
<i>Sentrum</i>	210	5,9 %	0	0,0 %
<i>Tjenesteyting</i>	229	6,5 %	35	1,0 %
<i>Næring</i>	217	6,1 %	102	2,9 %
<i>Andre utbyggingsformål</i>	23	0,6 %	9	0,2 %
<i>Samferdsel</i>	131	3,7 %	1	0,0 %
<i>Grønt</i>	465	13,1 %	71	2,0 %
<b><i>Delsum Brukt - Fremtidig</i></b>	<b>2 930</b>	<b>82,7 %</b>	<b>328</b>	<b>9,3 %</b>
<i>Landbruk</i>	283	8,0 %		
<b><i>TOTALT AREAL NÆRBØ</i></b>	<b>3 541</b>	<b>100,0 %</b>		

#### Varhaug

<i>Arealbruk</i>	<i>Tatt i bruk</i>		<i>Reserve i fremtidig</i>	
	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>
<i>Bolig</i>	863	44,4 %	37	1,9 %
<i>Sentrum</i>	68	3,5 %	0	0,0 %
<i>Tjenesteyting</i>	117	6,0 %	29	1,5 %
<i>Næring</i>	142	7,3 %	90	4,6 %
<i>Andre utbyggingsformål</i>	0	0,0 %	0	0,0 %
<i>Samferdsel</i>	101	5,2 %	1	0,1 %
<i>Grønt</i>	256	13,2 %	13	0,7 %
<b><i>Delsum Brukt - Fremtidig</i></b>	<b>1 548</b>	<b>79,7 %</b>	<b>171</b>	<b>8,8 %</b>
<i>Landbruk</i>	224	11,5 %		
<b><i>TOTALT AREAL VARHAUG</i></b>	<b>1 942</b>	<b>100,0 %</b>		

## Vigrestad

<i>Arealbruk</i>	<i>Tatt i bruk</i>		<i>Reserve i fremtidig</i>	
	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>
<i>Bolig</i>	607	47,6 %	61	4,8 %
<i>Sentrum</i>	71	5,5 %	14	1,1 %
<i>Tjenesteyting</i>	50	3,9 %	21	1,6 %
<i>Næring</i>	84	6,6 %	8	0,6 %
<i>Andre utbyggingsformål</i>	3	0,2 %	0	0,0 %
<i>Samferdsel</i>	62	4,8 %	0	0,0 %
<i>Grønt</i>	135	10,6 %	14	1,1 %
<b><i>Delsum Brukt - Fremtidig</i></b>	<b>1 013</b>	<b>79,3 %</b>	<b>117</b>	<b>9,2 %</b>
<i>Landbruk</i>	146	11,5 %		
<b><i>TOTALT AREAL VIGRESTAD</i></b>	<b>1 276</b>	<b>100,0 %</b>		

## Stokkalandsmarka

<i>Arealbruk</i>	<i>Tatt i bruk</i>		<i>Reserve i fremtidig</i>	
	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>	<i>Areal (daa)</i>	<i>Areal (%)</i>
<i>Bolig</i>	444	23,4 %	771	40,7 %
<i>Sentrum</i>	38	2,0 %	0	0,0 %
<i>Tjenesteyting</i>	43	2,3 %	8	0,4 %
<i>Næring</i>	240	12,7 %	13	0,7 %
<i>Andre utbyggingsformål</i>	22	1,2 %	19	1,0 %
<i>Samferdsel</i>	21	1,1 %	0	0,0 %
<i>Grønt</i>	140	7,4 %	136	7,2 %
<b><i>Delsum Brukt - Fremtidig</i></b>	<b>946</b>	<b>50,0 %</b>	<b>946</b>	<b>50,0 %</b>
<i>Landbruk</i>	0	0,0 %		
<b><i>TOTALT AREAL STOKKALANDSMARKA</i></b>	<b>1 892</b>	<b>100,0 %</b>		

## Brusand

<i>Arealbruk</i>	<i>Tatt i bruk</i>		<i>Reserve i fremtidig</i>	
	<b>Areal (daa)</b>	<b>Areal (%)</b>	<b>Areal (daa)</b>	<b>Areal (%)</b>
<i>Bolig</i>	144	50,4 %	18	6,1 %
<i>Sentrum</i>	0	0,0 %	0	0,0 %
<i>Tjenesteyting</i>	4	1,3 %	12	4,0 %
<i>Næring</i>	4	1,3 %	0	0,0 %
<i>Andre utbyggingsformål</i>	27	9,6 %	1	0,4 %
<i>Samferdsel</i>	63	21,9 %	0	0,0 %
<i>Grønt</i>	10	3,4 %	5	1,6 %
<b><i>Delsum Brukt - Fremtidig</i></b>	<b>251</b>	<b>87,9 %</b>	<b>0 35</b>	<b>12,1 %</b>
<i>Landbruk</i>	0	0,0 %		
<b>TOTALT AREAL BRUSAND</b>	<b>286</b>	<b>100,0 %</b>		

## Ogna

<i>Arealbruk</i>	<i>Tatt i bruk</i>		<i>Reserve i fremtidig</i>	
	<b>Areal (daa)</b>	<b>Areal (%)</b>	<b>Areal (daa)</b>	<b>Areal (%)</b>
<i>Bolig</i>	111	28,9 %	22	5,8 %
<i>Sentrum</i>	0	0,0 %	0	0,0 %
<i>Tjenesteyting</i>	35	9,0 %	5	1,2 %
<i>Næring</i>	9	2,4 %	11	2,9 %
<i>Andre utbyggingsformål</i>	26	6,7 %	7	1,8 %
<i>Samferdsel</i>	47	12,3 %	0	0,0 %
<i>Grønt</i>	111	29,0 %	0	0,0 %
<b><i>Delsum Brukt - Fremtidig</i></b>	<b>339</b>	<b>88,3 %</b>	<b>45</b>	<b>11,7 %</b>
<i>Landbruk</i>	0	0,0 %		
<b>TOTALT AREAL OGNA</b>	<b>383</b>	<b>100,0 %</b>		

## Sirevåg

Arealbruk	Tatt i bruk		Reserve i fremtidig	
	Areal (daa)	Areal (%)	Areal (daa)	Areal (%)
Bolig	376	22,6 %	79	4,7 %
Sentrum	0	0,0 %	0	0,0 %
Tjenesteyting	6	0,3 %	7	0,4 %
Næring	159	9,6 %	220	13,2 %
Andre utbyggingsformål	238	14,3 %	5	0,3 %
Samferdsel	104	6,2 %	47	2,8 %
Grønt	399	24,0 %	3	0,2 %
<b>Delsum Brukt - Fremtidig</b>	<b>1 281</b>	<b>77,1 %</b>	<b>360</b>	<b>21,7 %</b>
Landbruk	21	1,3 %		
<b>TOTALT AREAL SIREVÅG</b>	<b>1 662</b>	<b>100,0 %</b>		

## Utenfor tettstedene (hovedkart)

Arealbruk	Tatt i bruk		Reserve i fremtidig	
	Areal (daa)	Areal (%)	Areal (daa)	Areal (%)
Bolig	143	0,1 %	42	0,0 %
Sentrum	0	0,0 %	0	0,0 %
Tjenesteyting	444	0,2 %	11	0,0 %
Næring	518	0,2 %	196	0,1 %
Andre utbyggingsformål	10 371	4,3 %	783	0,3 %
Samferdsel	70	0,0 %	1	0,0 %
Grønt	3 608	1,5 %	0	0,0 %
<b>Delsum Brukt - Fremtidig</b>	<b>15 154</b>	<b>6,3 %</b>	<b>1 032</b>	<b>0,4 %</b>
Landbruk	224 085	93,2 %	95	0,0 %
<b>TOTALT AREAL UTENFOR TETTSTEDENE*</b>	<b>240 366</b>	<b>100,0 %</b>		

\*: Sjø og vassdrag er ikke med i arealene.